

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 05.06.2014
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom 1. etg.
Møtenr.: 2/2014
Innkalling: Faste medlem i kontrollutvalet, Rådmann/økonomiansvarleg og revisor i sakene 11-12/14.

Melding til: Ordførar (møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlem (vert innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064, eller på e-postadresse: arva@sekom.no.

SAKLISTE

09/14 Godkjenning innkalling og sakliste
10/14 Skriv og meldingar.
11/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen.
12/14 Årsrekneskap 2013 – Gloppen kommune.
13/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Gloppen.
14/14 Eventuelt.

Sandane, 28.5.2014

Bjarne Bø (s)
Leiar


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987631554	3705.08.32571

09/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen	05.06.2014	09/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

10/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen	05.06.2014	10/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 02-14: Brev datert 14.2.2014 frå Skatteetaten: Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Gloppen kommune
- SM 03-14: Brev datert 25.3.2014 frå Gloppen kommune: Melding om godkjent årsmelding for 2013 – kontrollutvalet i Gloppen. Sak 003/14 i kommunestyret 24.3.2014..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet vurderer om det er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, eller om det skal gjevast ein kommentar til det enkelte skriv. Viss ikkje vert skriv og meldingar teke til orientering.



Skatteetaten

Saksbehandlar
Anders Hansen

Dykkar dato

Vår dato
14.02.2014

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2013/148510

SM 02-14

Kommunestyret i Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Gloppen kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsvegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr. : 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
1,7	1,75	1,75

Særskilte merknader til bemanningssituasjonen ved skatteoppkrevjarkontoret: Skatteoppkrevjar skriv i årsrapporten: *"Dei siste åra har antall årsverk til skatteoppkrevjaren gått ned frå 2 årsverk til 1,7 årsverk. Ut frå dei arbeidsoppgåvene skatteoppkrevjaren er pålagt er dette i minste laget. Skatteoppkrevjaren vil likevel sei at arbeidet i 2013 er gjennomført tilfredsstillande."*

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Gloppen kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 577 334 125 og uteståande restansar² på kr 7 636 778, av dette krav stilla på vent kr 1 665 512. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Gloppen kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	14,1	98,7	96,5	97,0	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	77,5	100,0	99,9	99,9	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	41,8	99,9	99,5	100,0	99,3
Forskotstrekk 2012	192,1	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	100,7	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	10,0	99,9	99,5	100,0	92,7

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune er ikkje med i noko interkommunalt kontrollsamarbeid. Alle kontrollane er gjennomført av tilsett ved skatteoppkrevjarkontoret.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids- gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
334	17	16	4,8 %	5,0 %	5,0 %	4,2 %

Særskilte merknader til arbeidsgjevarkontrollen: Skatteoppkrevjar skriv i årsrapporten: "Skatteoppkrevjaren i Gloppen hadde planlagt 17 kontrollar i 2013. Dette var lik krav til antall kontrollar. Vi har gjennomført 16 kontrollar, som er ein mindre en kravet. Den 17. kontrollen vart noko meir tidkrevjande enn det som var planlagt og vart derfor ikkje ferdig i 2013."

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Det vart ikkje gjeve pålegg og tilrådingar etter kontorkontrollane.

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekket vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, og i omfang er utført tilnærma i samsvar med målkravet då det er utført 4,8% kontrollar mot eit krav på 5%.

6. Ytterlegare informasjon


Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar.

Skatt vest gjennomførte møte med skatteoppkrevjarane i Sogn og Fjordane 19. september 2013 der temaet var framtidig samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen. Gloppen kommune var representert ved rådmann og skatteoppkrevjar.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Gloppen kommune
- Skatteoppkrevjaren for Gloppen kommune
- Riksrevisjonen

SM 03-14



GLOPPEN KOMMUNE
SERVICETORGET

SEKOM-sekretariat
Postboks 338

6802 FØRDE

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
25.03.2014	
J.nr.	2 07/14
Sakshana	Arkiv
U.off. etter	

Att: Audhild Ragni Vie Alme

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
14/4300

Dato

25.03.2014

Melding om godkjent årsmelding for 2013 - kontrollutvalet i Gloppen

Kommunestyret i Gloppen godkjende på møtet i går kontrollutvalet si årsmelding for 2013 utan merknader.

Eg legg ved kopi av møteboka i saka.

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef
tlf. 476 21 981

Dette brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
214455 Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.03.2014	003/14

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 004	Arkivsaknr.: 14/138-4
---	-----------------------	--------------------------

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
214451 Sak 04/14 - årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Gloppen behandla si årsmelding for 2013 i møtet den 5. februar i år, sak 4/14.

Årsmeldinga ligg ved saman med kontrollutvalet si behandling av saka.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Årsmeldinga 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.

24.03.2014 KOMMUNESTYRET

Leiar i kontrollutvalet, Bjarne Bø, orienterte.

003/14 VEDTAK:

Årsmeldinga 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.

Vedtaket var samrøystes.

11/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen Formannskapet Kommunestyret	05.06.2014	11/14	Nei Nei Ja

Saksvedlegg.

Rapport forvaltningsrevisjon frå Kommunerevisjonen i Nordfjord: Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

RSK001.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Kommunestyret ber administrasjonen følge opp tilrådingane i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 15.11.2014.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Saksutgreiing

Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport nr. 2.2-01-021 Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

"Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)."

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

"Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet *"Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunal eigedomsmasse"* vart vedteken i kontrollutvalsmøte 22.08.2013 sak 18/13.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har levert rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet 5.5.2014.

Revisor har på side 4 i rapporten kome med anbefalingar i høve til funna i rapporten.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann er innkalla til møte, og det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret. Vedrørende forvaltningsrevisjonsrapportar kan dette skje på fleire måtar. I og med at revisor har konkrete tilrådingar tilrår sekretariatet at kontrollutvalet sender rapporten til kommunestyret for handsaming.



**Kommunerevisjonen
i Nordfjord**

Rapport forvaltningsrevisjon

**Vedlikehold av kommunal eideomsmasse
i Gloppen kommune**

*Rapport nr.
2.2-01-021*

2014



Forord

Denne rapporten er tinga av kontrollutvalet i sak 018/13 som del av «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015», vedteken av kommunestyret i Gloppen i sak 080/12.

Vi ønskjer å takke alle som har bidrege med informasjon i samband med prosjektgjennomføringa.

Prosjektet er gjennomført av forvaltningsrevisor Gunnar Ryste.

Kommunerevisjonen legg med dette fram sin rapport.

Den 29. april 2014



Markvard Sunde
Revisjonssjef



Gunnar Ryste
Revisjonskonsulent

Innhold

Forord.....	2
Samandrag.....	4
1 Bakgrunn for prosjektet.....	5
2 Problemstillingar	5
3 Metode.....	5
4 Revisjonskriterium	6
5. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygningar?.....	7
5.1 Det bør ligge føre politisk vedtekne mål for vedlikeholdet av kommunale bygningar	8
6 I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygningar?.....	9
6.1 Det bør ligge føre tilstandsvurdering av dei kommunale bygningane	9
6.2 Det bør ligge føre vedlikehaldsplanar som byggjer på tilstands-vurderingane.....	10
6.3 Prioriterte brukarbehov bør tilfredsstillast	10
6.4 Det bør vere klar ansvars- og rolledeling.....	11
7 På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?.....	13
7.1 Det bør rapporterast jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling når det gjeld vedlikehold av kommunale bygningar	13
8 Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikeholdet?.....	14
8.1 Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehold bør over tid tilfredsstillast normalt for verdibevarande vedlikehold	14
9.1 Høyringsuttale frå administrasjonssjefen.....	19
9.2 Revisjonens kommentarar til administrasjonssjefens uttale.....	20
Referansar	21
Vedlegg	22

Han skal tekke husene vel og holde dem dråpeslause, og vedlikeholde torvtak, vindskier og rafter slik at det ikkje kommer fuktighet på veggene. Om husene blir vedlikeholdt slik, kan leilendingen ikke gjøres ansvarlig for at hus eldes. Men lar han et hus råtne ned av vanrøkt, må han bygge et nytt i stedet.

Sitat frå Magnus Lagabøters landslov frå 1276.

Samandrag

Mål og strategiar

Gloppen kommune har formulert vedlikehald av anlegg og bygningar som ei overordna målsetting i gjeldande kommuneplan og økonomiplan. Målformuleringa er likevel ikkje tilstrekkeleg operasjonalisert i målhierarkiet. Kommunen har ikkje politisk vedteken strategi for vedlikehaldsområdet.

Det er ikkje konkrete krav om å utarbeide mål og strategiar for eigedomsforvaltninga, men det er neppe unaturleg å gjere det for ein målstyrt organisasjon med stor bygningsmasse til høg verdi.

Det er viktig at eventuelle mål for vedlikehald er politisk vedtekne, då det er kommunestyret som er formell eigar av eigedomsmassen.

System for planlegging og styring

Eigedomsavdelinga har etter våre vurderingar eit godt faktabasert system for identifisering av vedlikehaldsbehovet på bygningsmassen. Eigedomsavdelinga disponerer datasystem som bidrar til effektiv arbeidsflyt og strukturert informasjon om bygningsmassens tilstand og vedlikehaldsbehov.

Vi vurderer det slik at forholda ligg til rette for å kunne ha eit godt prioriterings- og budsjetteringsgrunnlag.

Rapportering

Det er viktig at tilstrekkeleg relevant informasjon blir gitt til kommunestyret, slik at det øvste kommunale styringsorganet kan gjere sine vedtak på eit tilstrekkeleg opplyst faktagrunnlag. Rapporteringa av styringsinformasjon til politisk nivå skjer gjennom kommuneplan, økonomiplan, samt tertial- og årsrapportering.

Økonomiske rammeføresetnader

Vi har sett nærmare på kommunens vedlikehaldsutgifter per kvadratmeter i forhold til normalt for verdibevarande vedlikehald som er mykje brukt innanfor fagområdet. Dei normmodellane vi har sett på er stort sett samde om at det bør budsjetterast med om lag 100 kroner per kvadratmeter per år for å halde bygningsverdien ved like sett i eit livsløpsperspektiv. For perioden 2008 til 2013 varierer dette måltalet for Gloppen mellom 19 kroner i 2009 til 240 kroner i 2013.

Anbefalingar:

- Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel.
- Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.
- Det bør utarbeidast avtaler som regulerer ansvarstilhøva mellom eigedomsavdelinga og dei einskilde brukarar av kommunalt disponerte bygningar.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide ein politisk forankra strategi for realkapitalforvaltning.
- For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit vedlikehaldsfond.
- Kommunen bør vurdere ei trinnvis implementering av kvalitetsstandard NS-INSTA 800 for sikring og måling av kvalitetsnivået på reinhald, parallelt med at dataverktøyet «Renplan» tas i bruk.

1 Bakgrunn for prosjektet

Den 1. oktober 2012 vedtok kommunestyret i Gloppen «Plan for forvaltningsrevisjon» for perioden 2012 – 2015. Kontrollutvalet gjorde i sak 013/13 vedtak om å endre rekkefølja på prosjekta i denne planen. I samsvar med dette vedtaket tinga kontrollutvalet prosjektet «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune» i sak 018/13.

I følgje kommunens eigne tal for 2013 eig Gloppen ein bygningsmasse på om lag 45 000 m², og denne har ein forsikringsverdi på nær 1 milliard kroner. I denne verdien er ikkje kommunens eigardel i Trivselshagen IKS med.

«Føremålsbygg» er gjerne kjenneteikna ved at det er vanskeleg å skaffe alternative lokale som passar for det formålet bygningen er spesielt konstruert for. Å skaffe eit alternativt lokale vil derfor anten måtte skje gjennom eit nytt bygg eller ei svært omfattande ombygging av annan bygningsmasse. Kommunens føremålsbygg er derfor heller ikkje lett omsettelege i utleigemarknaden.

2 Problemstillingar

Følgjande problemstillingar er søkt svara på i rapporten:

1. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygningar?
2. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygningar?
3. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikehaldet av kommunale bygningar til politisk nivå?
4. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehald?

Avgrensing

Prosjektet er avgrensa til systemnivå. Det blir sett fokus på kommunens *styringsystem* for vedlikehald av kommunale bygg og dei økonomiske rammeføresetnadene.

Det ligg utanfor mandatet å vurdere den verdimessege tilstanden til bygningsmassen.

3 Metode

Revisjonsstandard «RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon» er lagt til grunn i arbeidet med prosjektet.

Vi hadde eit møte med rådmannen og leiar for eigedomsavdelinga 05.12.2013, og har etter dette gjennomført dokument- og rekneskapsanalyse, intervju og nettbasert spørjeundersøking.

Når det gjeld vedlikehald har vi henta informasjon frå brukarar av tenestebygga og vaktmeistertenesta. Dei aller fleste tenestebygga i kommunalt eige er dekt i spørjeundersøkinga. Tenester som blir utført i leigde bygg er såleis ikkje med.

Innanfor brukarnivået er tenesteleiarane valt ut som respondentar (rektorar, styrarar og einingsleiarar). På bakgrunn av dette er 17 tenesteleiarar valt ut som respondentar på brukarsida. Det er kome inn 16 svar, noko som gir ein svarprosent på 94.

Vaktmeistrane representerer det operative forvaltnivået, og her har svarprosenten vore 100.

Når det gjeld reinhaldstenesta har vi henta inn informasjon frå driftsleiar reinhald og kommunestyresak 068/13 «Vurdering av reinhaldstenesta i Gloppen kommune».

Spørjeundersøkinga vart sendt til 24 respondentar og hadde ein svarprosent på 96. Spørjeskjema og innkomne svar ligg som vedlegg til rapporten.

For å svare på problemstilling 4 om dei økonomiske rammeføresetnadene for vedlikehold av dei kommunale bygga, har vi nytta KOSTRA-tal for å illustrere korleis kommunen har prioritert ressursar til ordinært vedlikehold dei siste seks åra. KOSTRA-tal for føremålsbygg blir samanlikna med normal for godt, verdibevarande vedlikehold.

Førebels rapport blei sendt til administrasjonen for uttale 31.03.2014. Høyringsuttale vart motteken 29.04.2014 og ligg ved denne rapporten under kapittelet «Høyring» (side 19).

4 Revisjonskriterium

For å kunne svare på problemstillingane må kommunen sin praksis målast opp mot kjende kriterium for kva som reknast som god praksis. Det ligg ikkje føre absolutte krav til system for planlegging og styring, då desse blir tilpassa spesifikke tilhøve og behov i den einkilde kommune. Våre vurderingar har derfor teke utgangspunkt i dei kvalifiserte tilrådingane som går fram av NOU 2004:22 («Velholdte bygninger gir mer til alle - Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren».

Utvalet som står bak den nemnde offentlege utgreiinga blei oppnemnd i statsråd i november 2003 og fekk mellom anna i oppgåve å «stille opp kriterier for god eiendomsforvaltning»¹. Bakgrunnen for oppnemninga var fleire uavhengige rapportar og medieoppslag som dokumenterte eit synleg forfall av offentlege bygg. Tilstanden til dei offentlege bygga kom i fokus, og behovet for betre planlegging og styring av vedlikeholdet gjorde det naudsynt å definere innhaldet i omgrepet «god eignedomsforvaltning».

Utvalet definerte omgrepet slik:

«God eiendomsforvaltning er å gi brukerne gode og effektive bygg til lavest mulig kostnad. Dette innebærer å skape best mulige rammevilkår for brukernes virksomhet over tid.»

Gloppen kommune har valt dette som sin visjon for forvaltning av kommunal eigedom.²

For å oppnå dette, meinte utvalet at følgjande element bør vere på plass:

- «1. Det foreligger overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen
 2. Det foreligger et rasjonelt system for planlegging og styring av eiendomsforvaltningen
- Generelle delkriterier:*
- 2.1 Tilfredsstillende prioriterte brukerbehov
 - 2.2 Effektiv arealutnyttelse
 - 2.3 Godt, verdibevarende vedlikehold
 - 2.4 Kostnadseffektiv eiendomsforvaltning
 - 2.5 Målrettet utvikling av eiendommens kvaliteter
 - 2.6 En hensiktsmessig organisering av eiendomsforvaltningen
 - 2.7 Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter
3. Lovpålagte krav overfor eier og bruker blir ivaretatt.»

¹ Velholdte bygninger gir mer til alle, NOU 2004:22.

² «Eigedomsavdelinga 2013 – Kven er vi og kva driv vi med?» (20.08.2013).

Vurderingane i denne rapporten bygger på dei kriterium for god eigedomsforvaltning som det regjeringsoppnemnde utvalet har anbefalt.

Vi gjer merksam på at dei nemnde kriteria berre representerer normer for det utvalet oppfattar som god praksis (normativ praksis), og er såleis ikkje rettsleg bindande.

Vi har valt å definere slike *kriterium fordelt på dei fire problemstillingane*:

- I. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygningar?
Det bør ligge føre **politisk vedtekne mål** for vedlikeholdet av kommunale bygg i Gloppen kommune
- II. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygningar?
Det bør ligge føre **tilstandsvurdering** av dei kommunale bygga
Det bør ligge føre **vedlikehaldsplanar** som byggjer på tilstandsvurderingane
Prioriterte **brukarbehov** bør tilfredsstillast
Det bør vere ei klar **ansvars- og rollefordeling**
- III. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?
Det bør **rapporterast** jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling for kommunale bygg
- IV. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehold?
Kommunens **økonomiske ressursbruk** til bygningsvedlikehold bør over tid tilfredsstillast for verdibevarande vedlikehold

5. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygningar?

Vedlikehold er ein del av eigedomsforvaltninga og omgrepet «eigedomsforvaltning» femner følgjande hovudaktivitetar i den kommunale bygningsforvaltninga (FDVU)³; *forvaltning, drift, vedlikehold og utvikling*.

Forvaltning

Forvaltning omfattar alle oppgåver knytt til leing og administrasjon av ein eigedom. Dette gjeld budsjett og rekneskap, planarbeid, personalleing, ansvar for helse, miljø og tryggleik (HMT) og andre forhold som er regulert gjennom lov og forskrift. Det femner også om kostnadar som ikkje er avhengige av byggets bruk, som utgifter til forsikring, skattar og faste avgifter.

Drift

Drift omfattar alle oppgåver og rutinar som er nødvendige for at bygningen skal fungere best mogleg funksjonelt, teknisk og økonomisk. Dette omfattar generell drift og ettersyn av bygningsdelar og

³ «Livssyklus kostnader for bygninger», 2007, Svein Bjørberg, Anders Larsen, Håkon Øyseth og heimesida til Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA), <http://www.ka.no/arbeidsliv/kirkebygg/drift-og-vedlikehold/fdvu>.

installasjoner, styring av energibruk og inneklima, reinhold, avfallshandtering, vakt og sikring; kort sagt dei tenestane og rutine som må utførast til dagleg for å tilfredsstille brukarane sine behov.

Vedlikehold

Vedlikehold er oppgåver som er nødvendige for å oppretthalde eit fastsett kvalitetsnivå for bygningen og dei tekniske installasjonane og dermed sikre at bygningen som heilhet fungerer etter hensikta. I praksis vil dette innebere ein gradvis kvalitetsheving ved at eldre bygningsdeler og komponentar (til dømes varmeomnar og vindauge) vert skifta ut med nye av høgare kvalitet. Slik utskifting opp til dagens standard blir definert som verdibevarande vedlikehold.

Det er vanleg å skilje mellom førebyggjande og løpande vedlikehold. Førebyggjande (verdibevarande) vedlikehold er arbeid som blir utført for å hindre forfall som følgje av jamn og normal slitasje. Dette er planlagde, periodiske vedlikeholdstiltak som har ein preventiv effekt mot seinare reparasjonar og skader. Løpande (tilfeldig) vedlikehold omfattar arbeid som ikkje er planlagt, men som må utførast for å rette opp uføresette (akutte) skader eller manglar, til dømes på grunn av uvær, hærverk, brot på kablar osv.

Utvikling

Utvikling omfattar arbeid som fører til oppgradering eller utvikling av eit bygg, dvs. at bygningen aukar sin verdi gjennom tilpassing til nye krav frå brukarar og myndigheiter. Dette bidreg til å forlengje bygningens tekniske, funksjonelle og økonomiske levetid.

5.1 Det bør ligge føre politisk vedtekne mål for vedlikeholdet av kommunale bygningar

Data

Kommunen har teke inn målsetting om å «halde ved like anlegg og bygningar» i kommuneplanens samfunnsdel⁴.

Gloppen kommune har såleis ei politisk forankra målsetting om at kommunens eigedomsmasse skal haldast ved like. Kommuneplanens samfunnsdel er kommunens overordna styringsdokument for kommunen si utvikling, og her finn vi status, utfordringar, mål og strategiar for dei komande 12 åra. Ved å sette seg strategiske mål for den kommunale eigedomsmassen, blir såleis eigedomsforvaltninga vurdert som ein strategisk innsatsfaktor for at kommunens tenestemål skal nåast.

Kommunen disponerer dataverktøyet «Renplan». Dette programmet inneheld modular for plan og drift, samt ein kvalitetsmodul som gir enklare kontroll mot kvalitetsstandarden INSTA 800⁵.

Vurdering

Kommunens overordna målsetting om å «halde ved like anlegg og bygningar» er lite presis.

Målformuleringa seier ikkje noko om det er dagens nivå på bygningsmassen som skal oppretthaldast eller om det er andre kvalitetsnivå som skal gjelde. Ho er ikkje forpliktande på ein målbar måte, og det kan derfor vere behov for å vedta målbare kriterium for vedlikeholdet som administrasjonen skal planlegge og arbeide etter. Vi meiner at ei slik konkretisering vil skape felles forståing for kva som kan forventast av vedlikehold, og vil virke som ei forpliktande rettesnor for alle aktørane (eigar, forvaltar og brukar).

Som eit døme kan kommunen definere eit målbart ambisjonsnivå for dei kommunale bygningane.

Tilstandsgrad kan vurderast brukt som ein målvariabel.

Reinholdsdelen av eigedomsavdelinga har 21 reinholdarar (13,6 årsverk), og representerer såleis ein vesentleg del av dei totale FDV-kostnadane. Gjennom ei gradvis innføring av kvalitetsstandarden for

⁴ «Kommuneplan for Gloppen kommune 2008-2020, samfunnsdelen», side 4.

⁵ Dette er eit målesystem for vurdering av rengjeringskvalitet, og vart første gong utgitt i oktober 2000. Denne offentlege godkjente standarden er felles for dei nordiske landa og er utarbeidd på grunnlag av den Europeiske standarden NS - EN 13549 "Rengjering - Grunnleggende krav og anbefalingar for målekvalitet".

reinhold og dataverktøyet «Renplan» vil kommunen i større grad kunne dokumentere reinholdskvaliteten ved bruk av visuelle og instrumentelle målingar.

Konklusjon og anbefaling

Etter vår meining har ikkje kommunen i tilstrekkeleg grad operasjonalisert sine mål eller utvikla strategiar for korleis måla skal nås.

Kommunen bør operasjonalisere målsettinga for å gjere ho meir målbar og forpliktande. Det bør utviklast ein strategi for korleis målsettinga skal nås.

Vi anbefalar kommunen å implementere kvalitetsstandarden NS-INSTA 800 og vidareføre bruken av dataverktøyet «Renplan» for å bevege seg i retning av eit kvalitetsstyrt reinhold.

6 I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygningar?

Eit godt vedlikehald av bygningar avheng av

- god oversikt over vedlikehaldsbehovet, og
- gode system for gjennomføring av vedlikehaldet.

Den kommunale organiseringa av ansvars- og rolledeling må vere klart formulert og praktisert for å bidra til effektiv og god ressursbruk. Eigeomsforvaltningsutvalet⁶ uttaler at «erfaringer viser til at uklare forhold når det gjelder forvaltnings- og vedlikeholdsoppgaver, i mange tilfeller fører til at oppgaver ikkje blir utført, og til konflikter om kven som har ansvaret». Som konsekvens av dette foreslo utvalet å organisere eigeomsforvaltninga etter den rollemodellen som vi har prøvd å skissere i figuren under:

Rolle	Aktør	Funksjon/ansvar
Eigar	Kommunestyret	Eigeomsrett, huseigaransvar, oppdragsgjevar
Forvaltar	Driftsavdeling/administrasjon	Utøve drift, vedlikehald og forvaltningsoppgåver på vegne av eigar
Brukar	Disponerande tenesteeining	Disponere bygg i samband med utøving av respektiv tenesteyting

Figur 1: Eigar-, forvaltar- og brukarrolla

Det er forholdet til bygget som definerer den einkilde aktør si rolle.

6.1 Det bør ligge føre tilstandsvurdering av dei kommunale bygningane

Data

Tilstandsvurderingane vert gjennomført med utgangspunkt i sjekklister som ligg i datasystemet IK-Bygg. *IK-Bygg* er eit internkontrollsystem som synleggjer dei einkilde bygga sin tilstand og skaderisiko. Systemet inneheld definisjonar for tilstandskode, vedlikehaldsprioritet og ansvarskode.

Følgjande fire tilstandskoder er i bruk:

- 1: heilt i orden/ikkje relevant
- 2: oppfyller forskrifta (grønt lys)
- 3: merknad (gult lys)
- 4: avvik (raudt lys)

Tilstandskodane er fargekoda i den tilstandsoversikta som IK-Bygg produserer. Ei slik visualisering av bygningstilstanden er med på å gjere vedlikehaldsbehovet tydelegare.

⁶ NOU 2004:22, s. 39

Vurdering

Dei databaserte systema som kommunens eigedomsavdeling disponerer representerer etter vår meining ein rasjonaliserings- og effektiviseringsvinst i arbeidsutføringa.

Konklusjon og anbefaling

Gjennom dei tilstandsoversiktene som eigedomsavdelinga produserer, vert status og utfordringar for den kommunalt eigde bygningsmassen dokumentert på ein god måte.

Vi har ingen særskild anbefaling.

6.2 Det bør ligge føre vedlikehaldsplanar som byggjer på tilstands- vurderingane

Data

Eigedomsavdelinga disponerer følgjande dataverktøy i sitt arbeid:

- V-Pro
- IK-Bygg

V-Pro er eit web-basert system som gjer det mogleg å nytte digital kommunikasjon mellom eigedomsavdelinga og brukarane av bygga i samband med drifts- og vedlikehaldsarbeidet. Ved hjelp av funksjonar for tilstand, vedlikehaldsplan og arbeidsordre kan eigedomsavdelinga prioritere arbeid og disponere personalressursar på ein effektiv måte.

Gloppen kommune lager vedlikehaldsplanar basert på identifisert/avdekka vedlikehaldsbehov. Vedlikehaldsplanane er prioritert og kostnadsestimert. Kostnadsoverslaget vert fordelt på åra i økonomiplanperioden.

Kommunen har innarbeidd vedlikehaldsplan (verbal del) i økonomiplanen⁷

I eit temahefte frå KoBE berekna på folkevaldoppløringa blir det uttalt at

«systematikken rundt arbeidet med kommuneplan og økonomiplan bidrar også til å sette investeringer og FDVU-kostnader⁸ i et langsiktig perspektiv, som bundne utgifter knyttet til ansvarlig eierskap og opprettholdelse av bruksverdien av bygninger»⁹.

Vurdering

Grunnlaget for kommunens vedlikehalds-/tiltaksplanar er identifiserte avvik . Dette skjer i samband med periodiske/planlagde kontrollar eller på grunnlag av arbeidsordre og avdekte behov gjennom eksterne tilsyn.

Konklusjon og anbefaling

Vi vurderer det slik at kommunen har tilfredsstillande planar for vedlikehold av bygningsmassen, og vi har ingen spesielle anbefalingar i forhold til dette kriteriet.

6.3 Prioriterte brukarbehov bør tilfredsstillast

Data

Eigedomsavdelinga identifiserer hovudsakleg vedlikehaldsbehovet på dei kommunale bygningane på følgjande måtar:

⁷ Økonomiplan 2014-2017, side 80

⁸ FDVU: omgrep som står for Forvaltning, Drift, Vedlikehold og Utvikling.

⁹ God kommunal eiendomsforvaltning. Fordypning for folkevalgte, side 15.

- Brukarane av bygningane rapporterer om behov
- Vaktmeistrane registrerer behov
- Behov blir påpeika i samband med vernerundar
- Manglar og avvik blir påpeika i samband med eksterne tilsyn (arbeidstilsyn, eltilsyn o.l.)

Søknadar om tiltak basert på identifiserte behov frå vernerundane skal behandlast av arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Det ligg dessutan sjekklister i dei datasystema som eigedomsavdelinga nyttar.

FDV-systemet V-Pro har funksjonar som gjer det mogleg for brukarar av bygningane å melde inn behov til driftsavdelinga. Ut frå signaliserte behov frå brukarar kan eigedomsavdelinga gjennomføre synfaring og vurdere eventuelle tiltak.

Vurdering

Modulen «arbeidsbok» i det web-baserte systemet V-Pro gjer det enklare for brukarane å melde inn sine behov til driftsavdelinga. Brukartilfredsheit er eit viktig kriterium på god eigedomsforvaltning, og oppfylting av brukarbehov bør derfor vere eit sentralt mål å arbeide mot.

Den brukarretta spørjeundersøkinga viser at 56% - eller 9 av 16 respondentar – er heilt eller delvis samd i utsegna «Eg er godt nøgd med vedlikehaldet av «mitt/mine» bygg, medan 31% - 5 av 16 respondentar – er heilt eller nokså usamd.

Berre 14% meiner likevel at opplevde manglar ved vedlikehaldet verkar negativt inn på den/dei tenestene som vert utført i bygget/bygga.

Konklusjon og anbefaling

Vi vurderer det slik at kommunen har organisert gode rutinar for registrering og prioritering av brukarane sine melde behov for vedlikehold av bygningane.


6.4 Det bør vere klar ansvars- og rolledeling

Data

For at kommunestyret skal kunne utøve sitt eigaransvar på ein god måte, må det ligge føre eit administrativt styringssystem som jamleg *identifiserer*, *vurderer* og *kommuniserer* tilstanden og vedlikehaldsbehovet til dei kommunale bygga. Som eigedomsforvaltar bør administrasjonen i kommunen på bakgrunn av periodiske *tilstandsvurderingar* utarbeide *vedlikehaldsplanar/tiltaksplanar*.

I Gloppen kommune er eigedomsavdelinga organisert innanfor kommunens sentrale administrasjon (sektormodellen). Avdelinga har det administrative og faglege ansvaret for eigedomane i kommunen. Vaktmeistar- og reinhaldstenesta er organisatorisk knytt til eigedomsavdelinga i kommunen. Vaktmeistrane arbeider delvis i team og delvis åleine mot ei tildelt bygningsportefølje. Kommunen disponerer 7 vaktmeistrar (6,5 årsverk) og 21 reinhaldarar (13,6 årsverk), i alt 28 stillingar. Ansvarstilhøva mellom brukar og eigedomsavdelinga er ikkje dokumentert gjennom brukaravtaler.

Kommunen si organisering av eigedomsforvaltninga følgjer rollemodellen *eigar*, *forvaltar* og *brukar* når det gjeld definisjon av funksjons- og ansvarsområde.



Figur 2: Roller og nivå i eideomsforvaltinga¹⁰

Eigarrolla

Økonomisk og rettsleg ansvar for kommunal bygningsmasse ligg til kommunestyret så lenge eigedomsretten ikkje er overdradd til kommunalt selskap som er egen juridisk person. Til eigarskapsrolla ligg også oppdragsgjevar-ansvaret overfor forvaltar og ansvar overfor brukarane av bygga.

Forvaltarrolla

Driftsavdelinga har ansvaret for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Dette skjer på vegne av kommunestyret som eigar.

Brukarrolla

Denne rolla har dei som nyttar dei kommunale bygningane som fysisk ramme for si tenesteyting. Det er likevel ikkje tette skott mellom dei forskjellige rollene. Kombinasjon av roller oppstår fordi både den politiske eigaren og administrasjonen med sitt forvaltaransvar har ansvar for tenesteproduksjonen. Vedlikehaldsprosessen er såleis funksjons- og nivådelt i forhold til roller og ansvar. Det *strategiske nivået* vedtek mål og ambisjonar for bygningsvedlikehaldet og dei økonomiske rammene for å nå måla. På det *taktiske nivået* blir vedlikehaldet sett inn i ei overordna økonomistyring (økonomiplanen), og det er i denne planleggingsfasen dei administrative føringar for prioritering av vedlikehaldet skjer. På det *operative nivået* blir nødvendig Styringsinformasjon samla inn som grunnlag for utvikling og justering av vedlikehaldsplanane sett i høve til det faktiske behovet.

Planlegging av vedlikehald skjer i samsvar med den omtalte rollemodellen og innanfor kommunen sitt administrative plansystem.

Vurdering

Dagens organisering av eigedomsdrifta som ein integrert del av kommunen som rettssubjekt, gir eit sterkare grunnlag for direkte politisk styring enn ei organisering etter selskapsrettslege styringsprinsipp¹¹

Alternativ organisering av eigedomsforvaltning kan om ønskjeleg inngå som tema i ein kommunes strategiske planlegging. Døme på alternativ organisering kan vere:

- Interkommunalt samarbeid
- Intern husleigeordning
- Eigarskap eller leige av bygningar

Praktiseringa av rolle- og ansvarstilhøva skjer etter vår vurdering på ein god måte. Vi ser det likevel som viktig at rolle- og ansvarstilhøva blir klarare definert gjennom skriftlege avtaler mellom eigedomsavdelinga og brukarane av dei kommunalt disponerte bygningane.

Konklusjon og anbefaling

Rolle- og ansvarstilhøva bør definierast og regulerast gjennom brukaravtaler.

¹⁰ NOU 2004:22, side 30.

¹¹ «Om organisering av kommunal og fylkeskommunal virksomhet», NOU 1995:17, side 108.

7 På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?

Informasjon om bygningsmassens tilstand, behov for vedlikehold og måloppnåing må kommuniserast til kommunestyret for at dette organet kan utøve sitt eigaransvar. KS har laga ein eigen rettleiar til rådmenn og folkevalde¹², der behovet for kommunikasjon blir omtalt på følgjande måte:

«Det som kjennetegner kommunene som får til et godt vedlikehold er god kommunikasjon mellom kommunestyret som folkevalgt eier, formannskapet som operativ eier og eiendomsforvalteren. Det vil si at eiendomsforvalteren får anledning til å rapportere om tilstand, utfordringer og muligheter knyttet til eiendommene. De folkevalgte må på sin side stille krav til god forvaltning og rapportering som gir oversikt og grunnlag for politisk diskusjon og prioritering.

Det første skrittet i utviklingen av en god eiendomsforvaltning bør uansett være å etablere et godt folkevalgt eierskap gjennom god rapportering og kommunikasjon mellom eiendomsforvalteren og de folkevalgte.»

«Kommunestyret må gi forvalter i oppgave å rapportere i hvilken grad bygningene og de offentlige kravene er tilfredsstillt. Rapporteringen må også inneholde forslag til tiltak.»¹³

7.1 Det bør rapporterast jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling når det gjeld vedlikehold av kommunale bygningar

Data

Informasjon

I kommunane blir vedlikehold bokført etter anordningsprinsippet, dvs. når kjøpet er kjent. Dersom vedlikehold ikkje blir gjennomført, vil ikkje dette kome fram i rekneskapen. Rekneskapen åleine er såleis ikkje tilstrekkeleg til å vurdere kommunens vedlikehaldsaktivitet.¹⁴

Prioriteringsindikatorar i KOSTRA kan mellom anna seie noko om kor mykje ressursar som vert stilt til rådvelde.

IK-Bygg og V-Pro produserer rapportar som dokumenterer tilstandsoversikter, vedlikehaldsplanar og estimerte utbetningskostnader.

Rapporteringa av styringsinformasjon til politisk nivå skjer i dag gjennom kommuneplan, økonomiplan, samt tertial- og årsrapportering.

Kommunikasjon

Kommunestyret er juridisk eigar av dei kommunale bygningane. Som eigar har kommunestyret ansvar for å utforme og vedta mål og rammer for kommunens HMT-arbeid. Rådmannens ansvar består i å utføre ettersyn og vedlikehold i samsvar med utarbeidde rutinar.

Vurdering

Det er viktig at kommunestyret som formell eigar av dei kommunale bygningane får tilstrekkeleg og relevant informasjon før dette øvste styringsorganet gjer sine vedtak.

Utan tilstrekkeleg rapportering mister kommunestyret nødvendig innsikt til å gjere vedtak for å rette opp avvik i forhold til verdibevaring og lovpålagte krav til tryggleik .

Tilstandsrapportering kan til dømes gjennomførast ved utskrift frå IKT-systemet IK-Bygg.

¹² KS 2009 Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn, side 4 og 11.

¹³ Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn, side 7 (KS, 2009)

¹⁴ Kommunal Rapport nr. 19/2010

Dårleg vedlikehold på ein sjukeheim eller skule får gjerne først fokus når bygningstilstanden begynner å få negativ innverknad på tenesteytinga (brukareffekt). I følgje spørjeundersøkinga meiner likevel berre 2 av 14 (14%) at dette er tilfelle i dag.

Konklusjon og anbefaling

Administrasjonen bør jamleg rapportere til kommunestyret som eigarorgan om tilstand og risikotilhøve i kommunale bygningar.

8 Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehaldet?

Budsjetterte vedlikehaldsutgifter må over tid vere tilstrekkeleg til å oppretthalde bygningsmassen sin verdi. Dette går fram av NOU 2004:22. *Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter*».


8.1 Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehold bør over tid tilfredsstillende normalt for verdibevarande vedlikehold

Data

På bakgrunn av innhenta datagrunnlag blir vedlikehaldsbehovet prioritert av driftsavdelinga og kostnadsbehovet blir stipulert. Dette blir så dokumentert i ein tiltaksrapport som inngår som eit innspel til budsjetthandsaminga i kommunen.

Dei to grafane under viser korleis Gloppen kommune har prioritert vedlikehaldsaktivitetar i 2012 samanlikna med dei andre kommunane i fylket og landsgjennomsnittet:


Utgifter til vedlikeholdsaktivitetar i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter



Figur 3: Utgifter til vedlikehaldsaktivitetar per kvadratmeter i 2012¹⁵

¹⁵ Nøkkeltalsrapport for eigedomsforvaltninga i Sogn og Fjordane, Kommunesektorens organisasjon (2013)

Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter, skolelokaler per kvadratmeter



Figur 4: Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter per kvadratmeter i 2012¹⁶

I følge grafene har Gloppen kommune i 2012 utgifter til vedlikehold godt over snittet for landet.

Tabellen under viser årlege utgifter til vedlikehold per m² kommunale føremålsbygg i Gloppen kommune (i løpande prisar):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Gj.snitt
Barneskule	28	26	41	248	300	352	166
Barnehage	85	37	44	348	300	337	192
Idrettsbygg	0	8	56	60	161	2	48
Kulturbygg	0	-	-	-	85	0,5	14
Institusjonsbygg	24	9	135	145	139	172	104
Administrasjonslokale	1	-1	197	212	231	264	151
Alle føremålsbygg	25	19	83	213	221	240	133


Figur 5: Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter kommunale føremålsbygg.¹⁷

Tabellen over og figuren på neste side viser korleis dei årlege vedlikehaldsutgiftene fordeler seg på føremålsbygga for perioden 2008 til 2012. Sum vedlikehaldsutgifter per kvadratmeter føremålsbygg har variert mellom 19 kroner i 2009 til 240 kroner i 2013. Dette indikerer at vedlikeholdet av kommunale bygningar har vore underfinansiert i første del av analyseperioden. Frå 2011 har vedlikeholdet per rutemeter auka vesentleg og ligg i denne perioden høgt over normal og landsgjennomsnittet. Dei markante svingingane i vedlikehaldsbudsjettet indikerer at dei økonomiske rammene som vert stilt til rådvelde for vedlikehold over tid er lite føreseielege.

Spørjeundersøkinga viser tydeleg at brukarane er kjent med at det er kommuneøkonomien som er grunngevinga for dei tilfelle der den bygningsmessige tilstanden ikkje er god nok. 31% av respondentane hevder at vedlikeholdssituasjonen har forverra seg.

¹⁶ Nøkkeltalsrapport for eideomsforvaltninga i Sogn og Fjordane, Kommunesektorens organisasjon (2013)

¹⁷ Tal i tabellen er henta frå KOSTRAS tabell 4.1 Konsern – Eiendomsforvaltning for utvalgte kommunale formålsbygg.



Figur 6: Utgifter til kommunens vedlikeholdsaktiviteter per kvadratmeter (kjelde: KOSTRA)

I Holte Byggsafe FDV-nøkkel for 2013 er følgende normtal for planlagt vedlikehold oppgitt for eit utval byggekategoriar:

	Planlagt vedlikehold		
	Låg	Middels	Høg
Barneskule	84,77	125,04	196,00
Barnehage	67,66	96,02	151,55
Kulturhus	54,31	79,62	128,34
Sjukeheim	63,66	89,54	141,69
Rådhus	77,92	107,57	165,03

Figur 7: Tabell basert på tal frå Holte Byggsafe FDV-nøkkelen 2013 (tal oppgitt i kr/kvm).

Det er utvikla fleire normtal for verdibevarande vedlikehold. Felles for desse er at dei byggjer på ei rekke føresetnader. Kommunens avvik frå normtal kan skuldast både reell underfinansiering og forskjellar i ein eller fleire variablar som ligg til grunn for normtalet. Slike variablar kan til dømes vere aldersprofilen til dei kommunale bygga, samla bygningsareal og arealfordeling mellom bygningstype eller bygningane sin kompleksitet.

I **rapport fra Elcon og Multiconsult (2001) "Vedlikehold av kommunale bygninger"**, er kr 100 pr. kvadratmeter pr. år oppgitt som et normtal for godt vedlikehold av bygningsmassen.

I **rapport fra FOBE (forum for offentlige bygg og eiendommer) mars 2006**, er det skrive at normtall for vedlikehold bør ligge i området kr 90–115 pr. kvadratmeter (2004 prisnivå u/mva). Slik ressursbruk burde kunne gi tilfredsstillande vedlikehold ut frå opphavleg standard dersom dette ressursnivået er disponibelt over tid..

I rapport fra **Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers (september 2008) "Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde"**, går det fram at:

«estimert nødvendig vedlikeholdskostnad er ca. 170 kr/m² i gjennomsnitt. Beregningene er basert på 60 års levetid på bygg og 6 % kalkulasjonsrente. En levetid/betraktningstid på 30 år vil avkorte behovet for vedlikehold til ca. 100 kr/m² pr år i gjennomsnitt.»

Ifølge Multiconsult «kan disse normtallene bare benyttes i kommuner med en bygningsportefølje bestående av minimum 40 – 50 bygninger».

Gloppen kommune nytter tilstandsbasert budsjettering for bygningsvedlikehold. Behandlinga av vedlikeholdsutgifta i driftsbudsjettet er basert på kartlagde tiltaksbehov, og ikkje på estimerte normtal.

I økonomiplan for 2011 – 2014 står følgjande å lese om tekniske tenester på side 21 og 22:

*«Årsak til auken i sektoren sine utgiftene skuldast stort sett endringar som følgjer eigedomsavdelinga:
- auka energiutgifter, sjølv med tiltak som gir sparing
- etterslep på vedlikehold som ikkje kan finansierast over investeringar»*

«Eigedomsavdelinga skal utarbeide vedlikeholdsplaner for alle kommunale bygga. Skulane skal prioriterast på grunn av pålegg frå arbeidstilsynet.»

I økonomiplan for 2012 – 2015 står følgjande å lese på side 17:

«Framlagd økonomiplan legg til rette for at målsetjingane i kommuneplanen kan nåast, med unnatak om vedlikehold av anlegg og bygningar der behovet er større.»

Det vart derfor avsett ein vedlikeholdspott på 1,5 mil øyremerka til ekstraordinært vedlikehold av kommunale bygg.

Budsjettløyvingar til vedlikehold kan til dømes skje i høve til

- forventa årlege utgifter, og
- like store årlege kostnader inkl. avsetning til/bruk av øyremerkete avsetningar.

Den realkapital som kommunal bygningsmasse representerer kan sjåast på som ein innsatsfaktor i tenesteytinga på linje med arbeidskraft. Kapitalkostnaden vil vere å stille bygningane til disposisjon for den aktuelle kommunale tenesta.

Dei driftsmessige følgjeverknadane av ei investering vil vere å sjå på som ein del av vedtaksgrunnlaget for kommunestyret når forslag til løyving blir behandla. Den samla årskostnad som driftskonsekvensane representerer blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan, men er berre bindande for det vedtekne årsbudsjettet.

Vurdering

Det ligg ikkje føre estimat over storleiken på eit eventuelt teknisk oppgraderingsbehov av den kommunale bygningsmassen. Innanfor vår analysehorisont har det kommunale vedlikeholdsbudsjettet per rutemeter lagt vesentleg lågare enn normtal for god bygningsforvaltning. Sett saman med den sterke auken i vedlikeholdsbudsjettet frå 2011, indikerer dette at det kommunale bygningsvedlikeholdet har vore underfinansiert. Dette synet vert underbygd av kommunens egne vurderingar i økonomiplanane for 2011 og 2012 (jf. 3. avsnitt denne side).

Å utsette vedlikehold gir kommunen auka økonomisk handlefridom på kort sikt, og representerer såleis eit insentiv til å nedprioritere dette arbeidet.

«Vedlikeholdet koster det samme enten det finansieres over driftsbudsjettet eller investeringsbudsjettet. Lite vedlikehold over driftsbudsjettet fører ut fra dette til et etterslep som må tas igjen gjennom mye vedlikehold over investeringsbudsjettet. Hva som er økonomisk mest gunstig kan være vanskelig å si. Skillet mellom driftsbudsjett/regnskap og investeringsbudsjett/regnskap i kommunene gir et uoversiktlig kostnadsbilde for kommunene som forvaltere og eiere».¹⁸

¹⁸ «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger, FOBE, mars 2006.

Sjølv om rehabilitering blir finansiert over kommunens investeringsbudsjett, inneheld slike prosjekt likevel eit element av vedlikehold. Det er både problematisk og upraktisk å skilje mellom drifts- og investeringsutgifter knytt til rehabiliteringsprosjekt. Det er likevel viktig å vere merksam på at eventuelt forsømt vedlikehold (for lite midlar til vedlikehold over driftsbudsjettet) kan bli teke igjen i form av rehabilitering finansiert over investeringsbudsjettet.

Konklusjon og anbefalingar

Kommunen har auka dei økonomiske rammene monaleg dei siste åra for å kompensere for tidlegare års underfinansiering, med det vedlikeholdsetterslepet dette har skapt.

For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit vedlikehaldsfond.

9.1 Høyringsuttale frå administrasjonssjefen

Høyringsuttale frå Gloppen kommune v/rådmannen:

Kap 7.1

Rapportering til eigarorganet.

Kommunestyret får rapportar pr tertial både på investeringsprosjekt og ordinær drift. Frå 2013 skjer oppfølging og rapportering via kommunen sitt resultatstyringssystem «Betre styring». Vi rapporterer tiltak, økonomi og status i gjennomføring. Viss det er ønskjeleg med kommentarar knytt til tilstand og risikotilhøve, kan administrasjonen tilpasse rapportane til dette

Kap 8.1

Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehald.

Samanlikning mellom Gloppen og øvrige kommunar som er omtalte i rapporten, syner at Gloppen har høge kostnader til bygningsvedlikehald. Kostnadene ligg over normtalet. Det er ulike forklaringar på dette:

- Vi budsjetterer i høve til meld behov. Etter omlegging av vår vaktmesterteneste får kommunen utnytta ressursane til vedlikehald av bygningsmasse optimalt. I 2009 blei eigedomsavdelinga oppretta. I løpet av 2010 og 2011 får eigedomsavdelinga det fulle og heile ansvaret for vedlikehaldet og mellom anna blir vaktmeistrane og reinhaldarane no samla i felles eining. Det innebar ei omlegging av arbeidet ved at eigedomsavdelinga blir leverandør og tek imot bestillingar frå øvrige einingar. Dette grepet gjer at vi får fram reelt etterslep/vedlikehaldsbehov som blir utgangspunktet for tiltak, økonomiske prioriteringar og budsjettering. Sidan det dermed er det reelle behovet som er utgangspunkt for budsjett, har Gloppen i åra frå 2011 hatt relativt sett høge kostnader til bygningsvedlikehald.
- Det er ei feilkjelde i talmaterialet frå revisjonen då leigearalet til kommunen, ca 3000 m², ikkje er med i arealgrunnlaget deira. Kommunen sine leigekostnader er derimot med. Det betyr at snittprisen vår pr m² blir noko høgare enn om alt areal hadde vore med.
- Det har vore politisk semje om at vedlikehald av bygningsmassen er viktig. Nivået på vedlikehaldet syner den politiske viljen til å prioritere dette arbeidet.
- Kommunen har mykje gamal bygningsmasse som krev meir vedlikehald enn nyare bygg. For å stette myndigheitskrav må kommunen også gjennomføre systematisk oppgradering av bygg og anlegg. Alder på bygningsmassen går ikkje fram av rapporten og det er derfor muleg å slå fast om dette er eit punkt der Gloppen skil seg frå øvrige kommunar i samanlikninga.

Ut over desse to punkta gir rapporten eit godt bilete av kommunen sitt bygningsvedlikehald og organisering av arbeidet. Rapporten er eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av eigedomsdrifta til kommunen.

9.2 Revisjonens kommentarar til administrasjonssjefens uttale

Revisjonen har følgjande kommentarar til rådmannen sin uttale:

Rapportering til kommunestyret

Administrasjonens tertialrapportering er utegløymt i rapporten. Dette er no retta opp, jf. kapittel 7.1 og samandrag.

Vedlikeholdskostnad per kvadratmeter

Det er korrekt at indikatoren «vedlikeholdskostnad per kvadratmeter» viser litt for høge verdier i rapporten. Som rådmannen peiker på, skuldast dette at vedlikeholdsutgifter knytt til leigd areal er teke med utan at leigearealet er med i utrekninga. For 2013 inneber dette til dømes at rapporten opererer med ein verdi på 240 kroner per kvm, medan verdien skulle ha vore 213 kroner per kvm.

Sidan formålet med desse indikatorane primært er å vise relativ storleik og utvikling over tid, har vi ikkje korrigert tabellane i rapporten for denne feilkjelda. Feilen er ikkje så vesentleg at våre vurderingar vert påverka.

Benchmarkingsanalyse og aldersprofil på bygningsmassen

Alder på bygningsmassen er ein variabel som er kostnadsdrivande. Nøkkeltala i KOSTRA tek ikkje høgde for slike forklaringsvariablar, noko som gjer det vanskeleg å samanlikne kommunar med bakgrunn i dette nøkkeltalet..

Referansar

NOU (2004:22): *Vedlikeholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren.* Kommunaldepartementet, Oslo.

Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers (2008): «*Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde*».

KS (2009): «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn.*»

Statens bygningstekniske etats program for bedre eiendomsforvaltning (KoBE): «*God kommunal eiendomsforvaltning. Fordypning for folkevalgte*»

Kommunal Rapport nr. 19/2010: «*Hvordan synliggjøre vedlikeholdsetterslep i kommunale regnskaper?*» Øyvind Sunde.

KoBE, «*Rapport om eierskap og organisering av eiendomsforvaltning i kommunesektoren*».

Bjørberg, Svei og Anders Larsen, Håkon Øiseth (2007): «*Livssyklus kostnader for bygninger. Innføring og prinsipper*». RIF, NBEF, Multiconsult AS, Oslo.

Statens bygningstekniske etat, Rambøll (2011): «*Spørreundersøkelse. Det politiske eierskap til eiendomsforvaltningen*».

Holte Byggsafe FDV-nøkkelen 2013

Vedlegg 1

Vår skildring av kommunal eigedomsforvaltning generelt og kommunens praksis innan dette fagfeltet bygg på innhenta informasjon der følgjande kjeldetilfang er brukt:

Interne dokument/informasjon

- Organisering av eigedomsavdelinga i Gloppen kommune.
- Oversikter over kommunalt eigde eigedomar.
- Forsikringsoversikt.
- Vedlikehaldsplan for kommunale bygg, jf. økonomiplan 2014-2017, side 80
- Kommuneplan, økonomiplan, rekneskaps- og årsrapportar.

Eksterne dokument/informasjon

- NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren»
- KS 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold, en veileder for folkevalgte og rådmenn»
- Multiconsult & PwC 2008: «Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde»
- KOSTRA-data.

Lover og regler som kommunen må følge i si forvaltning av eigedomar og føremålsbygg:

Lov/forskrift	Tema
Internkontrollforskrifta	Eigar skal sjølv kontrollere og dokumentere at lover og reglar blir følgd i verksemda.
Opplæringslova	Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for barn og ungdom i skulen. Kapittel 9a i opplæringslova.
Helse- og omsorgstenestelova	Fysisk og psykisk miljø for alle brukarar av bygg.
Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular	Krav til inneklima, støyforhold, hygiene, lystilhøve og luftkvalitet i barnehagar og skular
Forskrift om miljøretta helsevern	Krav til førebygging av legionellasmitte. Kapittel 3a.
Arbeidsmiljølova	Krav til fysisk arbeidsmiljø for alle tilsette i kommunal verksemd.
Byggherreforskrifta	Krav til helse, miljø og sikkerheit for alle leverandørar som kommunen engasjerer.
Forureiningslova	Helsefarlege stoff – asbest, PCB, kjemikaliar m.m.
El-tilsynslova	Brann- og el-sikkerheit.
Brann- og eksplosjonsvernlova	Sikkerheit mot brann og trygge rømmingsvegar.
Plan- og bygningslova Teknisk forskrift	Bygningsteknikk (for det meste i samband med nybygg, ombygging og rehabilitering).
Kommunelova	Rekneskap, forvaltning og rapportering
Forskrift om årsbudsjett Forskrift om årsregnskap og årsberetning	Formuesbevaring: Vedlikehold skal budsjetterast over <i>driftsbudsjettet</i> , oppgradering over <i>investeringsbudsjettet</i> .

Nokre omgrep:

I 2008 laga Multiconsult og PricewaterhouseCoopers (PwC) rapporten "Vedlikehold i kommunesektoren – fra forfall til forbilde" på oppdrag frå KS. I denne rapporten blir «**vedlikehold**» definert som

«tiltak og oppgaver som er nødvendig for å opprettholde fastsatt kvalitetsnivå (standard) for bygningen med tekniske installasjoner. Dette kan være både planlagt vedlikehold og utskiftinger.»

«**Drift**» er definert som

«daglig, ukentlig og månedlig drift og ettersyn gjennom året, det vil si oppgaver og rutiner som er nødvendig for at bygget med tekniske installasjoner skal fungere funksjonelt.»

I NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle – om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren» blir «**planmessig vedlikehold**» definert som

«tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendig for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. (...) Vedlikeholdet sikter altså mot å forlenge den tekniske levetiden til bygningen og bevare estetiske kvaliteter som ellers ville blitt forringet» (kapittel 3.1.4).





Om «**rehabilitering**» heiter det følgjande i undersøkinga «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger», FOBE (mars 2006):

«Ved rehabilitering blir ofte bygningene bygget om og oppgradert i forhold til nye brukerbehov og i forhold til offentlige krav. I denne sammenheng tar man også igjen for forsømt vedlikehold. All utskifting av bygningskomponenter som vinduer, dører, vegger, tak, gulv, ventilasjon, elektriske anlegg m.m. tilsvarende den opprinnelig standard, er i følge definisjonene i Norsk Standard og i regnskapsforskriftene å betrakte som vedlikehold.»

Resultat frå spørjeundersøkinga til brukarane:






"Mitt/mine" bygg høyrer til følgjande tenesteområde:

1a

Teneste	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Skule		38 %	6
Barnehage		12 %	2
Omsorgssenter		19 %	3
Trygde- og omsorgsbustader		31 %	5
	Sum innkomne svar		16






Det er enkelt å gje melding om behov for vedlikehold

2a

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Heilt usamd		12%	2
Nokså usamd		0%	0
Nøytral		6%	1
Noko samd		12%	2
Heilt samd		69%	11
	Sum innkomne svar		16

Eg er godt nøgd med vedlikehaldet av "mitt/mine" bygg

3a

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Heilt usamd		19%	3
Nokså usamd		12%	2
Nøytral		12%	2
Noko samd		44%	7
Heilt samd		12%	2
	Sum innkomne svar		16

4a

Er vedlikeholdssituasjonen ved "mitt/mine" bygg av ein slik karakter at dette verkar negativt inn på dei tenestene som vert utført i bygget/bygga?

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Ja		14%	2
Nei		86%	12
Sum innkomne svar			14

5a

Skriv kort korleis tenesteutøvinga blir hemma av det manglande vedlikehaldet

Svar

Lang tid ved reparasjon fører til mykje misnøye og unødig tid vert brukt. Estetisk, fyrsteintrykk.

6a

Får du informasjon om kvifor vedlikehaldsarbeidet ikkje blir utført?

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Ja		71%	10
Nei		29%	4
Sum innkomne svar			14



7a

Kva blir oppgjeve som årsak til at vedlikehald ikkje blir gjennomført?

#	Svar
1.	Pengar
2.	Mindre vedlikehald vert utført kontinuerleg, og vi er svært godt nøgde med det. Ved større vedlikehaldsarbeid må det følgjast ei prioriteringsliste der dei med størst behov kjem først. Utan å ha full oversikt, reknar eg med at økonomi og personell vil vere begrensande faktorar når det gjeld utføringstakten.
3.	Oppteken med anna vedlikehald på andre bygg
4.	For lita tid/penger
5.	økonomi
6.	Økonomi
7.	økonomi
8.	økonomi
9.	kommunikasjon, kven har ansvar

Har manglende vedlikehold av "ditt/dine" bygg forverra seg sidan dette vart rapportert?




8a

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Ja</i>		31%	4
<i>Nei</i>		69%	9
	Sum innkomne svar		13

Resultat frå spørjeundersøkinga til vaktmeistrane:



Ein sentralisert vaktmeistertjeneste gir betre utnytting av vaktmeisterresursen

1b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Heilt samd		71%	5
Noko samd		0%	0
Nøytral		14%	1
Noko usamd		0%	0
Heilt usamd		14%	1
	Sum innkomne svar		7



Har vaktmeistrane forskjellige ansvarsområde på grunn av spesiell fagleg kompetanse?

2b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Ja		86%	6
Nei		0%	0
Veit ikkje		14%	1
	Sum innkomne svar		7

Korleis vurderer du bygningstilstanden på dei kommunale bygga?

3b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
Svært god		0%	0
God		57%	4
Nøytral		43%	3
Dårleg		0%	0
Svært dårleg		0%	0
	Sum innkomne svar		7

Kva for utsegn skildrer din arbeidskvardag best?

4b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Eg arbeidar systematisk ut frå ein vedlikehaldsplan.</i>		14%	1
<i>Eg utfører mitt arbeid ut frå dei oppdrag eg til ein kvar tid mottar.</i>		71%	5
<i>Anna - ver venleg å spesifiser her:</i>		14%	1
	Sum innkomne svar		7

Anna - ver venleg å spesifiser her:

Svar

har både vedlikehaldsplan og arbeider utfrå nye oppdrag

Føler du at vektmeistertenesta er tilstrekkeleg dimensjonert til å utføre sine oppgåver?

5b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Ja</i>		71%	5
<i>Nei</i>		14%	1
<i>Veit ikkje</i>		14%	1
	Sum innkomne svar		7

Har du ansvar for eit spesielt fagområde grunna spesialkompetanse?

6b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Ja</i>		71%	5
<i>Nei</i>		29%	2
	Sum innkomne svar		7




Har du eit særskilt ansvar for einsskilde bygg i kommunen?

7b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Ja</i>		86%	6
<i>Nei</i>		14%	1
	Sum innkomne svar		7

Det er eit misforhold mellom vedlikehaldsbehovet og dei økonomiske ressursane som blir stilt til rådvelde

8b

Svaralternativ	Diagram	Svarprosent	Tal på svar
<i>Heilt samd</i>		43%	3
<i>Noko samd</i>		29%	2
<i>Nøytral</i>		29%	2
<i>Noko usamd</i>		0%	0
<i>Heilt usamd</i>		0%	0
	Sum innkomne svar		7

12/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013 - GLOPPEN KOMMUNE

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen	05.06.2014	12/14	Nei
Formannskapet			Nei
Kommunestyret			Ja

Saksvedlegg.

Utkast til uttale frå kontrollutvalet i Gloppen kommune.
Rekneskap 2013 med revisjonsmelding datert 26.5.2014.
Årsmelding 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.
Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til uttale om årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune datert 5.6.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

ÅRSREKNESKAPEN 2013 - GLOPPEN KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004, sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret, når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet gje uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret, og kopi til formannskapet. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og er budd på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møte, og er budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Til
Kommunestyret i Gloppen

Utkast

Sandane, 5.6.2014

Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune

Årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune er handsama i kontrollutvalet 5.6.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Årsrekneskapen med revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 26.5.2014
- Årsmeldinga frå rådmannen.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr 360.617. Rådmannen si årsmelding gjer greie for avvika.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka/udisponert beløp på kr 0.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga frå administrasjonen, som forklarar rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga, og meiner at rekneskapen for Gloppen kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Bjarne Bø
leiar

Hans Os

Irene Moen

Tone Lise Jakobsen

Svein Helge Hovstad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.05.2014	

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Arkiv: 212	13/785-17

Rekneskapen for 2013 og disponering av overskotet

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2013 er no klar til endeleg politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgongen av juni kvart år, etter at det er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Saksutgreiing:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2013 er gjort opp med eit overskot på kr 360 617,49

Mindre på sektorane

Dei siste 5 åra har det vore overforbruk på sektorane si drift. Slik er det ikkje i 2013, då trenden er snudd og sektorane opererer innanfor dei tildelte budsjettmidlar. Detaljar rundt dette er omtala i rekneskapsdokumentet.

For første gang på 5 år ser vi at der er mindre inntekter på finansansvaret enn budsjettet. Dette skriv seg dessverre hovudsakleg frå nedgang i folketalet som igjen påverkar rammetilskotet negativt. I tillegg ligg avsetninga til rentefond Gloppen Engeri AS, som ikkje var budsjettet. Rutine for rentefondet er omtalt i rekneskapsdokumentet. Sektorvis resultat framgår av tabellen under.

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013
Sentral styring	24 856 458	24 656 000
Barnehagar og undervisning	109 298 145	111 522 000
Helseteneste og sosiale formål	139 656 401	144 163 000
Næringsformål	26 242 953	27 601 000
Kulturformål	18 625 979	18 710 000
Finansiering	-318 319 318	-326 652 000
Mindreforbruk	-360 617	

Avvika i tabellen er forklart i rekneskapsdokumentet.

Kvifor må kommunane ha eit positivt netto driftsresultat?

Kostnader som slitasje og elde på bygningar, inventar, maskinar osv. trekkast ikkje frå når netto driftsresultat reknast ut. Dette gjer at netto driftsresultat blir "for høgt". Kommunane må derfor ha netto driftsresultat større enn null for å ha bærekraftig økonomi. Om vi ser bort frå ekstraordinære kortsiktige svingningar i inntekter og utgifter, så må kommunesektoren ha eit netto driftsresultat på om lag 3 – 3 ½ prosent av inntektene for å være i balanse. Enkelte meiner og at 5 prosent er det rette nivået. Budsjettert overskot på kr 479.000 er avsett i rekneskapen. Utover dette er mindreforbruket som kjem i tillegg til avsett overskot.

Overføringane til kommunane varierer frå år til år. Dersom inntektsveksten ikkje er tilstrekkeleg for å halde drifta på same nivå som året før, er det ofte trong for å kjøpe seg tid for å planlegge omstillingar som gjev varig innsparingseffekt. For å tillate seg dette må kommunane ha eit visst økonomisk handlerom.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Overskotet er med på å auke kommunen sitt økonomiske handlerom. Det er viktig med tanke på at kommunen gjennom:

- ✓ avsettingar til investeringsfond gjer det muleg å finansiere ein del investeringar utan lånefinansiering
- ✓ avsettingar til driftsfond gjer det muleg å møte utilsikta svingningar i driftsøkonomi og gir handlefridom til å tilpasse drift til økonomi når slike svingningar inntreff.

Rådmannen si vurdering:

Endeleg kan rådmannen seie at driftsnivået i sektorane er tilpassa vedtekne budsjettmidlar. Rådmannen meiner resultatet dokumenterer at vi har gjort mykje rett i høve å tilpasse aktiviteten til vår økonomiske bæreevne. Det pågåande moderniseringa må halde fram og vi må gjennomføre tiltaka slik at drifta av kommunen framleis kan gjennomførast innanfor budsjetttrammene.

Dei 5 siste åra før 2013 har kommunen vore berga, av for oss, heldige omstendigheter i finansmarknaden. Der verden elles er og har vore i finanskrisa dei siste åra, har Gloppen kommune stort sett merka dette med eit lågare rentenivå. Dette har ein stor og heldig konsekvens for oss i og med at vi har stor gjeld. Dersom rentenivået skulle stige så ville dette få ein tilsvarande uheldig effekt på rentekostnadene.

Revisjonen har i revisjonsmeldinga for årsrekneskapen 2012 under andre forhold merka at «Krav om renter på utlån til Gloppen Energi AS, kr. 2 983 614,- er avsett til fond utan å vere budsjettert.». *Gloppen kommune har gjennomført tilsvarande transaksjon i 2013.* Dette er gjort i tråd med prinsippvedtaket i 2009, der kommunestyret vedtok føringar for rentefond – Gloppen Energi AS. I 2014 er denne avsetninga budsjettert.

Hittil har Gloppen Energi AS betalt deler av rentekostnadane på lånet i Gloppen kommune med utbytte dei har motteke frå SFE. Det vil verte vanskeleg for selskapet å halde fram med betaling av renter på lånet frå Gloppen kommune, i og med at lånet Gloppen Energi AS har i Sparebanken Sogn og Fjordane framover må betalast med renter og avdrag. Hittil har lånet i Sparebanken vore avdragsfritt og rentekostnadane har vorte lagt til lånet slik at det har auka med årleg lånerente, sidan oppstart av selskapet. Rentekostnadane som ikkje er betalt til kommunen er balanseført i kommunerekneskapen som ikkje betalte krav.

I tråd med tidlegare vedtak i denne saka har kommunen sett av eit tilsvarande beløp på fond, for å møte eventuelle utfordringar Gloppen Energi AS kan få med å betale kravet. Soleis kan

det kortsiktige rentekravet konverteres til langsiktig lån ved å bruke fondet. Ein vil då unngå å få driftsbelastning i kommunerekneskapen ved eventuell konvertering.

Rentenivået er basert på same rente som Gloppen energi AS betaler på dei 60 mill som selskapet har lånt i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Pr. 31.12.2013 syner kommunerekneskapen at kr. 11 956 052,50 av rentekravet frå Gloppen kommune ikkje er betalt og tilsvarende står då kr. 11 956 052,50 på fond.


Framtidig handtering av Gloppen kommune sine eigarinteresser i Gloppen Energi vert handtert som fylgjer:

- Rentekrav inntektsførast årleg med rente tilsvarende lånevilkåra Gloppen Energi AS har på lånet sitt i Sparebanken Sogn og Fjordane
- Kortsiktig rentekrav (som er inntektsført i kommunerekneskapen) vert redusert i takt med innbetalingane.
- Gloppen kommune set av til fond eit beløp som tilsvarende rentekravet som ikkje er betalt, for å møte eventuelle utfordringar selskapet får med betalinga. Avsetjinga skal budsjetterast.
- Kommunestyret har mynde til å fastsetje rentenivået. Ved behov for å avvike frå rentefastsetjinga jfr. punktet over, vil sak verte framlagt for kommunestyret. Dette kan verte aktuelt dersom lågare rente må fastsetjast for å sikre selskapet sitt eksistensgrunnlag eller høgare rente bør fastsetjast dersom selskapet kan handtere større rentebelastning.

Disponering av overskotet

Det er opp til kommunestyret å avgjere korleis det årlege overskotet skal disponerast. Når det er sagt er det riktig å understreke at det er viktig å halde fram med å fylle på disposisjonsfondet for å kunne takle framtidige utfordringar. I den forbindelse har rådmannen sett på bruken av disposisjonsfond dei siste tre åra.

Kommunestyret har brukt av disposisjonsfondet sektorvis slik dei tre siste åra: I løpet av desse åra har det vore nytta disposisjonsfond til diverse tiltak i drifta. Desse er slik fordelt;



RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2013.
2. Overskotet for 2013, kr 360 617,49 setjast av til disposisjonsfond
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2014 i tråd med punkt 2.



REKNESKAP 2013



Gloppen ungdomsskule, sett frå «Utsikten» i Engesetåren i august 2012. Foto: Jan Kåre Fure.

Rådmannen sitt framlegg, datert 10/4 - 2014

INNHALD

1. Samandrag	3
1.1 Revisjonsmelding	4
2. Innleiing.....	6
2.1 Om rekneskapen.....	6
3. Rekneskapen	6
3.1 Rådmannen sin kommentar til 2013-rekneskapen	8
3.2 Hovudoversikter	10
3.2.1 Driftsrekneskapen	10
3.2.2 Investeringsrekneskapen	12
3.2.3 Tilgang og bruk av midlar	13
3.2.4 Balansen	14
3.3 Driftsrekneskapen	15
3.3.1 Formannskapet	16
3.3.2 Oppvekstutvalet	27
3.3.3 Helse- og omsorgsutvalet	34
3.3.4 Teknisk, landbruk, eigedom	40
3.3.5 Kulturformål	58
3.3.6 Finansiering, renter og avdrag.....	64
3.4 Investeringsrekneskapen	71
3.4.1 Prosjekt – knytt til sentral leing	71
Bakgrunn for prosjektet:	75
3.4.2 Prosjekt – knytt til oppvekst	76
3.4.3 Prosjekt – knytt til helse- og omsorg.....	77
3.4.4 Prosjekt – knytt til teknisk, landbruk og eigedom	78
3.4.5 Prosjekt – knytt til kultur	84
4. Notar	85
4.1 Arbeidskapital	85
4.2 Pensjonar	86
4.3 Garantiansvar	88
4.4 Fordringar og gjeld til kommunale foretak	89
4.5 Aksjar og andelar i varig eige	89
4.6 Avsetning og bruk av fond	90
4.7 Kapitalkonto	93
4.8 Sal av finansielle anleggsmiddel	94
4.9 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27	95
4.10 Endring i periodiseringsprinsipp	96
4.11 Rekneskapsskjema	96
4.12 Lånegjeld pr. 31.12.2013	102
4.13 Sjølvkost	103
4.14 Gloppen Energi AS	104

1. SAMANDRAG

Rådmannen legg med dette fram rekneskapen for 2013. Rekneskapen er lagt fram på utvalsnivå og inneheld tal for type utgifter og inntekter, samt netto utgift.


REKNESKAPEN FOR ÅR 2013 I KORTE TREKK

Av rekneskapsforskriftene går det fram at rekneskapen skal presenterast på det nivået som budsjettet for rekneskapsåret vart vedteke på. Det er likevel høve til å gi meir detaljerte tal, noko vi har vald å gjere.

Rekneskapen for 2013 er gjort opp med overskot på kr 360 617,49 Dette er dei viktigaste årsakene til resultatet;

- Lønnskostnadene etter korrigerings for sjukelønnrefusjon gav eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill.
- Premieaviket isolert gav eit meirforbruk på 3,2 mill.
- Driftsutgiftene, gruppeart 11 – kjøp av varer og tenester – er om lag 4,3 mill høgare enn budsjettet. Det største avviket finn vi på internkjøp for å balansere tenesten med mindreårige flyktningar. Skatteinngangen utan eigedomsskatt bidrar positivt med 2,8 mill meir enn budsjettet
- Motteke om lag 1,9 mill mindre moms-kompensasjon på investering enn budsjettet
- Renteutgiftene har vore om lag som budsjettet
- Renteinntektene har vore om lag 0,6 mill høgare enn budsjettet

Tabellen under syner utviklinga av årsresultatet for Gloppen kommune i åra 2002 – 2013.



Kommentar: Av figuren ser vi at kommunen har hatt overskot dei fem siste åra. Resultatet i 2013 tilskrivast i stor grad god økonomistyring og budsjettlojalitet i sektorar og einingar.

Investeringar

Det var budsjettet med 42 millionar i investeringar i 2013. Delar av dette er forsinka investeringar frå 2012. Det er utgiftsført om lag 31,5 millionar i investeringar i 2013. Dette betyr igjen at noko av budsjettmidlane vert overført til 2014 på dei prosjekta som ikkje er ferdigstilt.

1.1 REVISJONSMELDING

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

Til
Kommunestyret i Gloppen kommune

Kopi til:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Økonomisjefen

Revisjonsmelding 2013

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune, som er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser kr 319 514 057,81 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 360 617,49.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandnessjøen	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 88
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
	STRYN	Tønningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, 26.05.2014


Markvard Sundø
Revisjonssjef


Haldor Sunde
Revisor

2. INNLEIING

2.1 OM REKNESKAPEN

Rekneskapen er lagt opp på utvalsnivå, d v s:

- * Formannskapet
- * Oppvekstutvalet
- * Helse- og omsorgsutvalet
- * Teknisk, landbruk og eigedom
- * Kulturutvalet
- * Finansiering, renter og avdrag

KALKULATORISKE KOSTNADER

I 2013-rekneskapen er det rekna 2,63% kalkulatorisk rente. Grunnlaget for kalkulatorisk rente er nedfelt i forskriftene om sjølvkost. Renta som skal nyttast er «Norske statsobligasjonar med 3 årig gjenværande» levetid pluss 1 %. Avskrivningar og kalkulatorisk rente blir brukt for å få fram den kapitalbindinga og kapitalslit som ligg i eigedomar og maskiner m.m.

Avskrivning og kalkulatorisk rente blir utgiftsført på tiltaket. Sidan dette er ein kostnad som ikkje fører til utbetaling, må effekten av kostnaden takast ut av drifta. Dette blir gjort ved at dei kalkulatoriske kostnadene blir inntektsført på ein samla konto i rekneskapen. I alt er det utgifts- og inntektsført om lag 26,2 mill kroner i kalkulatoriske kostnader i 2013, fordelt med vel 18,1 millionar i avskrivningar og vel 8,1 millionar i kalkulatorisk rente.

3. REKNESKAPEN

Vi ønskjer å fokusere litt på korleis ein les og kan forstå eit kommunalt rekneskap. Vi nyttar enkelte ord og uttrykk som den jamne lesar ikkje har det heilt store forholdet til. Derfor vil vi prøve å forklare dette noko nærare.

Det viktigaste å lese i eit kommunerekneskap er nok om utgiftene og inntektene er i tråd med budsjett. Den klart største utgifta til kommunen vil naturleg nok vere lønnsutgifter.

Kommunen budsjetterer med faste stillingar og vikarar som nyttast i høve til ferieavvikling. Så hender det at arbeidstakarar går ut av stillinga si – anten som følgje av svangerskap eller sjukdom. For dette fråværet får kommunen refundert utgiftene gjennom NAV, med unntak av arbeidsgjevarperioden når det gjeld sjukdom. Eit døme på slike tenestestad i kommunen kan vere innan barnehagedrifta og pleie og omsorg.

Vi har vald å ikkje budsjettere utgiftene eller inntektene som er knytt til slikt fråvær. Derfor vil rekneskapen svært ofte syne eit overforbruk på art 10 – lønn og sosiale utgifter. Men for å få eit korrekt bilde må vi trekke frå inntekta vi får frå NAV som følgje av svangerskap eller sjukdom. Denne inntekta er ført på art 17 – refusjonar.

Her er eit døme:

Tj.: 25300 pleie, omsorg, hjelp i institusjon	R-2013	B-2013	%	R-2012
10 Lønn og sosiale utgifter	33 058 423,31	31 301 000	105,6	31 465 329
11 Driftsutgifter	4 684 336,67	4 305 000	108,8	4 368 074
13 Kjøp av kommunale tenester	274 010,52	25 000	1096	133 903
14 Overføringar	843 010,36	807 000	104,5	772 475
15 Finansieringsutgifter	492 213,00	419 000	117,5	511 614
Sum utgifter	39 351 993,86	36 857 000	106,8	37 251 395
16 Salsinntekter	-7 401 925,64	-7 316 000	101,2	-7 129 559
17 Refusjonar	-2 583 867,75	-837 000	308,7	-2 830 590
18 Overføringar	-190 230,00	0	0	-49 981
19 Finansieringsinntekter	-5 470,00	0	0	0
Sum inntekter	-10 181 493,39	-8 153 000	124,9	-10 010 130
Sum tj.: 25300 pleie, omsorg, hjelp i institusjon	29 170 500,47	28 704 000	101,6	27 241 265

Av tabellen ser vi at art 10 – lønn og sosiale utgifter er overskredde ganske vesentleg – om lag 1,75 million kroner. Men om vi ser på art 17 – refusjonar, er der mykje meir inntekt enn budsjettert. Denne forskjellen mellom budsjettet og rekneskapen på art 17 – refusjonar er på om lag 1,7 million kroner og består av sjukelønnrefusjon. Altså inntekt frå NAV.

Poenget er at refusjonen dekkjer opp for overforbruket på lønn. I dette dømet dekkjer refusjonen nesten all overforbruk på lønn med unnatak av pensjonskostnader.

3.1 Rådmannen sin kommentar til 2013-rekneskapen

Rekneskapen for 2013 er gjort opp med overskot på kr 360 617,49 Dette er dei viktigaste årsakene til resultatet;

- Lønnskostnadene etter korrigering for sjukelønnrefusjon gav eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill.
- Premieaviket isolert gav eit meirforbruk på 3,2 mill.
- Driftsutgiftene, gruppeart 11 – kjøp av varer og tenester – er om lag 4,3 mill høgare enn budsjettet. Det største avviket finn vi på internkjøp for å balansere tenesten med mindreårige flyktningar.
- Skatteinngangen utan eigedomsskatt bidrar positivt med 2,8 mill meir enn budsjettet
- Motteke om lag 1,9 mill mindre moms-kompensasjon på investering enn budsjettet
- Renteutgiftene har vore om lag som budsjettet
- Renteinntektene har vore om lag 0,6 mill høgare enn budsjettet

Sektorvise resultat er vist i tabellen under;

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
1 Sentral styring	24 856 458	24 656 000	101	25 199 548
2 Barnehagar og undervisning	109 298 145	111 522 000	98	105 780 960
3 Helseteneste og sosiale formål	139 656 401	144 163 000	97	139 072 317
4 Næringsformål	26 242 953	27 601 000	95	28 197 694
5 Kulturformål	18 625 979	18 710 000	100	17 536 313
9 Finansiering	-318 319 318	-326 652 000	98	-308 830 023
TOTALT	-360 617			-6 956 808

Avvika er kommentert i dei sektorvise kommentarane. Overskotet er trekt ut frå 9 Finansiering i denne tabellen for å vise overskotet.

Blant avvika i rekneskapen må driftsbudsjettet til sektorane trekkast fram som den største årsaka til overskotet. Sektorane har helde seg godt innafor budsjetta sine

UTVIKLINGA AV KOMMUNEN SIN ØKONOMI

	R 2008	%	R 2009	%	R 2010	%	R 2011	%	R 2012	%	R 2013	%
Lønn	245,1	69 %	259,3	66 %	261,9	62 %	274,5	62 %	286,8	56 %	295	60%
Dr.utg	49,6	14 %	51,9	13 %	67,5	16 %	70,6	16 %	83,2	16 %	89	18 %
Kjøp av ten	12,2	4 %	15,6	4 %	12,7	3 %	23,9	5 %	31,9	6 %	35	7 %
Overf	23,5	7 %	28,2	7 %	29	7 %	27	6 %	34,4	7 %	37	7 %
Finutg	24,1	7 %	39,8	10 %	49,5	12 %	45,8	10 %	54,7	11 %	38	8 %
<i>Sum utg</i>	<i>354,5</i>	<i>100 %</i>	<i>394,8</i>	<i>100 %</i>	<i>420,7</i>	<i>100 %</i>	<i>441,8</i>	<i>100 %</i>	<i>515,3</i>	<i>100 %</i>	<i>494</i>	<i>100 %</i>
Salsinntekter	-45,2	13 %	-53,2	14 %	-62,37	15 %	-62,6	14 %	-67,2	13 %	-72	15 %
Refusjonar	-66,1	19 %	-70,9	18 %	-74,94	18 %	-50,6	12 %	-72,7	14 %	-65	13 %
Overføringer	-224,2	63 %	-258,9	66 %	-271,3	65 %	-306,7	69 %	-332,6	65 %	-341	69 %
Finansieringsinnt	-18,9	5 %	-11,8	3 %	-12,02	3 %	-21,9	5 %	-18,3	4 %	-16	3 %
<i>Sum innt</i>	<i>354,5</i>	<i>100 %</i>	<i>-394,8</i>	<i>100 %</i>	<i>-420,7</i>	<i>100 %</i>	<i>-441,8</i>	<i>100 %</i>	<i>-515,3</i>	<i>100 %</i>	<i>-494</i>	<i>100 %</i>

Kommentarar til tabellen:

Tabellen inneheld fordeling av kommunen sine inntekter og utgifter både i tal og prosent fom 2008 tom 2013. Rekneskapstala er oppgjevne i millionar. Kalkulatoriske renter og avskrivningar er tekne ut både på inntekt- og utgiftssida. I perioden ser vi at lønnsutgiftene har auka med om lag 50 millionar kroner.

3.2 Hovudoversikter

3.2.1 Driftsrekneskapen

KVA VISER HOVUDOVERSIKTA?

Oversikta viser driftsrekneskapen fordelt etter type inntekter og utgifter. I tillegg kjem omgrep som brutto og netto driftsresultat inn. Brutto driftsresultat er resultat før finansinntekter og finanskostnader er medtekne. Når desse er inkludert saman med motpost avskrivningar får vi omgrepet netto driftsresultat.

	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	10 007 046	9 875 000	9 875 000	9 724 473
Andre salgs- og leieinntekter	46 061 498	47 908 000	47 897 000	43 747 021
Overføringer med krav til motytelse	60 597 378	45 023 000	44 894 000	69 717 158
Rammetilskudd	189 117 502	192 500 000	192 500 000	188 886 656
Andre statlige overføringer	15 384 504	16 180 000	16 180 000	15 454 143
Andre overføringer	287 420	0	0	321 509
Skatt på inntekt og formue	121 562 387	118 713 000	118 713 000	114 026 853
Eiendomsskatt	13 271 367	12 600 000	12 600 000	12 731 150
Andre direkte og indirekte skatter	1 606 224	490 000	490 000	1 221 269
Sum driftsinntekter	457 895 326	443 289 000	443 149 000	455 830 232
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	241 063 346	232 955 000	228 310 000	235 939 551
Sosiale utgifter	56 354 072	57 543 000	56 221 000	52 662 064
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	83 158 850	81 088 000	80 270 000	78 718 362
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	34 684 024	31 940 000	38 111 000	31 920 501
Overføringer	36 982 306	35 186 000	35 033 000	34 388 277
Avskrivninger	18 105 574	14 575 000	14 575 000	16 999 703
Fordelte utgifter	-16 135 693	-16 305 000	-16 292 000	-14 143 241
Sum driftsutgifter	454 212 480	436 982 000	436 228 000	436 485 218
Brutto driftsresultat	3 682 847	6 307 000	6 921 000	19 345 015
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	5 481 920	4 830 000	4 830 000	5 520 215
Mottatte avdrag på utlån	24 428	100 000	100 000	44 427
Sum eksterne finansinntekter	5 506 348	4 930 000	4 930 000	5 564 642

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	9 642 113	9 676 000	9 676 000	8 922 266
Avdrag på lån	10 596 719	10 217 000	10 217 000	9 393 041
Utlån	24 304	100 000	100 000	2 231 038
Sum eksterne finansutgifter	20 263 136	19 993 000	19 993 000	20 546 345
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-14 756 788	-15 063 000	-15 063 000	-14 981 703
Motpost avskrivninger	18 105 574	14 484 000	14 484 000	16 999 703
Netto driftsresultat	7 031 633	5 728 000	6 342 000	21 363 014
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	6 956 808	6 950 000	0	5 720 946
Bruk av disposisjonsfond	595 223	963 000	343 000	5 358 290
Bruk av bundne fond	3 060 855	779 000	223 000	1 721 232
Sum bruk av avsetninger	10 612 887	8 692 000	566 000	12 800 468
Overført til investeringsregnskapet Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	3 300 000	4 800 000	4 800 000	4 633 231
	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	8 240 235	7 749 000	479 000	7 135 846
Avsatt til bundne fond	5 743 667	1 718 000	1 476 000	15 437 596
Sum avsetninger	17 283 902	14 267 000	6 755 000	27 206 673
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	360 617	153 000	153 000	6 956 808

3.2.2 Investeringsrekneskapen

KVA VISER HOVUDOVERSIKTA?

Oversikta viser investeringsrekneskapen fordelt etter type inntekter, utgifter og finanstransaksjonar. Summen av desse viser finansieringsbehovet og til slutt korleis finansieringa er inndekka.

Økonomisk oversikt - investering	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	550 349	3 900 000	3 900 000	1 467 417
Andre salgsinntekter	0	0	0	127 479
Overføringer med krav til motytelse	841 453	0	0	653 520
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	12 991
Sum inntekter	1 391 802	3 900 000	3 900 000	2 261 407
Utgifter				
Lønnsutgifter	9 097	380 000	0	50 122
Sosiale utgifter	706	100 000	0	5 881
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 976 338	33 770 000	27 200 000	38 064 742
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	351 108	6 250 000	6 000 000	699 079
Overføringer	4 116 094	0	0	7 722 052
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	1 410
Fordelte utgifter	389 500	0	0	369 120
Sum utgifter	32 842 844	40 500 000	33 200 000	46 912 406
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	973 998	0	0	604 267
Utlån	4 626 345	4 000 000	4 000 000	4 653 500
Kjøp av aksjer og andeler	945 447	0	0	840 261
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	550 349	0	0	1 204 079
Avsatt til bundne investeringsfond	1 179 197	0	0	1 019 707
Avsatt til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	8 275 336	4 000 000	4 000 000	8 321 814
Finansieringsbehov	39 726 377	40 600 000	33 300 000	52 972 813
Dekket slik:				
Bruk av lån	27 464 417	29 375 000	22 500 000	33 890 108
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	2 016 775	0	0	1 223 974
Overført fra driftsbudsjettet	3 300 000	4 800 000	4 800 000	4 633 231
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	425 000	425 000	0	1 444 500
Bruk av bundne driftsfond	832 829	0	0	4 670 000
Bruk av ubundne investeringsfond	5 687 357	6 000 000	6 000 000	7 111 000
Sum finansiering	39 726 377	40 600 000	33 300 000	52 972 813
Udekket/udisponert	0	0	0	0

3.2.3 Tilgang og bruk av midlar

TILGANG OG BRUK AV MIDLAR:

Denne oversikta viser sum tilgang på midlar og sum bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskapen. Differansen mellom tilgang og bruk med tillegg av endring i ubrukte lånemidlar gjev endring i arbeidskapitalen.

Anskaffelse og anvendelse av midler	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	457 895 326	443 289 000	443 149 000	455 830 232
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	1 391 802	3 900 000	3 900 000	2 248 416
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	34 987 539	34 305 000	27 430 000	40 691 715
Sum anskaffelse av midler	494 274 667	481 494 000	474 479 000	498 770 363
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	436 496 406	422 793 000	415 939 000	419 856 015
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	32 453 344	40 500 000	33 200 000	46 540 496
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	26 808 926	23 993 000	23 993 000	26 645 783
Sum anvendelse av midler	495 758 675	487 286 000	473 132 000	493 042 294
Anskaffelse - anvendelse av midler	-1 484 008	-5 792 000	1 347 000	5 728 069
Endring i ubrukte lånemidler	-964 417	0	0	-3 750 108
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0	0	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0	0	0	0
Endring i arbeidskapital	-2 448 425	-5 792 000	1 347 000	1 977 961
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	16 074 065	9 467 000	1 955 000	31 754 037
Bruk av avsetninger	17 558 073	15 117 000	6 566 000	26 025 968
Til avsetning senere år	0	0	0	0
Netto avsetninger	-1 484 008	-5 650 000	-4 611 000	5 728 069
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	41 329 355	37 046 000	36 983 000	38 412 923
Interne utgifter mv	41 329 355	36 214 000	36 151 000	38 412 923
Netto interne overføringer	0	832 000	832 000	0

3.2.4 Balansen

Balansen er ein del av hovudoversiktene i KOSTRA.

Oversikt - balanse	Regnskap 2013	Regnskap 2012
EIENDELER		
Anleggsmidler	1 072 457 999	1 015 836 768
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	355 813 439	341 570 534
Utstyr, maskiner og transportmidler	20 562 378	20 420 968
Utlån	79 202 700	76 593 254
Aksjer og andeler	91 804 197	90 998 376
Pensjonsmidler	525 075 285	486 253 636
Omløpsmidler	148 552 025	156 301 730
Herav:		
Kortsiktige fordringer	34 452 324	35 950 110
Premieavvik	24 404 727	24 783 985
Kasse, postgiro, bankinnskudd	89 694 974	95 567 635
SUM EIENDELER	1 221 010 024	1 172 138 498
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	256 735 507	268 987 743
Herav:		
Disposisjonsfond	32 278 782	13 097 492
Bundne driftsfond	28 506 050	37 784 515
Ubundne investeringsfond	4 285 799	9 422 806
Bundne investeringsfond	5 153 615	4 807 248
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	4 747 345	4 747 345
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-6 960 972	-6 960 972
Regnskapsmessig mindreforbruk	360 617	6 956 808
Kapitalkonto	188 364 272	199 132 500
Langsiktig gjeld	898 670 039	832 244 998
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	561 933 915	510 438 157
Andre lån	336 736 124	321 806 841
Kortsiktig gjeld	65 604 478	70 905 758
Herav:		
Annen kortsiktig gjeld	60 638 870	66 236 174
Premieavvik	4 965 607	4 669 584
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1 221 010 024	1 172 138 498
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	14 580 660	15 545 077
Ubrukte lånemidler	14 580 660	15 545 077
Motkonto til memoriakontiene	-14 580 660	-15 545 077

3.3 DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen er som sagt innleiingsvis bygt opp ved å dele inn i følgjande område:

- * Formannskapet
- * Oppvekstutvalet
- * Helse- og omsorgsutvalet
- * Teknisk, landbruk og kulturutvalet
- * Finansiering, renter og avdrag

Rekneskapen er presentert pr. sektor og teneste, og inneheld tal på kva type utgift og inntekt det er tale om, og netto utgift for kvar teneste.

3.3.1 Formannskapet

10000 Politisk styring

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 10000 Politisk styring				
10 Lønn og sosiale utgifter	1 883 207	1 839 000	102	1 801 677
11 Driftsutgifter	386 542	415 000	93	329 068
14 Overføringer	113 002	100 000	113	83 721
17 Refusjonar	-165 421	-20 000	827	-134 259
Sum tjeneste: 10000 Politisk styring	2 217 330	2 334 000	95	2 080 207

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar drifta av alle folkevalde organ i kommunen, unnateke kontrollutvalet, overformynderiet, eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet. Hovuddelen av kostnadene er godtgjersle til folkevalde, d.v.s. møtegodtgjersle og refusjon av utgifter til tapt arbeidsforteneste og skyss. Overføringane er tilskot til politiske parti (kr 70.000,-), tilskot til TV-aksjonen (kr 10.000) og eit mindre tilskot til humanitært arbeid (kr 1.000,-). Resten er momskompensasjon. Stortingsvalet hausten 2013 er utgiftsført med knapt 45.000,- kroner.

Fast stillingsressurs:

Stillingsressursane til denne tenesta er den faste godtgjersla til nokre folkevalde: Ordføraren i 100 % stilling, varaordføraren i 10 % stilling, utvalsleiarane som også er medlemmer i formannskapet (5 personar) i 2 x 4 % stilling og formannskapsmedlemmene (som ikkje er utvalsleiarar, 2 personar) i 4 % stilling. Sum "faste stillingar" er då 1,58 årsvverk. Grunnlaget for godtgjersla i 2013 var kr 661.000,-, som igjen utgjorde 85 % av lønna til ein stortingsrepresentant per 1. januar 2013.

Avviksvurdering:

Tenesta har brukt om lag 130.000 kroner mindre enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak refusjon frå fylkeskommunen på ordførargodtgjersla for Anders Ryssdal si deltaking i fylkeskommunale verv. Denne inntekta var ikkje budsjettert. Utgiftssida er om lag som rekna med i budsjettet.

11000 Kontroll og revisjon

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 11000 Kontroll og revisjon				
10 Lønn og sosiale utgifter	19 916	45 000	44	26 816
11 Driftsutgifter	48 536	50 000	97	61 401
13 Kjøp av kommunale tenester	738 680	800 000	92	742 708
14 Overføringer	8 753	10 000	88	9 207
15 Finansieringsutgifter	86	0	0	0
17 Refusjonar	-48 753	-50 000	98	-49 207
Sum tjeneste: 11000 Kontroll og revisjon	767 218	855 000	90	790 925

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar drift av kontrollutvalet, vår del av kostnaden til kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariatet, som er sekretariat for kontrollutvalet.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er eit interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen (med Stryn kommune som vert). Kostnaden blir fordelt etter Nordfjordmodellen, d.v.s. 25 % fast per kommune og 75 % etter folketalet.

SEKOM-sekretariatet er eit § 27-samarbeid mellom kommunane i Sunnfjord, Ytre Sogn og midtre og indre Nordfjord. Kostnadene blir fordelt med 25 % fast, 25 % etter brukt tid og 50 % etterfolketal.

Fast stillingsressurs:

Det er ingen faste stillingsressursar i Gloppen knytt til tenesta.

Avviksvurdering:

Innsparinga på tenesta skuldast i alle hovudsak litt lågare kostnader med kommunerevisjonen enn rekna med.

12010 Administrativ leiging

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12010 Administrativ leiging				
10 Lønn og sosiale utgifter	4 751 589	5 806 000	82	4 925 360
11 Driftsutgifter	1 292 681	587 000	220	1 268 253
13 Kjøp av kommunale tenester	80 000	0	0	26 524
14 Overføringar	221 987	88 000	252	128 975
15 Finansieringsutgifter	150	0	0	3 008
17 Refusjonar	-918 823	-991 000	93	-579 543
Sum tjeneste: 12010 Administrativ leiging	5 427 584	5 490 000	99	5 772 577

12090 Anna felles drift

Tjeneste: 12090 Anna felles drift				
10 Lønn og sosiale utgifter	1 454 972	538 000	270	986 762
11 Driftsutgifter	1 269 127	1 501 000	85	1 485 552
14 Overføringar	224 370	265 000	85	210 472
15 Finansieringsutgifter	398	0	0	324
16 Salsinntekter	-7 029	-15 000	47	-12 868
17 Refusjonar	-266 860	-315 000	85	-558 272
Sum tjeneste: 12090 Anna felles drift	2 674 977	1 974 000	136	2 111 970
Summert tenestene 12010 og 12090	8 102 561	7 464 000		

Kort om tenesta:

- **Funksjon 120** syner ressursbruk knytt til dei leiarfunksjonane som etter KOSTRA er definert som administrative leiarar, og som «leder andre administrative ledere». Etter definisjonen i KOSTRA er administrative leiarar dei leiarane som har både økonomiske og administrative fullmakter. På teneste 120 finn ein dermed kostnader som er knytte til

leiging av kommuneorganisasjonen: lønn rådmannen og hans/hennar stab og samt andre felles utgifter knytt til heilskapleg drift og leiging. Til dømes:

- kjøp av bedriftshelseteneste
- kjøp av advokat tenester
- IKT-drift
- Tillitsvaldordning og lokal verneteneste
- Medlemskontingent i KS og landssamanslutninga for nynorskkommunar
- Innkjøp av felles kontorrekvisita
- Utgifter til telefon, porto, kopiering og annonsering.

Avviksvurdering:

Teneste 12010 (Administrative leiging) og 12090 (Anna felles drift), må sjåast i samanheng då aktivitet og tiltak kan vere budsjettert på den eine tenesta og rekneskapsført på den andre. Døme på dette er prosjektet «Saman om ein betre kommune» som er budsjettert på 12010, mens lønnsutgifter er rekneskapsført på teneste 12090. På grunn av denne samanhengen har rådmannen vald å kommentere dei to tenestene under eitt.

Tabellen over syner at det i sum er eit negativt avvik på kr 639 561 for dei nemnde tenestene. Årsaken er delt på to forhold:

- kostnader til bedriftshelsetenesta er rekneskapsført på teneste 12090 medan den er budsjettert på ansvar 9000. Denne utgiften er ca kr 500.000,-
- utgifter til advokattenester i samband med Gloppenstasjonane og Gloppen Energi ca kr 150.000,-

Dei to tenestene er i sum omtrent i balanse når ein tar omsyn til at budsjettering av BHT ligg på ansvar 9000

Teneste 12090 er delt mellom ansvar 1000 (rådmannen) og ansvar 1100 (servicetorget).

Fast stillingsressurs:

Dei faste stillingsressursane på teneste 12010 var i 2013 8 årsverk.

Dei faste stillingsressursane på teneste 12090 er utgifter til tillitsvaldordninga og 10% stilling som hovudverneombod.

12020 Økonomiavdeling

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12020 Økonomiavdeling				
10 Lønn og sosiale utgifter	5 396 967	5 381 000	100	5 603 400
11 Driftsutgifter	910 437	958 000	95	655 290
13 Kjøp av kommunale tenester	0	0	0	263 662
14 Overføringer	90 873	253 000	36	93 740
15 Finansieringsutgifter	1 073	3 000	36	730
16 Salsinntekter	-144 225	-352 000	41	-154 424
17 Refusjonar	-1 313 221	-841 000	156	-1 216 322
19 Finansieringsinntekter	-30 239	-40 000	76	-58 640
Sum tjeneste: 12020 Økonomiavdeling	4 911 667	5 362 000	92	5 187 434

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar skatteoppkrevjaren i Gloppen, kommunen si lønnsavdeling, fakturabehandling, rekneskapsføring og innkrevjing. I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellestrådet og Trivselshagen IKS, og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkrevjing for desse som for kommunen.

Tenesta vart delt i 2013, då økonisjefen og økonomirådgjevar vart trekt ut og lagt under rådmannen (ansvar 1000) medan resten av avdelinga vart slegen saman med servicetorget.

Fast stillingsressurs:

Til fellestenestene ligg 7,5 årsverk fordelt på 8 tilsette i tillegg kjem økonomirådgjevar og økonomisjef.

Avviksvurdering:

Tenesta har ei innsparing på om lag 300.000,- kroner. Mesteparten av dette skuldast mindre lisenskostnader på programvare som andre kommunar har det daglege ansvaret for. Dessverre har vi så langt ikkje hatt gode nok rutinar som sikrar rett budsjettering av desse utgiftene.

12030 Servicetorg

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12030 Servicetorg				
10 Lønn og sosiale utgifter	3 382 230	3 358 000	101	3 401 043
11 Driftsutgifter	373 651	405 000	92	341 491
13 Kjøp av kommunale tenester	165 250	150 000	110	146 602
14 Overføringar	86 598	80 000	108	75 726
15 Finansieringsutgifter	521	0	0	651
17 Refusjonar	-337 187	-305 000	111	-298 813
19 Finansieringsinntekter	-33 319	0	0	0
Sum tjeneste: 12030 Servicetorg	3 637 744	3 688 000	99	3 666 700

Kort om tenesta:

Tenesta til servicetorget på heradshuset er to-delt og omfattar både publikumstenester og støttetjenester til den kommunale organisasjonen.

Publikumstenester: Mottak, både besøkande og på telefon, billettsal for alle arrangement i Trivselshagen, drift av kommunen sine heimesider (gloppen.kommune.no og trivselshagen.no), drift av kommunen si facebookside, drift av nettsida til kyrkja i Gloppen og nettstadene gloppen.no og sandanedagane.no. Dei tilsette på servicetorget har i tillegg saksbehandling retta mot publikum på områda: overformynderiet (1. halvår 2013), bustøtte og startlån, transportstøtte (drosjekort), følgjekort og parkeringsløyve, serverings- og skjenkeløyve, barnehageopptak og tomtetildeling (oppramsinga er ikkje fullstendig).

Interne tenester: Postmottak og arkiv, politisk sekretariat og saksbehandling.

Fast stillingsressurs:

Til tenesta er ved årsskiftet 2013/2014 knytt 6,2 årsverk, hovudsakleg fordelt slik: Mottak/sentralbord 1,6 årsverk, post/sak/arkiv 2 årsverk, leing/sekretariat/saksbehandling/informasjon 2,6 årsverk.

Avviksvurdering:

Tenesta har ei innsparing på om lag 50.000 kroner, som er noko lunde balanse. Det er inntektsført vel 30.000,- frå eit bunde fond som ikkje var budsjettert. Fondet, som skulle vore inntektsført tidlegare, er eit statstilskot til elektrisk dokumentutveksling.

12040 Felles IT - drift

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12040 Felles IT - drift				
10 Lønn og sosiale utgifter	1 761 963	2 080 000	85	2 069 708
11 Driftsutgifter	1 080 950	1 470 000	74	966 777
13 Kjøp av kommunale tenester	897 764	195 000	460	233 632
14 Overføringer	30 582	120 000	26	154 177
15 Finansieringsutgifter	1 390	0	0	1 940
17 Refusjonar	-242 520	-565 000	43	-686 186
Sum tjeneste: 12040 Felles IT - drift	3 530 129	3 300 000	107	2 740 048

Kort om tenesta:

Tenesta omfatter den sentrale IKT-drifta i kommunen. Her blei dei IKT-kostnadene førte som ikkje er naturleg å belaste direkte på andre tenester, som serverdrift og antivirusprogram. Drift av tenesta blei gradvis lag tom i 2013, frå kommunal til Nordfjord Nett/felles driftsenter for Nordfjord.

Fast stillingsressurs: Det var 4 årsverk knytt til tenesta så lenge den var kommunal. Frå november 2013 var det eitt årsverk igjen i kommunen.

Avviksvurdering:

Det er registrert eit negativt avvik i høve budsjett på kr 200.000,-. Dette heng saman med overgang til Nordfjord Nett. Avvik på artane 10, 11 og 13 heng saman med overføringa til felles driftsenter og at tenestekjøp erstattar egne tenester.

18000 Diverse fellesutgifter

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 18000 Diverse fellesutgifter				
10 Lønn og sosiale utgifter	68 135	65 000	105	87 886
11 Driftsutgifter	19 217	50 000	38	44 492
14 Overføringer	3 939	0	0	1 664
16 Salsinntekter	0	-10 000	0	-6 000
17 Refusjonar	-3 939	-25 000	16	-10 664
Sum tjeneste: 18000 Diverse fellesutgifter	87 352	80 000	109	117 378

Kort om tenesta:

Her blir ført utgiftene til overformynderiet (fram til 1. juli då Fylkesmannen tok over ansvaret), her under godtgjersle til nokre hjelpeverjer der vedkomande som har hjelpeverje ikkje har egne midlar, eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Mesteparten av utgiftene til desse utvala er sjølvsgt møtegodtgjersle.

Fast stillingsressurs:

Det er ingen faste stillingsressursar til denne tenesta.

Avviksvurdering:

Tenesta er i balanse.

23300 Anna førebyggande helsearbeid

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 23300 Anna førebyggande helsearbeid				
10 Lønn og sosiale utgifter	59 249	0	0	0
11 Driftsutgifter	894	0	0	0
Sum tjeneste: 23300 Anna førebyggande helsearbeid	60 144	0	0	0

Kort om tenesta:

For tenesta 23300 er det lønn til folkehelsekoordinatør som er ført på ansvar 1000.

Fast stillingsressurs: 30% stilling, som var knytt til rådmannen sin stab.

Avviksvurdering:

Det er ikkje eit reelt avvik mellom regnskap og budsjett då stillinga var 100 % finansiert innan rammene til helse/omsorg. Avviket på kr 60.000,- på ansvar 1000, kjem som følge av at lønnsmidlar til stillinga ikkje blei budsjettmessig overført til ansvar 1000 då stillinga blei overført.

23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma				
11 Driftsutgifter	253 416	320 000	79	350 906
14 Overføringar	20 273	25 000	81	28 072
15 Finansieringsutgifter	73 984	0	0	0
17 Refusjonar	-347 673	-345 000	101	-356 032
Sum tjeneste: 23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma		0	0	22 946

Kort om tenesta:

Dette er ”dør-til-dør” eller ”drosjekort-ordninga”, som er eit tilbod kommunane driv med fylkeskommunale midlar. Ordninga er til for at eldre og funksjonshemma skal kunne kome seg fram til tilbod som vi andre kjem oss fram til sjølve. Det er ikkje ei ordning for skyss til og frå lege og sjukehus m.m., men til butikken, på kaféen eller på besøk til andre. Talet på brukarar noko lunde stabilt på rundt 240.

Fast stillingsressurs:

Kostnaden med å administrere ordninga er ført på teneste 12030.

Avviksvurdering:

Det skal ikkje vere avvik på denne tenesta. I 2013 har vi delt ut knapt 75.000,- «for lite». Dette beløpet er sett av til bunde fond for å vege opp for tilsvarande trekk i refusjonen frå fylkeskommunen i 2014.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid				
11 Driftsutgifter	41 508	85 000	49	62 796
14 Overføringar	10 082	20 000	50	19 199
16 Salsinntekter	-72 432	-85 000	85	-71 236
17 Refusjonar	-10 082	-20 000	50	-15 699
Sum tjeneste: 24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	-30 924	0	0	-4 940

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar tilsyn med skjenkestadene i kommunen. Inntektene er alkoholavgifter, som skal dekkje våre utgifter til tilsyn. Utgifter til eiga saksbehandling i skjenkesaker er ikkje lagt på denne tenesta.

Fast stillingsressurs:

Kostnaden med å administrere tenesta er ført på teneste 12030.

Avviksvurdering:

Tenesta går med overskot, men då skal vi hugse på at kostnaden saksbehandling og administrasjon blir ført på andre tenester, hovudsakleg 12030.

28300 Etablering og oppretth av eige bolig

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 28300 Etablering og oppretth av eige bolig				
11 Driftsutgifter	11 800	0	0	0
14 Overføringar	314 750	250 000	126	1 170 000
15 Finansieringsutgifter	412 209	200 000	206	287 387
17 Refusjonar	-402 950	-250 000	161	-1 170 000
19 Finansieringsinntekter	-291 274	-190 000	153	-253 843
Sum tjeneste: 28300 Etablering og oppretth av eige bolig	44 534	10 000	445	33 544

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar formidlinga av Husbanken sine tilskot og startlån. I 2013 har seks personar/familiar fått tilskot gjennom denne ordninga (14 Overføringar på utgiftssida og 17 Refusjonar på inntektssida). Eitt av tilskota er ikkje utbetalt, og beløpet er avsett på bunde fond til utbetaling i 2014. Finansieringsutgiftene og -inntektene er betalte renter til Husbanken, og mottekne renter på vidareutlånet. Avdraga er ført på tilsvarande teneste i investeringsrekneskapen (prosjekt 38350).

Fast stillingsressurs:

Kostnaden med å administrere ordninga er ført på teneste 12030.

Avviksvurdering:

Tenesta viser eit underskot som kjem av at vi har betalt meir i rente til Husbanken enn vi tar inn i rente på våre utlån. Årsaka til dette er 1) at nokre betalar ned/løyser inn sine lån hos oss utan at vi betalar ned vårt lån i Husbanken tilsvarende og 2) at vi betalar rente frå vi tar opp lånet, medan vi ikkje får renteinntekter før vi har vidarelånt pengane.

29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)				
10 Lønn og sosiale utgifter	968 013	692 000	140	469 966
11 Driftsutgifter	598 591	73 000	820	124 320
14 Overføringar	101 604	9 000	1 129	23 791
15 Finansieringsutgifter	63	0	0	0
16 Salsinntekter	-189 845	-138 000	138	-240 207
17 Refusjonar	-1 478 426	-635 000	233	-377 870
Sum tjeneste: 29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	0	1 000	0	1

Kort om tenesta:

Tenesta omfattar Gloppen kommune sitt vertskommuneansvar for drift av Kommunenett Nordfjord. Til tenesta høyrar adm.leiar/strategisk IKT-leiar og ei konsulentstillinga med oppvekst som arbeidsområde. Gloppen kommune tok over (frå Stryn) som vertskommune for stillinga knytt til oppvekst frå 1. september 2013. Adm.leiar har kommunen hatt ansvaret for heile 2013.

Utgiftene med ordninga blir fordelt etter «Nordfjord-nøkkelen», d.v.s. 25 % av kostnaden fast per kommune og 75 % fordelt etter folketalet.

Fast stillingsressurs:

Frå 1. september 2013 er 2,0 årsverk knytt til tenesta.

Avviksvurdering:

Dette er ei teneste som skal gå i balanse. Nettoutgiftene blir fordelt på dei sju Nordfjord-kommunane etter nøkkelen som er omtala innleiingsvis.

Årsaka til det store avviket i bruttotal er at vi ikkje har korrigert budsjettet for overtaking av ansvaret for oppvekststillinga. Denne har ein bruttokostnad i 2013 (etter at Gloppen tok over som vertskommune) på vel kr 440.000,-. I tillegg I tillegg kjem to store enkelttiltak, som ikkje var budsjettet: Innkjøp av videokonferanseutstyr (50 % av kostnaden) og ei ROS-analyse i samband med flytting av driftsserverar til Nordfjordnett (driftssenteret i Måløy). Samla kostnader for desse to tiltaka var om lag 270.000,-. Desse kostnadene er finansierte med eksterne midlar.

Gloppen kommune sin del av utgiftene på tenesta er

- kr 70.533,- knytt til oppvekst og
- kr 119.312,- knytt til adm.leiar/strategisk IKT-leiar.

Desse utgiftene er belasta tenestene 20200 og 12040 i vårt kommunerekneskap.

30100 Behandling av plansaker

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 30100 Behandling av plansaker				
10 Lønn og sosiale utgifter	192 819	102 000	189	0
11 Driftsutgifter	-2 769	0	0	0
14 Overføringer	-800	0	0	0
17 Refusjonar	800	0	0	0
Sum tjeneste: 30100 Behandling av plansaker	190 050	102 000	186	0

Kort om tenesta:

Funksjon 301 i KOSTRA dekker utarbeiding, behandling, kontroll og konsekvensutgreiing av planer etter plan- og bygningsloven. Mellom anna skal oppgåver og aktivitetar knytt til samfunnsplanlegging registrerast under denne tenesta

Fast stillingsressurs: Det er 80% stilling knytt til tenesta. Stillingsinnehavar er overført frå helse/omsorg etter omorganiseringa i 2013.

Avviksvurdering:

Avviket på kr 88.000,- skuldest at det berre blei overført budsjettmidlar frå helse/omsorg til å dekke 50% stilling. Stillinga er fullfinansiert frå 2014.

30300 Kart og oppmåling

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 30300 Kart og oppmåling				
13 Kjøp av kommunale tenester	37 500	0	0	0
Sum tjeneste: 30300 Kart og oppmåling	37 500	0	0	0

Kort om tenesta:

KOSTRA – funksjon 303 dekker tenester innan kart og oppmåling.

Fast stillingsressurs: Ingen fast stillingsressurs

Avviksvurdering:

Avviket er Gloppen kommune sin del av utgifter i samband med vurdering av ny løysing for Nordfjord sine geografiske informasjonssystem. Utgiften blir refundert då det er felles prosjektmidlar til prosjektet og det blir søkt om refusjon av beløpet i 2014.

32000 Kommunal næringsverksemd

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 32000 Kommunal næringsverksemd				
11 Driftsutgifter	47 511	0	0	11 638
14 Overføringer	11 878	0	0	2 909
16 Salsinntekter	-83 167	0	0	-21 178

17 Refusjonar	-93 818	0	0	-86 159
Sum tjeneste: 32000 Kommunal næringsverksemd	-117 596	0	0	-92 790

Kort om tenesta:

Teneste 320 syner inntekter og utgifter knytt til kommunal næringsverksemd. Døme på kostnader som blir ført på tenesta er.

- Driftsutgifter til kommunale jordbrukseigedomar
- Kontingent til LVK
- Frie konsesjonsinntekter
- Utgifter til /inntekt frå kommunalt eigde lokalar som blir leigde ut for å gi kommunen økonomisk vinst.

Fast stillingsressurs: Ingen stillingsressurs er knytt til tenesta.

Avviksvurdering:

Sidan det ikkje er sett opp budsjett for tenesta gir inntektene eit positivt avvik på gode kr 117.000,- i 2013.

32500 Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 32500 Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet				
10 Lønn og sosiale utgifter	42 548	30 000	142	0
11 Driftsutgifter	493 837	855 000	58	642 337
13 Kjøp av kommunale tenester	421 194	75 000	562	107 950
14 Overføringar	1 567 647	1 883 000	83	2 014 436
15 Finansieringsutgifter	116 901	300 000	39	595 143
17 Refusjonar	-1 396 019	-1 063 000	131	-1 148 941
19 Finansieringsinntekter	-152 120	-620 000	25	-10 916
Sum tjeneste: 32500 Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	1 093 988	1 460 000	75	2 200 009

På ansvar 1100 – Servicetorget:

Kort om tenesta:

Teneste 32500 «Tilrettelegging og bistand til næringslivet» syner utgifter /inntekter som kommunen har i samband med tilrettelegging for lokalt næringsliv og – utvikling, til utbyggingsområde for næringsverksemd, tiltaksarbeid, tilskot frå kommunale næringsfond, servicetenester (som turistinformasjon, brosjyrematriell, annonsering i messeavis og magasin) med meir.

Fast stillingsressurs:

Det er ingen fast stillingsressurs til tenesta. Sommaren 2013 blei turistinformasjonen delvis driven med innleigd ekstrahjelp i knappe to månader.

Avviksvurdering:

Tenesta syner eit positivt overskot på godt kr 350.000,-. Dette skuldest i hovudsak at det blei det ved tildeling av midlar blei reservert midlar til eit meld prosjekt, som likevel ikkje kom til endeleg behandling i 2013.

33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak				
13 Kjøp av kommunale tenester	20 000	0	0	0
14 Overføringer	0	0	0	270 000
Sum tjeneste: 33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak	20 000	0	0	270 000

Kort om tenesta:

Teneste 330 « Samferdslebedrifter og transporttiltak) syner utgifter til hamnevesen, kaier og brygger, tilskot til flyplasser, tilskot/drift av lokale transporttiltak. I gloppen blir mellom anna utgifter til Nordfjordkryssing AS og deltaking i arbeidsgruppe for E39 ført på denne tenesta

Fast stillingsressurs: Ingen stillingsressurs er knytt til tenesta.

Avviksvurdering:

Avviket kan tyde på at Nordfjordkryssing AS ikkje har send søknad om å få utbetalt tilskotet i 2013. Beløpet som er utbetalt er til arbeidsgruppa for E 39.

3.3.2 Oppvekstutvalet

12010 Administrativ leing

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12010 Administrativ leing				
11 Driftsutgifter	123 812	-	-	-
Sum tjeneste: 12010 Administrativ leing	123 812	-	-	-

Utgifta utan budsjettdekning her oppvekstsektoren sin del av utgiftene til leiarutviklingsprogrammet i 2013. Denne utgifta låg tidlegare på gruppeansvar 1 og var budsjettet der.

20100 Førskule

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 20100 Førskule				
10 Lønn og sosiale utgifter	21 477 458	20 519 000	105	22 048 006
11 Driftsutgifter	1 491 043	1 730 000	86	2 213 486
13 Kjøp av kommunale tenester	13 904 111	14 475 000	96	15 907 937
14 Overføringer	317 637	606 000	52	429 157
15 Finansieringsutgifter	793 753	-	-	346 141
16 Salsinntekter	-4 284 455	-4 392 000	98	-4 294 395
17 Refusjonar	-2 467 503	-815 000	303	-4 232 178
18 Overføringer	-10 000	-	-	-
19 Finansieringsinntekter	-2 636	-32 000	8	-6 889
Sum tjeneste: 20100 Førskule	31 219 409	32 091 000	97	32 411 266

Kort om tenesta:

Tenesta inneheld drift og noko administrativ støtte knytt til barnehageområdet, herunder finansiering av dei private barnehagane.

Avviksvurdering:

Overforbruket på gruppeart 10 må sjåast i samanheng med meirinntekta i gruppeart 17. Overforbruket skuldast i hovudsak sjukefråver, og dette er i stor grad kompensert i form av refusjonar (gruppeart 17). Det har ikkje vore brukt vikarar anna enn når det har vore tvingande nødvendig. Meirforbruket gruppeart 15 skuldast hovudsakleg at eit eksternt finansiert utviklingsprosjekt for barnehagane i Nordfjord vert ført over denne tenesta på oppvekstsjefen sitt ansvar. Dette prosjektet er balansert ut ved inntekter på gruppeartane 17 og 19. Gruppeart 13 er overføringar til dei ikkje-kommunale barnehagane. Mindreforbruket her skuldast fleire forhold. For 2012 fekk desse barnehagane utbetalt det dei hadde krav på, og grunna ein feil fekk dei litt for mykje. Dette vart henta innatt ved avkorting av utbetalingane i 2013, og gjev på den måten eit mindreforbruk dette året.

20200 Grunnskule

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 20200 Grunnskule				
10 Lønn og sosiale utgifter	56 519 408	56 992 000	99	55 324 091
11 Driftsutgifter	4 337 277	4 009 000	108	4 048 067
13 Kjøp av kommunale tenester	1 055 461	595 000	177	826 092
14 Overføringer	695 945	639 000	109	483 471
15 Finansieringsutgifter	150 736	105 000	144	204 310
16 Salsinntekter	-157 736	-30 000	526	-27 237
17 Refusjonar	-3 119 880	-1 509 000	207	-4 521 574
18 Overføringer	-13 000	-	-	-85 759
19 Finansieringsinntekter	-27 915	-	-	-10 333
Sum tjeneste: 20200 Grunnskule	59 440 296	60 801 000	98	56 241 128

Kort om tenesta:

Tenesta inneheld drift og støttefunksjonar knytte til undervisning av grunnskuleborn.

Avviksvurdering:

Mindreforbruket på gruppeart 10 skuldast at det ikkje har vore brukt vikarar annan enn når det har vore heilt nødvendig. At leiarar og personalet har lagt seg i selen her viser tydeleg ved at sjukelønsrefusjon (gruppeart 17) samstundes er rimeleg høg. Auka lisenskostnader (i all hovudsak knytt til kopiavgifter og programvare) er hovudgrunnen til at gruppeart 11 syner eit overforbruk. Overforbruket på gruppeart 13 skuldast utgifter til skulegong for fosterheimplasserte born i andre kommunar. Avviket på gruppeart 14 skuldast i hovudsak at budsjettssystemet kalkulerer momsen etter ein snittsats, slik at det vert budsjettert med både for mykje og for lite moms i ein del tilfelle. Dette betyr ingenting for botnlina då tilsvarende avvik med motsett forteikn framkjem på gruppeart 17. Gruppeart 15 er avsetjing av midlar for eksternt finansierte tiltak der utgiftene kjem seinare (i 2014). Desse er inntektsførde på gruppeartane 17 og 18, avhengig av kva det gjeld. Hovudtyngda av avviket på gruppeart 17 er likevel sjukelønsrefusjon. Gruppeart 19 er bruk av tidlegare avsette midlar til eksternt finansierte prosjekt/tiltak.

21100 Styrka tilbod til førskulebarn

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 21100 Styrka tilbod til førskulebarn				
10 Lønn og sosiale utgifter	2 093 482	1 957 000	107	2 142 490
11 Driftsutgifter	122 781	175 000	70	59 010
13 Kjøp av kommunale tenester	631 688	400 000	158	852 361
14 Overføringer	12 406	13 000	95	5 920
17 Refusjonar	-38 415	-13 000	296	-92 289
19 Finansieringsinntekter	-	-	-	-32 861
Sum tjeneste: 21100 Styrka tilbod til førskulebarn	2 821 942	2 532 000	111	2 934 630

Kort om tenesta:

Denne tenesta gjeld utgifter knytte til styrka tiltak for barnehageborn der PPT tilrår at det vert sett inn ein ekstra innsats og det vert fatta vedtak om styrkt innsats.

Avviksvurdering:

Overforbruket på denne tenesta skuldast fleire born enn budsjettert med rett til styrka tiltak. Det er nasjonale retningslinjer og lover som stiller krav til at kommunen skal yte desse tenestene og understrekar at tiltak skal setjast inn så tidleg som mogeleg. God og rett innsats i denne tenesta kan spare kommunen for store utgifter gjennom skulegongen til dei borna det gjeld.

21300 Vaksenopplæring

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 21300 Vaksenopplæring				
10 Lønn og sosiale utgifter	4 093 883	4 258 000	96	4 188 623
11 Driftsutgifter	812 703	710 000	114	603 706
13 Kjøp av kommunale tenester	61 130	6 000	1 019	21 855
14 Overføringar	132 182	149 000	89	79 370
16 Salsinntekter	-212 844	-60 000	355	-317 322
17 Refusjonar	-2 393 208	-2 331 000	103	-2 621 736
19 Finansieringsinntekter	-5 225	-	-	-
Sum tjeneste: 21300 Vaksenopplæring	2 488 621	2 732 000	91	1 954 497

Kort om tenesta:

Denne tenesta inneheld aktivitetane ved Gloppen opplæringscenter. Utviklinga her har gått meir og meir i retning av at GOS er eit reint språkopplæringscenter for dei som kjem til kommunen vår utan å kunne noko særleg norsk.

Avviksvurdering:

Rekneskapen viser tydeleg at det har vore arbeid svært godt på GOS i år også. Aktiviteten har vore høg, og dei har spart der det har vore mogeleg. Dei har nesten ikkje hatt sjukefråver og dei har makta å selje meir tenester enn budsjettert innanfor rammene dei hadde.

21500 Skulefritidstilbod

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 21500 Skulefritidstilbod				
10 Lønn og sosiale utgifter	2 665 925	2 559 000	104	2 556 534
11 Driftsutgifter	73 771	87 000	85	70 267
14 Overføringar	11 471	10 000	115	12 001
16 Salsinntekter	-1 270 595	-1 522 000	83	-1 339 179
17 Refusjonar	-109 554	-10 000	1 096	-221 898
Sum tjeneste: 21500 Skulefritidstilbod	1 371 018	1 124 000	122	1 077 725

Kort om tenesta:

SFO er eit tilbod til føresette om opphald for borna deira (1. – 4. klasse) i den tida dei er på arbeid og det ikkje er undervisning ved skulen. Alle skulane med barnesteg tilbyr denne tenesta, men opningstid og ordningar varierer noko.

Avviksvurdering:

Meirforbruket på botnlina kjem av at færre born enn budsjettert har nytta tenesta, men at vi likevel ikkje har kunne redusere bemanninga for at det skal vere tryggleiksmessig forsvarleg. Sjukelønsrefusjon er årsaka til det store avviket på gruppeart 17.

22200 Skulelokale

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 22200 Skulelokale				
11 Driftsutgifter	2 012 667	2 020 000	100	2 011 329
14 Overføringar	503 167	535 000	94	502 207
16 Salsinntekter	-660	-	-	-
17 Refusjonar	-503 167	-535 000	94	-503 430
Sum tjeneste: 22200 Skulelokale	2 012 007	2 020 000	100	2 010 106

Kort om tenesta:

Denne tenesta inneheld i hovudsak leige av lokale og grunn til undervisningsføremål. Her er det ei stor postering, Trivselshagen.

Avviksvurdering:

Eit avvik på 4 % må kunne karakteriserast som innertiar og viser at Trivselshagen har halde seg til det kostnadsbiletet dei oppgav i budsjettprosessen.

22300 Skuleskyss

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 22300 Skuleskyss				
11 Driftsutgifter	2 552 994	2 490 000	103	2 534 646
14 Overføringar	203 954	615 000	33	202 772
17 Refusjonar	-208 639	-615 000	34	-204 489
Sum tjeneste: 22300 Skuleskyss	2 548 309	2 490 000	102	2 532 929

Kort om tenesta:

Denne tenesta inneheld kostnader vedkomande transport av born til og frå skule og skuleaktivitetar som td badekøyning.

Avviksvurdering:

Meirforbruket gruppeart 11 skuldast auka elevtal med rett til skuleskyss og auka billettprisar i løpet av året. Mindreforbruket gruppeart 14 skuldast at budsjetteringsprogrammet ikkje handterer moms på transporttenester rett. Botnlina vert likevel rett, fordi avviket vert det same med motsett forteikn på gruppeart 17. Gr. art 14 er moms, og avviket mot gr.art 17 er refusjon for fylgjeteneste frå fylkeskommunen.

23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste				
10 Lønn og sosiale utgifter	2 949 159	3 331 000	89	2 550 470
11 Driftsutgifter	601 572	727 000	83	616 592
13 Kjøp av kommunale tenester	279 996	300 000	93	173 411
14 Overføringar	136 582	158 000	86	126 445
15 Finansieringsutgifter	185 000	-	-	-
17 Refusjonar	-908 734	-1 098 000	83	-798 643
19 Finansieringsinntekter	-50 000	-	-	-55 185
Sum tjeneste: 23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	3 193 575	3 418 000	93	2 613 090

Kort om tenesta:

Tenesta inneheld drift av helsestasjonen med skulehelseteneste, jordmorteneste og helsestasjon for ungdom inkludert. I tillegg er det tilsett kommunepsykolog som vert ført på denne tenesta.

Avviksvurdering:

Mindreforbruket på gruppeart 10 skuldast at jordmor hadde permisjon og av vi venta med å tilsetje ekstra helsesøster til prosjektmidlane var tildelte. På gruppeart 13 er kjøp av jordmortenester frå Helse Førde. Gruppeart 14 er utgåande MVA. Gruppeart 15 er avsetjing av bundne prosjektmidlar (tilskot) som skal brukast våren 2014. Meirinntekta på gruppeart 17 er meir MVA-kompensasjon (ref. gr.art 14), litt sjukelønsrefusjon og prosjektmidlar. Finansieringsinntekter (gr.art 19) er bruk av bundne fondsmidlar (kommunepsykolog).

24400 Barneverntenesta

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 24400 Barneverntenesta				
10 Lønn og sosiale utgifter	2 265 714	2 271 000	100	2 160 050
11 Driftsutgifter	476 652	384 000	124	523 133
13 Kjøp av kommunale tenester	-	-	-	6 687
14 Overføringar	124 725	62 000	201	120 026
15 Finansieringsutgifter	655 805	-	-	31 351
17 Refusjonar	-1 394 506	-680 000	205	-764 879
19 Finansieringsinntekter	-4 015	-	-	-22 032
Sum tjeneste: 24400 Barneverntenesta	2 124 375	2 037 000	104	2 054 336

Kort om tenesta:

Tenesteområdet gjeld sakshandsaming og generell drift av barneverntenesta.

Avviksvurdering:

Overforbruk skuldast fleire saker i fylkesnemnda og ditto auke i advokatkostnad. Leigekostandene på Grandane er noko høgare enn det som var budsjettert. Kommunen har vore svært aktiv når det gjeld å søkje ekstern finansiering av ulike tiltak. Dette er hovudgrunnen til at botnlina på tenesta er såpass låg. Gruppeart 15 er avsetjing av bundne kursmidlar knytt til kompetanseheving der Gloppen har teke på seg ansvaret for å administrere ei kursrekke for alle barnevernstenestene fylket. Desse kursmidlane kjem inn til kommunen på gruppeart 17 saman med andre øyremarka midlar kommunen har søkt om og fått.

25100 Barneverntiltak i familien

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 25100 Barneverntiltak i familien				
10 Lønn og sosiale utgifter	504 753	55 000	918	23 420
11 Driftsutgifter	73 087	17 000	430	7 835
13 Kjøp av kommunale tenester	-	245 000	-	159 540
14 Overføringar	64 331	101 000	64	89 932
15 Finansieringsutgifter	95 530	-	-	-
17 Refusjonar	-543 410	-1 000	54 341	-51 724
Sum tjeneste: 25100 Barneverntiltak i familien	194 290	417 000	47	229 004

Kort om tenesta:

Tenesta gjeld hjelpetiltak i heimen gjeve etter lvbtj. § 4-4

Avviksvurdering:

Mindreforbruk skuldast i all hovudsak mindre kjøp av statlege hjelpetiltak grunna utnytting av eigen kompetanse/kapasitet i kommunen og mindre bruk av støttekontakt/avlastning enn det som er budsjettert. Her vil det vere til dels store svingingar frå år til år i høve behov. Vi har lagt oss på ei meir restriktiv linje enn tidlegare, då vi ser at over tid vil slike tiltak lett fører til «hjelpeavhengigheit». Også på denne tenesta vert det aktivt søkt ekstern finansiering når høvet byr seg, og det har gitt resultat(jfr. gr.art 17).

25200 Barneverntiltak utanfor familien

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 25200 Barneverntiltak utanfor familien				
10 Lønn og sosiale utgifter	4 374 263	4 331 000	101	4 382 910
11 Driftsutgifter	1 080 264	1 109 000	97	1 102 714
13 Kjøp av kommunale tenester	298 545	350 000	85	133 852
14 Overføringer	758 033	581 000	130	1 075 391
16 Salsinntekter	-	-	-	-4 995
17 Refusjonar	-4 751 493	-4 511 000	105	-4 610 855
19 Finansieringsinntekter	-	-	-	-362 500
Sum tjeneste: 25200 Barneverntiltak utanfor familien	1 759 612	1 860 000	95	1 716 518

Kort om tenesta:

Tenesta gjeld omsorgstiltak i fosterheim og institusjon etter lvbtj. § 4-4, 5.ledd /§ 4-12. I tillegg er drift av butiltak for einsleg mindreårige asylsøkjjarar ført på dette tenesteområdet (Objekt 2305)

Avviksvurdering:

Mindreforbruk her skuldast i all hovudsak tre ting: Meirinntekter gjennom full/god utnytting av refusjonsordningar frå staten i høve butiltaket for einsleg mindreårige flyktningar. Periodevis «overbelegg» utan auka ressursinnsats – gjev meir ordinær refusjon (dvs. ordinære integreringstilskot som er uavhengig av barnevernsressurs). I tillegg kjem reduksjon i kjøp av institusjonsplass frå statleg barnevern. Denne reduksjonen er diverre ikkje reell, men skuldast at BUFetat ikkje sende ut rekning for 4. kvartal 2013 før langt ut i februar 2014 slik at dette ikkje vart med i rekneskapen for 2014. Dette siste er utgifter som varierer frå år til år og umogleg å budsjettere nøyaktig, men vi dreg med oss etterslepet inn i 2014 i tillegg til det reelle forbruket vi kjem til å få. Det har vore ei auke i tal fylkesnemndsaker og plasseringar i fosterheim i 2013 – meirkostnadane ved dette er kompensert gjennom refusjon frå bufetat, avvikling av andre saker og reduksjon av styrkingstiltak i fleire fosterheimar. Ansvarsområdet er svært hendingsstyrt og vanskeleg å budsjettere. Ein må difor pårekne store svingingar i driftskostnadene frå år til år.

Sum grp. Ansvar: 2 Barnehagar og undervisning

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Sum grp. Ansvar: 2 Barnehagar og undervisning	109 298 145	111 522 000	98	105 780 960

Totalt sett leverer sektoren eit mindreforbruk i høve budsjettet for 2013 stort kr 2 579 602 eller vel 2,3% av budsjettet. Målsetjinga gjennom heile året har vore at sektoren ikkje skulle ha overforbruk totalt sett. Alle har teke i eit tak og spart der det sparast kunne, mellom anna har vikarbruken vore minimalisert. Dette har gitt resultat, sjølv om midlane med fordel kunne vore nytta til å gje eit betre tilbod til born og unge. Ein del store utgifter har vi ikkje full oversikt over før kring årsskiftet (gjeld td større prosjekt vi deltek i i Nordfjord og ein del lisensar), noko som gjer at vi må ta høgde for at dei vert større enn vi har føresett i budsjettet. Dette gjer at vi har halde igjen for å vere sikre på at vi kom i land med botnlina innanfor ramma kommunestyret har sett.

3.3.3 Helse- og omsorgsutvalet

12010 Administrativ leing

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 12010 Administrativ leing	133 336	0	0	0
Sum tjeneste: 12010 Administrativ leing	133 336	0	0	0

Utgifta utan budsjettdekning her er helse og omsorgssektoren sin del av utgiftene til leiarutviklingsprogrammet i 2013. Denne utgifta låg tidlegare på gruppeansvar 1 og var budsjettert der.

23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012	
Tjeneste: 23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste					
10 Lønn og sosiale utgifter		249 542	249 000	100	253 285
11 Driftsutgifter		978	0	0	1 375
14 Overføringar		0	1 000	0	0
17 Refusjonar		-69 312	-70 000	99	-68 136
Sum tjeneste: 23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste		181 209	180 000	101	186 524

Kort om tenesta: Dette gjeld fysioterapitenester på helsestasjonen.
Fast stillingsressurs: 40% stilling
Avviksvurdering: Ubetydeleg avvik.

23300 Anna førebyggjande helsearbeid

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 23300 Anna førebyggjande helsearbeid				
10 Lønn og sosiale utgifter	208 642	142 000	147	0
11 Driftsutgifter	4 193		30	6 618
14 Overføringar	70 514	16 000	441	93 080
17 Refusjonar	-300 838	-151 000	199	-80
19 Finansieringsinntekter	0	0	0	-142 300
Sum tjeneste: 23300 Anna førebyggjande helsearbeid	-17 490	21 000	-83	-42 682

Kort om tenesta: Tenesta vert nytta til rusførebyggjande arbeid og førebyggjande tiltak på fysio.
Fast stillingsressurs: Ikkje aktuelt
Avviksvurdering: Mindreforbruket skuldast mindre aktivitet enn planlagt.

23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma				
10 Lønn og sosiale utgifter	4 559 948	4 312 000	106	1 888 637
11 Driftsutgifter	2 610 475	2 626 000	99	213 670
13 Kjøp av kommunale tenester	2 005 580	1 868 000	107	1 869 380
14 Overføringer	363 657	377 000	97	29 097
16 Salsinntekter	-4 896 217	-5 460 000	90	-24 835
17 Refusjonar	-549 452	-377 000	146	-172 945
19 Finansieringsinntekter	0	0	0	-23 288
Sum tjeneste: 23400 Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	4 093 991	3 346 000	122	3 779 716

Kort om tenesta: Dette er støttekontakttjenesta, tilskot til Frivillegsentralen, kjøp av arbeids- og aktivitetstilbod frå Mona Vekst.

Fast stillingsressurs: Ikkje aktuelt.

Avviksvurdering: Årsaker til meirforbruk er mindre inntekter på middagssal enn budsjettert.

Overgang til alarmsentralen i Florø påverka også utgifta og prisauke til Mona Vekst for arbeids og aktivitetstilbodet.

24100 Diagnose, behandling og re/habilitering

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 24100 Diagnose, behandling og re/habilitering				
10 Lønn og sosiale utgifter	11 581 793	10 462 000	111	13 194 227
11 Driftsutgifter	3 857 733	3 781 000	102	3 308 828
13 Kjøp av kommunale tenester	1 512 855	1 435 000	105	1 455 334
14 Overføringer	838 904	626 000	134	794 034
15 Finansieringsutgifter	108 420	106 000	102	34 000
16 Salsinntekter	-429 886	-260 000	165	-311 465
17 Refusjonar	-3 387 262	-1 936 000	175	-2 883 771
18 Overføringer	0	0	0	-81 381
19 Finansieringsinntekter	-112 668	-12 000	939	-162 959
Sum tjeneste: 24100 Diagnose, behandling og re/habilitering	13 969 889	14 202 000	98	15 346 846

Kort om tenesta: Dette er legetjenesta inkludert hjelpepersonell på legesenteret og fysio- og ergoterapitjenesta .

Fast stillingsressurs: Redusert frå 20 til 14,5 fordi psykisk helse skal førast på teneste 25400 og omorganiseringa gav ein reduksjon på 0,4 årsverk.

Avviksvurdering: Totalt er det eit mindreforbruk på tenesta. Størstedelen av mindreforbruket skriv seg frå legesenteret fordi inntekter/refusjon vart større fordi legesenteret tok imot 3 turnuslegar. Det gav auka refusjon frå staten og auka refusjon frå Helfo grunna inntening frå turnuslegearbeidet.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid				
10 Lønn og sosiale utgifter	3 881 779	3 698 000	105	4 259 869
11 Driftsutgifter	64 209	122 000	53	115 293
13 Kjøp av kommunale tenester	1 098 013	737 000	149	105 748
14 Overføringar	4 911	18 000	27	437 122
17 Refusjonar	-619 170	-378 000	164	-809 427
19 Finansieringsinntekter	-135 874	0	0	-511 014
Sum tjeneste: 24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	4 293 869	4 197 000	102	3 597 592

Kort om tenesta: Tenesta inneheld kommunal drift av NAV Gloppen. Fast stillingsressurs er 550%. Avviket på 5,2% skuldast i stor grad etterslep på husleige frå 2012 som huseigar var sein med å sende krav på. Dette er utgifter staten forskotterar og som skal refunderast med 48% av kommunen, jfr partenerskapsavtala mellom Gloppen kommune og NAV S&Fj.

Fast stillingsressurs: 550%

Avviksvurdering: Ubetydeleg avvik.

24300 Tilbod til personar med rusproblem

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 24300 Tilbod til personar med rusproblem				
11 Driftsutgifter	9 750	0	0	3 300
13 Kjøp av kommunale tenester	807	0	0	0
14 Overføringar	10 000	10 000	100	0
Sum tjeneste: 24300 Tilbod til personar med rusproblem	20 557	10 000	206	3 300

Kort om tenesta: Tenesta inneheld støtte til drift av ettervernsarbeidet i Gloppen.

Fast stillingsressurs: Ikkje aktuelt

Avviksvurdering: Meirforbruket skuldast auka aktivitet i den lokale ettervernsgruppa.

25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon				
10 Lønn og sosiale utgifter	20 194 577	22 798 000	89	27 974 869
11 Driftsutgifter	1 897 211	2 026 000	94	5 847 094
13 Kjøp av kommunale tenester	105 331	482 000	22	50 282
14 Overføringar	302 746	536 000	57	1 022 652
15 Finansieringsutgifter	6 700	0	0	89 726
16 Salsinntekter	-1 623 942	-1 853 000	88	-6 934 988
17 Refusjonar	-1 275 152	-609 000	209	-7 334 300
18 Overføringar	-208 650	0	0	-120 350
19 Finansieringsinntekter	0	0	0	-294 080
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	19 398 821	23 380 000	83	20 300 905

Kort om tenesta: Denne tenesta omfattar korttid/rehab/langtidsplassar på omsorgssenteret og avlastning for born. I 2013 er utgiftene på kjøkkenet knytt til matlaging og kostutgifter for institusjon ført på denne tenesta i samsvar med KOSTRA-rettleiaren.

Fast stillingsressurs: 34,6 årsverk.

Avviksvurdering: Årsaker til mindreforbruket er reduksjonen på 2,7 årsverk frå sommaren 2013 fordi sengetalet kunne reduserast med 5 grunna trong for færre liggedøgn på institusjonen. Omorganiseringa førte også til 1 årsverk mindre. Driftsutgiftene har også vore lågare. Betaling for overlegg har vore mykje mindre enn budsjettet.

25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
10 Lønn og sosiale utgifter	92 995 407	90 554 000	103	90 839 617
11 Driftsutgifter	4 580 971	3 658 000	125	3 233 110
13 Kjøp av kommunale tenester	3 553 890	3 596 000	99	3 763 219
14 Overføringar	703 672	610 000	115	514 078
15 Finansieringsutgifter	18 810	25 000	75	92 491
16 Salsinntekter	-1 619 634	-1 145 000	142	-1 437 144
17 Refusjonar	-10 878 649	-7 227 000	151	-7 848 992
18 Overføringar	-225 770	0	0	-210 400
19 Finansieringsinntekter	-145 206	-49 000	296	-683 595
Sum tjeneste: 25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen	88 983 493	90 022 000	99	88 262 383

Kort om tenesta: Dette gjeld heimetenestene i Hyen, Sandane og Breim og tenestene i bustadane med bemanning tilgjengeleg heile døgnet. Dette er den største tenesta i helse- og omsorg.

Fast stillingsressurs: Auka til 33,6 årsverk fordi psykisk helse skal førast her.

Avviksvurdering: Av eit totalbudsjett på over 90 million er det svært tilfredsstillande med eit mindreforbruk på om lag 1 million. Tenesta hadde store utfordringar med knappe vikarbudsjetter. Samtidig var det problematisk å skaffe dei vikarane ein hadde trong for og det viser igjen på overtidsbruk og bruk av vikarbyrå. Eldre bilar har påført oss auka driftsutgifter i 2013. Brukarbetalingane har vore større enn budsjettet.

26500 Kommunalt disponerte boligar

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	%- forbruk	Regnskap 2012
Tjeneste: 26500 Kommunalt disponerte boligar				
10 Lønn og sosiale utgifter	838	0	0	2 090
11 Driftsutgifter	2 454 476	3 330 000	74	2 348 633
13 Kjøp av kommunale tenester	9 034	0	0	6 016
14 Overføringar	311 452	833 000	37	80 813
16 Salsinntekter	-1 829 132	-2 980 000	61	-1 847 732
25103741 Midlar til kommunepsykologstilling	529 572	529 572
25103742 Gåvefond Gotqatoppen avd Lyngtunet	0	1 800
25103891 Drosjekortordninga	73 984	0
25104501 Næringsfond	711 962	595 061
25104502 Landbruksfond	668 542	753 513
25106302 Til slamordninga	9 565	846 428
25106303 Vassfond	158 278	402 002
25106304 Avløpsfond	2 963 015	3 488 119
25106305 Rentefond-Gloppen Energi as	0	8 892 774
25106306 Eldremilliarden 2010	482 742	495 142
25106307 Psykososial oppfølging etter terrora	335 105	568 405
25106308 Mjelle - prosjektmidlar	12 316	17 540
25106309 Skjønnsmidlar - barnehagar	838 088	838 088
25106310 Forum - Barnehageutvikling -I Nordfj	552 915	346 141
25106311 Vassområde Nordfjord	383 427	0
25106312 Ny Giv/gnist	18 649	18 649
25106313 Positiv samhandling helsestasjonen	185 000	0
25106314 Saman i kvardagen	106 458	0

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

25120101 Prosjektm. Tilh. Teina barnehage	86 485	89 121
25120201 Prosjektm. Tilh. Austrheim skule	27 215	27 215
25123102 Rusførebyggande tiltak	28 580	35 646
25124104 Etterutdanning - grunnskulen	36 000	36 000
25124105 Gloppen ungdomsskule - kurs/studie	150 000	150 000
25130850 Putti Plutti Pott	4 015	27 165
25130851 Sandane skule - kulturkveld	30 896	35 661
25130852 Feltarbeid i skogen	38 288	0
25132306 Øremerka barnevernstilling	854 836	107 517
25133001 Viltkartlegging prosjekt 36019	505 308	494 140
25137301 Prosjekt "filmkunstner"	54 884	28 322
25138502 Naustdal Gjengedal landskapsvernområde	10 756 241	10 793 071
25138503 Kursmidlar oppvekst (frå fylkesmanne	260 741	260 741
25138505 Hogst/rydding Kolebakkane	193 894	189 609
25138506 EDU/BEST arkivmidlar	0	33 319
25138507 Vurdering for læring	25 948	25 948
25138508 FAU Nordstranda skule	4 047	4 047
25138509 Næringsfond ungdom	56 693	55 440
25204751 Viltfond objekt 4205	374 431	288 006
25231002 Brannutdanning prosjekt 33901	0	510 273
25241002 Til prosjekt folkehelsekoordinator	437 346	467 346
25254003 Til stamvegutvalet E39	10 000	10 000
25254005 Lokal transportprosjekt for ungdom	13 972	10 089
25254006 Kommunalt beredskapsplanarbeid	38 482	0
Ubundne investeringsfond	9 422 806	9 422 806
25301991 Investeringsfond	9 422 806	9 422 806
Bundne investeringsfond	5 850 025	4 807 248
25520152 Breim barnehage - Høns og drivhus	200 000	200 000
25525357 Nye langtidsplassar	1 556 623	1 556 623
25533000 Felles GIS Nordfjord	400 000	400 000
25533366 Nordstrandsvegen	1 632 222	1 632 222
25580200 Avdragsfond - Husbanken	2 061 180	1 018 403

4.7 KAPITALKONTO

	DEBET	KREDIT
INNGÅENDE BALANSE		199 132 499,69
Salg av fast eiendom og anlegg	550 349,00	
Av- og nedskrivning av fast eiendom og anlegg	12 536 922,18	
Aktivering av fast eiendom og anlegg		27 330 171,70
Oppskrivning av fast eiendom		
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner, transp.m.	4 617 997,14	
Oppskrivning av utstyr, maskiner, transp.m.		0,00
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidler		5 309 849,91
Salg av aksjer og andeler	0,00	
Nedskrivning av aksjer og andeler	245 626,00	
Kjøp av aksjer og andeler		945 447,00
Oppskrivning av aksjer og andeler		106 000,00
Aktivering av pensjonsmidler		38 821 649,00
Mottatte avdrag på utlån	2 041 202,51	
Av- og nedskrivning på utlån		
Utlån		4 650 649,00
Oppskrivning utlån		
Bruk av midler fra eksterne lån	27 464 416,88	
Avdrag på eksterne lån		11 570 717,00
Endring pensjonsforpliktelser	47 481 104,00	
Endring skyldig arb.g.avgift av netto pensj. forpliktelse	4 014 654,63	
Urealisert valutatap	0,00	
Urealisert valutagevinst		0,00
UTGÅENDE BALANSE	187 813 922,96	
SUM	287 866 983,30	287 866 983,30

4.8 SAL AV FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL

Ikkje aktuell.

4.9 INTERKOMMUNALT SAMARBEID ETTER KOMMUNELOVA § 27

Gloppen kommune er vertskommune for Vassområde Nordfjord og IKT Nordfjord. Fordelingen av utgiftene er gjennomført etter den sokalla «Nordfjordnøkkelen» som nyttast på å fordele utgiftene ved fleire samarbeidsprosjekt i Nordfjord

IKT Nordfjord

Inntekter frå:	Totalt
Bremanger	142 958
Selje	112 948
Hornindal	72 682
Stryn	225 001
Vågsøy	199 402
Eid	194 236
Gloppen	189 845
Sum	
deltakerkommunar	1 137 072

Andre inntekter: 351 604

Totale inntekter: 1 668 271

Totale utgifter: 1 668 271

Vassområde Nordfjord

Inntekter frå:	2013
Bremanger	79 443
Selje	62 620
Hornindal	38 103
Stryn	41 115
Eid	160 000
Vågsøy	111 867
Gloppen	106 896
Staten	311 000
Momskomp	52 103
Fylkeskommunen	275 000
Totale inntekter	1 238 147

Totale inntekter: 1 238 148

Totale utgifter: 1 238 148

4.10 ENDRING I PERIODISERINGSPRINSIPP

DEBET		KREDIT	
01.01.2013 Saldo	17 900 692,13	Ingen bevegelse	0
Ingen bevegelse	0	31.12.2013 Balanse	17 900 692,13
SUM DEBET	17 900 692,13	SUM KREDIT	17 900 692,13

4.11 REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapsforskriftene krev at kommunen nyttar rekneskapsskjema. I alt er det fire skjema som skal nyttast. Desse er;

- * Rekneskapsskjema 1A – drift
- * Rekneskapsskjema 1B – drift
- * Rekneskapsskjema 2A – investering
- * Rekneskapsskjema 2B – investering

REGNSKAPSSKJEMA 1A – DRIFT

Regnskapsskjema 1A - drift	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Skatt på inntekt og formue	121 562 387	118 713 000	118 713 000	114 026 853
Ordinært rammetilskudd	189 117 502	192 500 000	192 500 000	188 886 656
Skatt på eiendom	13 271 367	12 600 000	12 600 000	12 731 150
Andre direkte eller indirekte skatter	1 606 224	490 000	490 000	1 221 269
Andre generelle statstilskudd	15 384 504	16 180 000	16 180 000	15 454 143
Sum frie disponible inntekter	340 941 985	340 483 000	340 483 000	332 320 071
Renteinntekter og utbytte	5 481 920	4 830 000	4 830 000	5 520 215
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	9 642 113	9 676 000	9 676 000	8 922 266
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	10 596 719	10 217 000	10 217 000	9 393 041
Netto finansinnt./utg.	-14 756 912	-15 063 000	-15 063 000	-12 795 092
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	8 240 235	7 749 000	479 000	7 135 846
Til bundne avsetninger	5 743 667	1 718 000	1 476 000	15 437 596
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	6 956 808	6 950 000	0	5 720 946
Bruk av ubundne avsetninger	595 223	963 000	343 000	5 358 290
Bruk av bundne avsetninger	3 060 855	779 000	223 000	1 721 232
Netto avsetninger	-3 371 015	-775 000	-1 389 000	-9 772 974
Overført til investeringsregnskapet	3 300 000	4 800 000	4 800 000	4 633 231
Til fordeling drift	319 514 058	319 845 000	319 231 000	305 118 773
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-319 153 440	-319 845 000	-319 231 000	-298 150 350
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	360 617	0	0	6 968 423

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

REKNESKAPSSKJEMA 1B – DRIFT

Tjeneste	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
10000 Politisk styring	2 216 699	2 334 000	2 334 000	2 074 213
11000 Kontroll og revisjon	767 132	855 000	855 000	790 925
12010 Administrativ leing	7 705 907	6 919 000	6 673 000	7 481 568
12020 Økonomiavdeling	5 215 546	5 399 000	5 173 000	5 244 752
12030 Servicetorg	3 649 139	3 688 000	3 641 000	3 579 743
12040 Felles IT - drift	3 436 168	3 300 000	3 267 000	2 475 009
12090 Anna felles drift	4 981 120	2 209 000	2 209 000	3 543 173
12100 Egedomsforvaltning	2 429 175	3 054 000	2 991 000	2 467 227
13000 Gloppen heradshus	1 459 803	1 545 000	1 545 000	1 336 435
17000 Årets premieavvik	-1 227 816	-2 600 000	-2 600 000	-10 265 729
17100 Amortisering av tidligere års premieavvik	1 903 097	0	0	999 502
18000 Diverse fellesutgifter	66 772	980 000	7 080 000	57 656
19000 Interne serviceeiningar	0	1 000	1 000	0
20100 Førskule	30 413 510	32 123 000	31 539 000	26 003 262
20200 Grunnskule	59 163 357	60 701 000	59 336 000	55 934 107
21100 Styrka tilbod til førskulebarn	2 821 942	2 532 000	2 519 000	2 967 491
21300 Vaksenopplæring	2 557 532	2 804 000	2 690 000	2 027 308
21500 Skulefritidstilbod	1 371 018	1 124 000	1 076 000	1 077 725
22100 Førskulelokale og skyss	4 099 467	3 481 000	3 481 000	461 654
22200 Skulelokale	15 874 389	18 728 000	18 728 000	16 597 607
22300 Skuleskyss	2 548 309	2 490 000	2 490 000	2 532 929
23100 Aktivitetstilbod barn og unge	583 744	630 000	610 000	775 012
23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	3 393 891	3 777 000	3 705 000	3 322 533
23300 Anna førebyggande helsearbeid	42 654	21 000	21 000	99 618
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	4 043 704	3 384 000	3 442 000	3 835 064
24100 Diagnose, behandling og re/habilitering	14 331 457	14 592 000	16 452 000	16 140 304
24200 Råd, rettleing og sosialt førebyggande arbeid	4 875 609	4 230 000	4 460 000	4 130 241
24300 Tilbod til personar med rusproblem	20 557	10 000	10 000	3 300
24400 Barneverntenesta	1 522 813	2 144 000	2 076 000	2 070 154
25100 Barneverntiltak i familien	98 760	417 000	417 000	229 004
25200 Barneverntiltak utanfor familien	1 759 612	1 860 000	1 800 000	2 079 018
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	19 542 102	23 510 000	23 310 000	20 694 209
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen	88 851 820	90 237 000	86 247 000	88 935 543
25500 Medfinansiering somatiske tenester	6 954 567	6 500 000	6 500 000	6 325 913
26100 Gloppen sjukeheim	4 628 263	4 809 000	4 809 000	4 133 611
26500 Kommunalt disponerte boligar	-2 965 093	-2 093 000	-2 093 000	-2 396 359
27300 Kommunale sysselsetjingiltak	983 912	827 000	827 000	827 025
27500 Introduksjonsordninga	3 250 938	3 594 000	3 594 000	2 670 848

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

Tjeneste	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
27600 Kvalifiseringsprogrammet	375 767	714 000	714 000	496 976
28100 Økonomisk sosialhjelp	2 850 860	3 000 000	3 000 000	3 116 024
28300 Etablering og oppretth av eige bolig	-76 400	0	0	-847 253
29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	-383 490	79 000	79 000	-838 087
30100 Behandling av plansaker	868 839	323 000	217 000	468 234
30200 Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	21 818	-121 000	-125 000	-73 767
30300 Kart og oppmåling	641 673	373 000	355 000	736 652
31500 Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	-20 955	29 000	29 000	-22 246
32000 Kommunal næringsverksemd	-45 706	-95 000	-136 000	79 079
32500 Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	374 501	2 212 000	1 572 000	1 883 277
32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringar	3 105 418	3 159 000	3 077 000	3 111 050
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak	31 074	117 000	117 000	303 818
33200 Kommunale veier, miljø og trafiksikkerhetstiltak og parkering	4 884 273	4 792 000	0	0
33300 Kommunale vegar, nyanlegg, drift og vedlikehald	3 277 097	3 229 000	8 021 000	9 564 799
33400 Kommunale vegar, miljø- og trafiksikring	53 095	385 000	385 000	1 117 110
33500 Parkar, torg og off. toalett	322 986	382 000	382 000	465 292
33800 Førebygging av brann og andre ulukker	503 932	831 000	806 000	548 337
33900 Beredskap mot brann og andre ulukker	4 032 369	2 750 000	2 745 000	3 779 586
34000 Produksjon av vatn	1 500 012	1 390 000	1 390 000	1 206 187
34500 Distribusjon av vatn	-1 250 028	-1 389 000	-1 389 000	-1 200 661
35000 Avløpsrensing	6 063 078	5 303 000	5 303 000	4 218 568
35300 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-5 465 891	-5 734 000	-5 734 000	-5 784 868
35400 Tøming av slamavskillarar og septiktankar	846 428	-723 000	-723 000	-747 308
36000 Naturforvaltning og friluftsliv	623 971	683 000	283 000	288 033
37000 Bibliotek	3 216 169	3 246 000	3 176 000	3 053 389
37300 Kino	515 524	580 000	557 000	373 800
37500 Museum	303 084	364 000	364 000	231 833
37700 Kunstformidling	459 955	470 000	470 000	326 599
38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	1 191 222	1 320 000	1 290 000	3 675 809
38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	966 134	513 000	513 000	-1 231 044
38300 Kulturskulen	4 626 421	4 806 000	4 667 000	4 786 730
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	806 725	299 000	204 000	737 625
38600 Kommunale kulturbygg	2 343 701	2 283 000	2 248 000	2 387 590
39000 Den norske kirke	3 721 000	3 721 000	3 721 000	3 821 000
39200 Andre religiøse føremål	78 406	150 000	150 000	75 330
84000 Statleg rammetilskot og generelle statstilskot	-1 248 901	-6 000 000	-6 000 000	-1 303 366
85000 Statstilskot flyktingar og asylmottak	1 912 965	400 000	400 000	1 615 875
86000 Avskrivningar	-26 248 766	-24 065 000	-24 065 000	-24 280 064
88000 Interne finansieringstransaksjonar	0	0	0	197 000
Sum	319 153 440	319 845 000	319 231 000	298 150 350

REGNSKAPSSKJEMA 2A – INVESTERING

	Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
Regnskapsskjema 2A - investering				
Investeringer i anleggsmidler	32 842 844	40 500 000	33 200 000	46 912 406
Utlån og forskutteringer	5 571 792	4 000 000	4 000 000	5 493 761
Avdrag på lån	973 998	0	0	604 267
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetninger	1 729 546	0	0	2 223 786
Årets finansierungsbehov	41 118 179	44 500 000	37 200 000	55 234 220
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	27 464 417	29 375 000	22 500 000	33 890 108
Inntekter fra salg av anleggsmidler	550 349	3 900 000	3 900 000	1 467 417
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	2 858 227	0	0	1 877 494
Andre inntekter	0	0	0	140 470
Sum ekstern finansiering	30 872 993	33 275 000	26 400 000	37 375 489
Overført fra driftsregnskapet	3 300 000	4 800 000	4 800 000	4 633 231
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	6 945 186	6 425 000	6 000 000	13 225 500
Sum finansiering	41 118 179	44 500 000	37 200 000	55 234 220
Udekket/udisponert	0	0	0	0

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

REKNESKAPSSKJEMA 2B – INVESTERING

Budsjettskjema 2b		Rekneskap 13	Endra bud 13	Oppr bud 13	Rekneskap 12
10051	Politikarportalen	-26 645	0	0	37 415
12050	Ikt investeringar	1 294 140	2 250 000	4 000 000	2 633 001
12056	Arbeidsmiljø - rehabilitering/kartlegging	0	0	0	208 352
12057	Variabel lønn/Ressursstyring RS	44 671	370 000	0	129 543
12059	Fibernet - Nordfjord	0	150 000	0	0
12061	WebSak m.m. på felles server	107 013	100 000	0	537 987
12063	Bedre styring	54 717	50 000	0	288 583
12065	Innføring av eHandel i Gloppen	123 577	130 000	0	0
12066	IKT standardisering maskinvare	368 238	300 000	0	0
12151	Kommunale bygg - planlegging	0	480 000	0	0
18051	Kabling og legging av fiber til kommunale bygg	92 258	100 000	0	347 437
18052	Fiberutbygging til kommunale einingar	20 392	0	0	0
20254	Verktøy til undervisning	832 505	850 000	1 000 000	600 896
20255	Kabling av Hyen skule og barnehage	0	270 000	0	40 677
22152	Mona barnehage - utviding	0	0	0	21 025
22157	Breim barnehage	0	0	0	13 927 929
22158	Uteområde - Furestubben barnehage	0	0	0	462 950
22159	Reed stadion - veg, parkering, mm.	0	-2 000 000	-2 000 000	615 000
22160	Breim barnehage - uteområde	36 814	0	0	2 224 821
22161	Oppussing Furestubben	52 907	0	0	0
22268	Formingsavdeling og universell utforming GU	1 847 505	1 850 000	2 000 000	0
22278	Ny yttervegg i gymsal på Breim skule	0	0	0	370 337
22279	Sandane skule - Nytt ventilasjonsanlegg	0	0	0	766 058
22280	Hyen skule - strakstiltak innemiljø	168 623	150 000	150 000	0
22281	Nærvarmeanlegg Sandane skule	490 116	490 000	0	0
24153	Inventar/Grandane	175 362	125 000	0	545 838
24452	Nye kontor til barnevern	0	0	0	3 000
25357	Nye langtidsplassar	690 057	0	0	477 813
25359	Planlegging - framtidig omsorgsbehov	14 325	0	0	0
25366	Utstyr Gloppen omsorgssenter inkludert kjøkkenet	61 306	100 000	100 000	0
25453	Garderobe og bad - Byrkjelotunet	112 554	150 000	150 000	0
26157	Gloppen omsorgssenter - oppgradering av 14 bad	1 609 315	1 500 000	1 500 000	0
26552	Annekset - tilrettelegging for mindreårige asylsøkarar	0	0	0	4 817
26553	Energisparing	612 493	500 000	500 000	626 008
26554	Riving av bygg	0	250 000	0	180 875
26555	Ombygging av brukarleilighet og Åsavegen 145 - ombygging	673 463	200 000	200 000	982 452
26556	Inventar	0	0	0	133 083
28350	Bustadlån - startlån	0	4 000 000	4 000 000	0
30051	Kartsamarbeid - geovekst	66 214	0	0	5 562

Rekneskap 2013 – Gloppen kommune

30060	Felles GIS Nordfjord	60 584	0	0	0
30351	Digitalt planregister	28 572	0	0	50 000
31059	Nytt bustadfelt på Reed, Hellebakkane	0	2 000 000	2 000 000	0
31550	Gamle bustadfelt m.M.	0	0	0	218 651
31560	Elveforbygging – Holvikelva, Gloppen kommune sin andel	0	0	400 000	0
32060	Gloppenstasjonane - potensiale for auka kraftproduksjon	264 099	160 000	0	833 816
32560	Opprydding etter gamal avfallsplass i Eidsmona industriområde	4 741 910	9 200 000	5 000 000	1 762 850
32561	Kattahamrane industriområde	0	0	4 000 000	0
32562	Ny lagerhall på Kattahamrane industriområde	5 516 136	5 500 000	0	0
32563	Kjøp av aksjar, Midtvegen AS K-sak 046/13	20 000	0	0	0
33055	Trafikktryggingstiltak	224 026	100 000	100 000	97 265
33364	Til fast dekke kommunale vegar	1 513 182	1 000 000	1 000 000	1 299 321
33366	Nordstrandsvegen	67 863	0	0	52 700
33369	Adresser i heile kommunen	0	0	500 000	0
33370	Ny veg Åsen - Selvågane	189 017	200 000	1 500 000	0
33372	Veg - meieriet på Byrkjelo	0	0	0	33 399
33373	Eidsmona - opprusting veg	173 648	0	0	672 080
33374	Kjøp - bilpark	38 750	50 000	500 000	1 048 482
33376	Infrastruktur ved Firdahallen/symjeanlegget	2 650 295	2 000 000	2 000 000	0
33855	Feiemaskin	1 637 981	1 600 000	1 600 000	0
33953	Verneutstyr til brannkorpset	0	0	0	132 933
34550	Gammalt ledningsnett - vatn	1 004 355	1 000 000	1 000 000	1 258 851
34553	Pumpestasjon på Øyrane	83 819	600 000	0	0
34554	Pumpeleidning Øyrane-Elvaneset	286 682	3 000 000	0	0
35053	Forprosjekt oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg	0	0	0	46 209
35350	Gammalt ledningsnett - kloakk	554 165	1 300 000	2 000 000	676 998
35351	Silanlegg elvaneset	0	0	0	8 543
35355	Avløpsanlegg på Vereide	0	0	0	562 558
35356	Silanlegg på Øyrane	1 173 652	0	0	1 598 862
35357	Avløpsleidning til Øvre Mardal	0	0	0	2 397
36054	Miljøkartlegging Mardal skytebane	0	0	0	41 913
37351	Digitalisering av kino	2 911	0	0	203 856
37751	Musikkbinge	-235 569	0	0	517 288
38059	Total opprusting - idrettsanlegg Hyen	-235 939	0	0	6 867 996
38062	Breim idrettsanlegg - Reed	161 430	0	0	1 875 155
38354	Utstyr - Kulturskulen	112 323	100 000	100 000	0
39052	Investering - kirkebygg	1 000 000	1 000 000	1 000 000	0
88051	Eigenkapitalinnskot til klp	925 447	900 000	900 000	840 261
88053	Finansieringsprosjektet	-31 481 258	-42 075 000	-35 200 000	-46 873 839
T O T A L T		0	0	0	0

4.12 LÅNEGJELD PR. 31.12.2013

	2013	2012
Sum til startlån	17 364 415	14 338 413
Sum til investeringar	319 371 709	307 468 428

Sum til startlån er lån som er teke opp i Husbanken for vidare utlån, startlån/etableringslån. Sum til investeringar er samla lån som Gloppen kommune har teke opp for eigne investeringar. Tilleggslyvingane kommunestyret har gjeve for investeringar i 2013 vil verte lånt i 2014. Auken i låna frå 2012 til 2013 skriv seg frå lånebevillinga i årsbudsjettet for 2013 med fråtrekk for avdrag som er betalt i 2013.

Låneporteføljen – lån til investeringar

Totaloversikt alle låna til Gloppen kommune				
	31.12.2013		31.12.2012	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med NIBOR/Pt rente	168	53 %	201	65 %
Lån med fast rente	151	47 %	106	35 %
Samla langsiktig gjeld	319	100 %	307	100 %
Tal løpande lån	14		14	
Største enkeltlån	108		114	

Finansreglementet til Gloppen kommune seier at vi skal ha ei 50/50 fordeling mellom fastrente og flytande rente(NIBOR/Pt) Vi har eit marginalt avvik på denne fordelinga pr. 31.12.2013. Dette avviket kan reduserast ved at vi vel fastrente for låneopptaket for investeringar i 2014.

4.13 SJØLVKOST

Tjeneste	34500/34000	35300/35000	35400	33800	30200	30300
	Vatn	Avlaup	Slam	Feiing	Byggesak	Oppmåling
Kostnadskomponent						
Kjerneprodukt	4 388 045	11 024 671	2 202 088	1 168 930	554 908	1 038 394
Støttefunksjonar - økonomi avdelinga	325 390	326 751	326 751	85 294	36 275	46 428
Sum kostnader	4 713 435	11 351 422	2 528 839	1 254 224	591 183	1 084 822
Oversikt inntekter						
Sum inntekter	4 713 435	11 351 422	1 334 939	750 291	570 297	377 771
Bruk av /avsetning til fond (- =bruk)	-249 984	-597 187	-846 428			
Sum inntekt før fondstransaksjoner	4 463 451	10 754 235	2 181 367	750 291	570 297	377 771
Årets resultat (negativt=underskot)	0	0	-347 472	-503 933	-20 886	-707 051
Årest budsjett inkl. Budsj.endring (=inntekt)				831 000	-121 000	373 000
Awik frå budsjett (=meirforbruk)				327 067	-141 886	-334 051
Bruk/Avsetting til fond (- = bruk)	-249 984	-597 187	-846 428			
Fond						
Avsettjninga						
Beholdning 31.12.13 "Til slamordninga"	0					
Beholdning 31.12.13 "Vassfond"	152 018					
Beholdning 31.12.13 "Avløpsfond"	2 890 932					
Kalkulatorisk rente:	Statsobl. 3 års løpetid, rentesats + 1% = 2,63%					

Vatn, avlaup og Slam er forskriftsbestemt skal være sjølvkosttenester. Det vil sei at utgiftene skal balansere med inntektene etter nærare bestemte reglar.

Vatn har hatt litt mindre inntekter enn utgifter i 2013. Skilnaden utgjorde kr. 249 984,- og vart dekket inn ved bruk av vassfond. Vassfondet etter denne inndekkinga utgjør kr. 152 018,-.

Avlaup har hatt kr. 587 187,- mindre i inntekt enn utgift i 2013. Mindreinntekta vart finansiert med bruk av Avløpsfond. Etter denne bruken er det att kr. 2 890 932,-. Fondet er så stort at ein i 2014 enten må utføre ekstra vedlikehald, eller setje ned avløpsgebyret.

Slam-ordninga er slik at vi krev inn betaling kvart år, men har tøming kvart 2. år. Det gjer at inntekt det eine året må setjast av på fond, for å brukast det året det er tøming. 2013 var eit år med tøming, dermed vart avsett fond (kr. 846 428,-) brukt til finansiering av utgiftene. Dette var for lite, så kr. 347 472,- er overført til 2014, og må dekkast inn med auka gebyr.

Feiing, Byggesak og Oppmåling er tenester der ein kan nytte sjølvkostprinsippet, men dette er ikkje pålagt.

Feiing gjekk isolert sett med eit underskot på kr. 503 933,- (dersom ein legg sjølvkostprinsippet til grunn). Tenesta hadde eit budsjett på kr. 831 000,-, dermed hadde tenesta eit mindreforbruk på kr. 327 067,- i 2013.

Byggesak gjekk på same måte med eit underskot på kr. 20 886,-. Tenesta hadde i tillegg ei budsjettert inntekt på kr. 121 000,-, som ikkje vart oppnådd, slik at samla underskot for byggesak vart på kr. 141 886,-.

Oppmåling hadde eit underskot på kr. 707 051,- etter sjølvkostprinsippet. Budsjettmidlane var på kr. 373 000,- slik at samla underskot enda på kr. 334 051,-.

4.14 GLOPPEN ENERGI AS

Gloppen kommune er eineigar av Gloppen Energi AS med aksjer pålydande 30 millionar. Gloppen kommune har pr. 31.12.2013 uteståande lån til Gloppen Energi AS på 60,1 mill. Gloppen Energi AS skyldar i tillegg rente til Gloppen kommune pr. 31.12.2013 på kr 11 956 052,50.

Gloppen kommune inntektsfører rente på lånet som kommunen har gjeve til Gloppen Energi AS.

Utfordringa er framleis at den inntektsførte renteinntekta ikkje vil verte betalt før Gloppen Energi AS har likviditetsoverskot eller tilsvarende, jamfør avtale inngått mellom Gloppen Energi AS og Gloppen kommune.

I 2013 vart det betalt inn kr. 0,- frå selskapet som delbetaling av rentegjelda.

Utfordringa med denne renteordninga er at kommunen ikkje kan disponere dei rekneskapsførte renteinntektene som likvide midlar, før pengane er motteke. Derfor vart det i rekneskapsaka 2009 fastsett at ein skal ha fond som balanserer fordringa for å møte eventuelle utfordringar Gloppen Energi AS kan få med betaling av gjelda. For 2013 er det ein auke på kr. 3 063 279,- på fondet "rentefond Gloppen Energi AS" Såleis balanserer fondet med rentekravet Gloppen kommune har på selskapet pr. 31.12.2013.

Sandane 10/4 - 2014

Marit Elisabeth Larssen
rådmann

John Morten Selsvik
økonomisjef

Markvar Sunde
revisjonssjef



2013 var året då siste byggesteg på Trivselshagen vart gjort ferdig. Med storhallen og klatreveggen er dette praktanlegget i mål, til glede både for dei som vil opp i veggen, slik som Jakob Buene, og dei som likar best å ha begge beina på jorda. Foto: Inger-Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Årsmelding 2013

Rådmannen si årsmelding datert 4. april 2014

Arkivopplysningar: 14/1635 004

Innhald

Politisk organisering og leiing	2
Politisk leiing	3
Rådmannen har ordet	6
Administrativ organisering og leiing	8
Medarbeidarar og personalpolitikk	10
Mål og resultat for Gloppen kommune	16
Kva er gjort i 2013 for å følgje opp dette?	16
Arbeidsprosessar	16
Nøkkeltal for Gloppen	16
Tenesteområda	17
Oppvekst	17
Helse og omsorg	23
Plan og byggesak, eigedom, kommunalteknikk, brann, landbruk og næring	29
Kultur	38
Servicetorget, økonomiavdelinga og IT	43
Servicetorget	43
IT-avdelinga	44
Økonomiavdelinga	44
Samarbeid og interkommunale tenester	46
Lokalsamfunn	47
Resultat og avvik	49
Utvikling av inntekter og utgifter	50
Fond og gjeld	52
Fond	52
KOSTRA-tal 2013	54
Nøkkeltal for Gloppen kommune dei siste 5 åra	55
Driftsrekneskap 2013	56
Investeringsrekneskap 2013	57
Balansen 2013	58
Kven representerer Gloppen kommune?	59
Årets prisvinnarar i 2013	60




Stortingsvalet 9. september 2013 var eit «regjeringsval» med stor interesse frå media. Her blir ordførar Anders Ryssdal intervjuva av NRK Sogn og Fjordane. Foto: Jan Kåre Fure.

Politisk organisering og leing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval, pluss administrasjonsutval og formannskap. Med eitt unnatak er alle medlemmene i kommunestyret er

plasserte i formannskapet, hovudutvala og/eller administrasjonsutvalet. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2011. Det er ikkje gjort endringar i den politiske organiseringa i 2013.



Politisk organisasjonskart ved årsskiftet 2013/2014.

Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressursaker. Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og teknisk og landbruksutvalet (reguleringsplansaker).

Kultur- og miljøutvalet er kommunen sitt organ i vilt-saker og saker etter friluftsløva og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Det skal vere eit **valstyre** i alle kommunar. Valstyret i Gloppen er på fem medlemmer, og er valt mellom formannskapet sine medlemmer. Leiar er ordføraren.

Arbeidsmiljøutvalet er eit lovpålagt organ, der arbeidsgjevar og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. I denne perioden har vi ikkje politisk valde representantar i utvalet.

Nye reglement for dei folkevalde organa vart vedtekne i 2012.

Politisk leiing



Anders Ryssdal frå Senterpartiet har vore ordførar sidan 1999. Med seg i den politiske leiinga hadde han i 2013 varaordførar Ola Tarjei Kroken (Ap) og utvalsleiarane Arnfinn Brekke (Krf) i helse- og omsorgsutvalet, Per Jarle Myklebust (Sp) i oppvekstutvalet, Kristin Sandal (Sp) i kultur- og miljøutvalet, Sjur Atle Austrheim (no uavhengig) i teknisk og landbruksutvalet og Gunnvor Sunde (SD) i administrasjonsutvalet. Utvalsleiarane sit også i formannskapet.

Ordførar Anders Ryssdal (t.v.) og varaordførar Ola Tarjei Kroken. Foto: Jan Kåre Fure.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt egne representantar (sjå oversikta på side 59 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Kommunestyret - 2011-2015

Senterpartiet (Sp)

1. Anders Ryssdal
2. Per Jarle Myklebust
3. Olaf Sigurd Gundersen
4. Kristin Sandal
5. Leidulf Gloppestad
6. Jeffrey Thomas
7. Kari Jordanger
8. Sølvi Anne Espeland Hope
9. Liss Bergum

Høgre (H)

1. Kari-Ann Flølo
2. Jan Erik Mardal
3. Anniken Rygg
4. Dagfinn Nyhammer

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik
3. Jan Arve Søvde
4. Geir Liavåg Strand

Kristeleg Folkeparti (Krf)

1. Arnfinn Brekke
2. Leidulf Rygg Bogstad
3. Øystein Rinde

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Ola Tarjei Kroken
2. Leela Anita Kjørвик
3. Ragnar Andenæs

Venstre (V)

1. Ragnar Eimhjellen
2. Peder Lofnes Hauge

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Uavhengig

1. Sjur Atle Austrheim

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

Anders Ryssdal (Sp) - ordførar
 Ola Tarjei Kroken (Ap) - varaordførar
 Per Jarle Myklebust (Sp)
 Kristin Sandal (Sp)
 Sjur Atle Austrheim (H)
 Anniken Rygg (H)
 Gunnvor Sunde (SD)
 Arnfinn Brekke (Krf)
 Ragnar Eimhjellen (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er økonomiutval, generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkoholova. Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Valstyret er valt mellom formannskapet sine medlemmer.

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Arnfinn Brekke (Krf) – leiar
Liss Bergum (Sp) – nestleiar
Leidulf Gløppestad (Sp)
Kari-Ann Flølo (H)
Jan Arve Søvde (SD)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat).

Oppvekstutvalet (OPV)

Per Jarle Myklebust (Sp) – leiar
Ragnar Andenæs (Ap) – nestleiar
Jan Erik Mardal (H)
Kari Jordanger (Sp)
Øystein Rinde (Krf)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

Kultur- og miljøutvalet (KMU)

Kristin Sandal (Sp) – leiar
Dagfinn Nyhammer (H) – nestleiar
Olaf Sigurd Gundersen (Sp)
Peder Lofnes Hauge (V)
Hege Lothe (SV)

Nytt utval etter kommunestyrevalet i 2011. Kultur- og miljøutvalet er styre for Anders Klaussen og Alfrida Egges Minnelegat.

Teknisk og landbruksutvalet (TLU)

Sjur Atle Austrheim (uavhengig) – leiar
Sølvi Anne Espeland Hope (Sp) – nestleiar
Edgar Kvernevik (SD)
Leidulf Rygg Bogstad (Krf)
Leela Anita Kjørvik (Ap)

Nytt utval etter kommunestyrevalet i 2011. Teknisk og landbruksutvalet har ingen særfunksjonar.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
Gunnvor Sunde (SD) – leiar
Jeffrey Thomas (Sp) – nestleiar
Anniken Rygg (H)
Ragnar Eimhjellen (V)
Frå dei tilsette
Björg Skarstad (Fagforbundet)
Hege Alme (Fagforbundet)
Hilde Arnestad (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Utvalet vart gjenoppretta etter kommunestyrevalet i 2011.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år. Nyval er gjort i 2013 med verknad frå 1. oktober.

Kontrollutvalet

Bjarne Bø (Sp) – leiar
Hans Os (H) – nestleiar
Irene Moen (H)
Tone Lise Jakobsen (SD)
Svein Helge Hovstad (Krf)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

Det har ikkje vore endringar i samansetning av utvala i 2013, med unntak av nyvalet mellom dei tilsette i administrasjonsutvalet.

Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2010	2011	2012	2013	
Kommunestyret	60	88	112	83	* Dette utvalet vart etter valet i 2011
Formannskapet	150	151	160	154	erstatta med kultur- og miljøutvalet
Helse- og omsorgsutvalet	41	51	57	44	og teknisk og landbruksutvalet.
Oppvekstutvalet	35	45	53	37	
Teknisk, landbruk og kulturutvalet*	65	65	-	-	** I funksjon frå oktober 2011.
Kultur- og miljøutvalet**	-	39	71	67	
Teknisk og landbruksutvalet**	-	27	74	89	*** Ungdomsrådet fører ikkje
Administrasjonsutvalet**	-	8	32	24	tradisjonell møtebok, så tala er for
Kontrollutvalet	23	32	34	27	dette rådet er ikkje direkte
Eldrerådet	18	20	32	32	samanliknbare med dei andre råda.
Rådet for funksjonshemma	9	14	18	19	
Ungdomsrådet***	37	30	43	14	

Stortingsvalet 2013

9. september 2013 var det stortingsval. Valet i Gloppen vart gjennomført på tradisjonelt vis, utan merknader verken frå fylkesvalstyret eller andre.

Valresultat:

Talet på røysteføre	Talet på røyster	Frammøteprosent	Talet på blanke stemmer	Talet på vraka stemmesedlar	
4.203	3.456	82,2%	11		4

Liste	Opptalde stemmer	I %	Endring frå valet i 2011	Endring i %	Endring frå valet i 2009	Endring i %
Arbeidarpartiet	343	10,0	+58	+0,3	-122	-3,9
Sosialistisk Venstreparti	103	3,0	-8	-0,8	-68	-2,1
Raudt	11	0,3	-13	-0,5	-6	-0,2
Senterpartiet	1.515	44,0	+408	+6,3	-52	-2,8
Kristeleg folkeparti	680	19,8	+292	+6,6	+291	+8,1
Venstre	284	8,3	+204	+5,5	+194	+5,6
Høgre	243	7,1	-244	-9,5	-61	-2,0
Framstegspartiet	163	4,7	+91	+2,3	-170	-5,2
Miljøpartiet Dei Grøne	47	1,4	+37	+1,0	+42	+1,2
Demokratane i Noreg	1	0,0	+1	0,0	+1	0,0
Dei Kristne	43	1,2	+43	+1,2	+43	+1,2
Kystpartiet	1	0,0	-1	0,0	-3	-0,1
Piratpartiet	7	0,2	+7	+0,2	+7	+0,2
Andre	0	0,0	-372	-12,6	-1	0,0
Total	3.441	82,2	+501	+14,3	+102	+3,5

Tabellane er henta frå valportalen valg.no.

Rådmannen har ordet



2013 er historie og dette er mi siste årsmelding som rådmann i Gloppen kommune. Frå eg tok til i stillinga i 2008 og fram til i dag har tiltak og aktivitetar retta mot modernisering, omstilling og ikkje minst å sikre kommunen ein sunn og stabil økonomi, prega min kvardag. Det har vore lærerikt, spennande og krevjande. «Vi har gjort kvantesprang» er eit uttrykk eg ofte har møtt internt, frå alle dei medarbeidarane som har kjend ny energi og glede ved å få vere med på å løyse dei utfordringane dei er sette på.

Marit Elisabeth Larssen har vore rådmann i Gloppen sidan februar 2008. Foto: Olav Fure.

Hausten 2008 vedtok kommunestyret ny kommuneplan for Gloppen. Planperioden er 2008 – 2020. Målsettingane i planen er konsentrert om kommunen sine tre hovudroller som:

- Samfunnsutviklar
- Tenesteytar
- Arbeidsgivar

Gjennomgangstema var modernisering, digitalisering og utviklingretta arbeid i samfunnet, så vel som internt i kommuneorganisasjonen.

Våren 2009 godkjende kommunestyret økonomiplanen for 2009 – 2012 med ei overordna målsetting om å sikre kommunen ei sunn og stabil økonomisk drift. Denne målsettinga har sidan vore den raude tråden i økonomistyring vår.

Kommuneplanen og dei årlege økonomiplanane, som kommunestyret vedtek, er administrasjonen sine viktigaste styringsdokument og grunnleggande for det daglege arbeidet vårt. Korleis har vi følgd opp i 2013?

Samfunns- og næringsutvikling

Kommunen skal ha eit langsiktig og tydeleg engasjement i det samfunnsretta utviklingsarbeidet. I 2013 deltok vi aktivt i ei rekke aktivitetar og tiltak både i kommunesenteret og i bygdene i kommunen. Døme på dette engasjementet:

- *Hyen.* I samarbeid med Brødrene Aa og Hyen utviklingslag starta kommunen opp eit prosjekt for lokalsamfunnsutvikling. Det overordna målet er folketalsauke gjennom å skaffe bustader til folk som vil busette seg i bygda
- *Pilot Reed.* I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune starta kommunen eit pilotprosjekt med fokus på tettstaden og utvikling av Reed. Utviklingslaget er involvert i arbeidet.

Bedriftsretta arbeid:

- Kommunen si legeteneste er testpilot for programvare som Melin Medical utviklar med sikte

- på effektivisering av oppgåver ved legekontor. Vi var pilot for testing av «betalingsentralen» og starta nytt prosjektsamarbeid hausten 2013
- BANO/Strukturplast som er ei vekstbedrift i Gloppen, er eit anna døme på samarbeid mellom bedrift og kommune. Kommunen bygde lagerhall som har gitt bedrifta rom for ytterlegare vekst i Gloppen. Bedrifta leiger hallen hos kommunen
- Debatten om den framtidige strukturen for vidaregåande skule raste i 2013, og framtida til *Firda vidaregåande skule* var på dagsorden. I tillegg til det politiske engasjementet i saka, deltok kommunen i det administrative arbeidet for å sikre skulen. Gjennom NAV bidro kommunen til etablering av helsefagutdanning for innvandrarak, knytt til Firda. Samarbeidet med Firda vidaregåande skule held fram i 2014

Landbruk. Landbruket i Gloppen er kjenneteikna som offensivt og utviklingsretta. Det skjer ei betydeleg teknologiutviklinga innan næringen, som ikkje minst stiller krav til kommunen og vår evne og vilje til å utvikle vår eigen kompetanse. I 2013 blei mellom anna alt arbeid knytt til søknadsbehandling av tilskotsordningane innan landbruket fullelektroniske.

Folketalsutvikling

Utvikling i folketalet er ei særleg utfordring for alle bygdekommunane i Norge. Det er eit gjennomgåande problem at vi ikkje får vår relative del av folketalsveksten i landet. Dette legg press på kommunen sin økonomi og dermed på tenestene våre. Gloppen kommune har vald å samarbeide med Bremanger i eit prosjekt for rekruttering av innbyggjarar til kommunane våre. Siktemålet med engasjementet er å sikre rekruttering av kompetanse til bedrifter i kommunen. I 2013 bidro dette til positiv folketalsvekst.

Modernisering

Sentralt tema internt i kommunen har vore modernisering. Leiarstrukturen blei endra for å frigjere kompetanse og ressursar og dreie fokus frå interne funksjonar til samfunns- og brukarretta tenester. Dette har gjort det muleg for oss å auke engasjementet både i høve utviklingsprosjekt og støtte til einingane når det gjeld gjennomføring av dagleg driftsoppgåver. Noen døme på effekt av dette: Prosjektet «Kvardagsrehabilitering»; fokus på velferdsteknologi; innføring av nytt rapporterings- og styringsverktøy; gjennomføring av brukar- og innbyggjarundersøkingar; engasjementa i Hyen og på Reed, evaluering av reinholdstenesta, Prosjektet «Rettstryggleik» i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, utvikling av mal for kommunalt prosjektarbeid.

Verd å peike på er også at vi har etablert eit meir systematisk samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane våre. Måten vi involverer dei på i internt arbeid, blir lagt merke til av andre kommunar.

Vi har vore flinke til å skaffe ekstern, finansiell medverknad til prosjekta og utviklingsarbeid. I 2013 og 2014 har vi sikra ekstern medfinansiering til prosjekt og utviklingsarbeid innan leining og i oppvekst- og helse/omsorgsektoren. Dette er dei interne miljøa som har utmerka seg i høve utviklingsretta arbeid.

Økonomisk resultat

For 5. året på rad kan kommunen syne til positivt resultat i årsrekneskapen. Overskotet er lågare enn det har vore tidlegare år, men høgare enn budsjett.

Medarbeidarane


Arbeidsinnsatsen i kommunen er høg. Vi har kompetente medarbeidarar som bidreg til at kommunen leverer tenester av god kvalitet. Det legemelde sjukefråveret i siste kvartal 2013 var rekordlågt. Kommunen har gjennom fleire år hatt fokus på nærvær/fråvær. I 2013 auka vi innsatsen ved å etablere ei eiga gruppe som skal følgje opp einingar som har høgare sjukefråvær enn måltala tilseier. Vi trur at arbeidet til denne gruppa bidreg til resultatet vårt.

Utfordringar

Sjølv om eg i sum synst vi kan vere nøgde med 2013, er det ikkje tvil om at kommunen vil møte utfordringar framover:

- Å ta ut effektar av dei IKT-investeringane som blir gjennomført i samarbeid med øvrige kommunar i Nordfjord vil utfordre interne miljø. Dei teknologiske plattformane muleggjer etablering av felles interne tenester. Lønn og rekneskap er gode døme på dette. Debatten kjem. Eg ser ikkje at kommunane over tid kan late vere å ta ut slike effektar
- Det er viktig å vidareføre eit målretta kompetansearbeid mellom anna gjennom rekruttering. Å gi rom for og verdsette den kunnskapen som ekstern rekruttering bringer inn i organisasjonen, blir viktig. Fornying gjennom rekruttering er stikkord.
- Kommunikasjon og infrastruktur: E39 og brukryssing, flyplass, FV 615, FV 60. Prosjekta står i kø. Posisjonering gjennom interkommunalt samarbeid også administrativt vil vere avgjerande for utfallet til fleire av dei.

Administrativ organisering og leiing



Administrativ organisering ved årsskiftet i 2013/2014.

Det er i 2013 gjort organisasjonsendringar. Endringane er omtala i oversikten under punktet «strategisk og operativ leiing».

Leiing og leiarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiar. Nivå to er sektor og nivå tre er eining. Oppvekst, helse og omsorg, kultur, kommunal teknikk, eigedom, næring og landbruk, plan og byggesak, Nav Gloppen og servicetorg og tenestestøtte er avdelingane på nivå to.

Leiarane for avdelingane utgjer rådmannen si operative leiing og har ansvar for dagleg drift.

Brannsjef er ein sjølvstendig funksjon under rådmannen med ansvar for brann og beredskap.

Gloppen kommune har og tre stabsfunksjonar med kvar sin leiar. Dette er funksjonane strategi og tenestestøtte, økonomi og HR (personal) og samfunnsutvikling, tilrettelegging og forvaltning. Leiarane, saman med rådmannen, utgjer strategisk leiing med ansvar for overordna- og langsiktig planlegging.

Strategisk og operativ leiing inngår i rådmannen si leiargruppe.

Rådmannen si leiargruppe og einingsleiarane utgjer kommunen sitt leiarforum.

Ved årsskiftet 2013/2014 utgjer desse leiarforumet:

Strategisk og operativ leiing

Rådmannen si leiargruppe vart frå 1. februar 2013 delt i ei strategisk og ei operativ leiargruppe, med følgjande funksjonar og personar:

Funksjon	Namn
Strategisk leiing	
Rådmann	Marit Elisabeth Larssen
Leiar for samfunnsutvikling, tilrettelegging og forvaltning	Kristine Dahl
Leiar for stragi og tenesteutvikling	Pål Sandal
Økonomisjef	John Morten Selsvik
Operativ leiing	
Oppvekstsjef	Olav Fure
Helse- og omsorgssjef	Ragnhild S. Eimhjellen
Kultursjef	Jan-Kjetil Øygard
Leiar for kommunalteknikk	Jostein Moldestad
Leiar for eigedomsavdelinga	Odd Arne Kolseth
Landbrukssjef	Jon Egil Vikl
NAV-leiar	Øyvind Hervik
Sekretariatsjef	Jan Kåre Fure

Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Tove Hanne Ommedal
Nordstranda skule	Rektor Thor Horntvedt
Sandane skule	Rektor Sverre Folkestad
Breim barnehage	Styrrar Anette Støyva*
Mona barnehage	Styrrar Margrete Huus Fjellestad
Gloppen opplæringscenter	Rektor Frode Fagerli
PP-tenesta	Dagleg leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Bjarte Gangeskar
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa
Psykologitenesta	Kommunepsykolog Herdis Bergset

* i vikariat.

Endringar i 2013

- Hyen barnehage og Hyen skule er slått saman til *ei* eining
- Psykologitenesta er organisert som eiga eining

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Merete Knoff
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes
Gloppen omsorgssenter 1. etasje	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Oreteigen	Einingsleiar Cecilie Majchrowicz Helgheim
Åsateigen	Einingsleiar Trine Krogh
Heimetenesta Gotatoppen	Einingsleiar Marit Horntvedt
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Åsavegen bu- og avlastningsteneste	Einingsleiar Petra Laurhammer
Breim heimeteneste	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Hyen heimeteneste	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Sandane heimeteneste	Einingsleiar Kari-Ann Krogh

Endringar i 2013

- Re/habiliteringstenesta er lagt ned som eining og erstatta med einingane «psykisk helsevern» og «fysio-/ergoterapi»
- «Oreteigen» (2. etasje på omsorgssenteret) og Åsateigen er skilde ut frå Gloppen omsorgssenter som egne einingar.

Kultur	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kino/Fritidsklubben Blakken	Kinosjef og fritidsleiar Kjersti Rønningen
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Karin W. Ose
Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken

Landbruk og næring/eigedom/kommunalteknikk/ plan og byggesak	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Leiar: Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbrukssjef Jon Egil Vik
Kommunalteknikk	Leiar: Jostein Moldestad
Plan og byggesak	Leiar: Kristine Dahl
Brannvern	Brannsjef Runar Kleppe

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.238 lønns- og trekkoppgåver i 2013. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontakter, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2012.

	Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	341	455	459
Menn	85	114	99
Sum	426	569	558

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal stillingar: Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

STILLINGSOVERSIKT

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner 1 – 51 % stilling	28	92
Menn 1 – 51 % stilling	5	15
Sum	33	107
Kvinner 52 – 99 % stilling	167	221
Menn 52 – 99 % stilling	14	18
Sum	181	239
Kvinner 100 % stilling	145	145
Menn 100 % stilling	67	67
Sum	212	212
Samla sum	426	558

I tala for 100 % stilling ligg også arbeidstakarar som med fleire delstillingar totalt har 100 % stilling.


SUM DELSTILLINGAR OG GJENNOMSNITTELEG

STILLINGSPROSENT

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	195	313	62,30
Menn	19	33	57,58

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2013 har kommunen 260 arbeidstakarar over 50 år og 185 over 55 år. Tilsvarende tal for pr 31. desember 2012 var 257 og 172. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



Likestilling og deltid m m

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i saman-heng med drøftingar framfor lokale forhandlingar. I 2013 var det lokale forhandlingar for kapitla 3 og 5 (mellomoppgjer). Likestillingsperspektiv var ikkje med i kriteria for lokale forhandlingar dette året.

Etter HTA § 2.3 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å redusere deltidstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det blir jamt lagt vekt på å auke deltidstillingar når det er mogleg.

Gloppen kommune avgjorde hausten 2013 å delta i eit KS-prosjekt om deltid. Det skal starte opp våren 2014.

GJENNOMSNITTLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	3	3,0	100	691.000
Toppleiarar	Menn	9	9,0	100	596.000
Kap 3.4.2	Kvinner	20	19	95	517.000
Einingsleiarar	Menn	6	6	100	706.000
Kap 4	Kvinner	423	309	73	404.000
	Menn	74	64	86	420.000
Kap 5	Kvinner	10	6	60	518.000
	Menn	13	10	77	543.000

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgare enn lønn til dei andre einingsleiarane, men lønnsforskjellane her er mindre no enn tidlegare. Kommuneoverlegen med høgare lønn er også på dette kapitlet
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

Det vert arbeidd med oppfølging av innhaldet i kompetanse- og rekrutteringsplanen. I 2013 er det prosjektet *Saman om ein betre kommune* som har hatt ansvaret for oppfølging av dei tiltaka som er felles i kommunen. Planen er eit godt verktøy i det langsiktige arbeidet med å rekruttere og mobilisere kompetanse. Planen inneheld og kommunen sin seniorpolitikk.

Innføring av seniorpolitiske tiltak har medført at tilsette som fyller 62 år kan velje mellom ulike ordningar. Så langt er ordninga med ein pensjonsgjevande lønnsauke på kr 10.000 mest aktuell. På andre plass kjem alternativet med redusert arbeidstid/auka ferie.

Av sektorovergripande opplæring er det fokusert på to hovudområde. Dette er sakshandsaming og informasjonsteknologi (sjå eige punkt under «kurs og opplæring» for fleire detaljar). Sakshandsaming er definert som ein av kjernekompetansane i kommunen og med det noko ein skal vere dyktig på. Kunnskap og ferdigheiter om IT er avgjerande for at kommunen skal kunne ta i bruk dei systema det er lagt opp til lokalt og gjennom Nordfjordnett. Det er og viktig med slik kunnskap for å kritisk kunne vurdere nytten av systema og korleis ein skal vidareutvikling dei.

Kompetanse- og rekrutteringsplanen har sett mål om å rekruttere juridisk kompetanse for å sikre god sakshandsaming og rettstryggleiken til brukarane og innbyggjarane. Omfanget av lover og forskrifter

kommunen skal halde seg til er og omfattande. I 2013 var det ca 2.300 ulike gjeldande lover og forskrifter for kommunane. I 2013 vart det tilsett ein jurist som sakshandsamar ved avdeling for plan og byggesak. Kommunen har med dette to juristar.

I tillegg til tradisjonelle rekrutteringsmåtar, er kommunen aktivt tilstade på karrieremesser både i Bergen, Volda, Sogndal, Oslo og Nederland. Kommunen deltok også på utdanningsmesse ved Firda vidaregåande skule. Målet med denne deltakinga er å halde kontakten med utflytta studentar og arbeidstakarar og halde dei oppdatert på utviklinga i kommune. I 2013 har det vore viktig for kommunen å representere etter visjonen jordnær og livskraftig – ved vekt på livskraftig.

Rekruttering frå utlandet har i 2013 hatt gode resultat med 14 nye innbyggjarar. Dei er primært rekruttert på grunn av kompetanse lokalt næringsliv treng og ikkje klarar å rekruttere lokalt eller nasjonalt. Det vert og lagt vekt på å rekruttere samfunnsengasjerte personar som ynskjer å delta aktivt i lokalsamfunnet.

I 2013 har og om lag 80 % av dei tilsette registrert seg i programmet for kompetansekartlegging. Kommunen vil med dette ha eit bra utgangspunkt for langsiktig kompetanse- og rekrutteringsplanlegging. Kvar sektor skal og utarbeider eigne kompetanseplanar som syner behovet for kompetanseutvikling og rekruttering i eit 5-års perspektiv.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMS-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMS-kurs blir arrangerte kvart år, t d vart det i 2013 halde førstehjelpskurs.

Arbeidet med fornying av HMS-arbeidet i kommunen har halde fram i 2013. Alle kommunale prosedyrar og regelverk blir no innarbeidd i dataverktøyet KF-infoserie, i Gloppen kommune si personalhandbok. Leiarane har med dette fått eit lett tilgjengeleg verktøy i personal- og HMS-arbeidet. Kommunen har ei HMS-gruppe som arbeider med å førebu saker til arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det er mellom anna utarbeidd både *Overordna HMS-plan for Gloppen kommune* og *HMS-plan på einingsnivå*. Mange andre dokument, prosedyrar og skjema er også lagde inn i personalhandboka, t d prosedyre og skjema til bruk

ved vernerundar og ved risikoanalyse. Det står enno litt att før dette grunnarbeidet er gjort. Alt som er lagt inn i handboka, blir fortløpande oppdatert.

I 2013 blei dataverktøyet *Betre styring* teke i bruk også i HMS-arbeidet. Der skal resultat frå m a medarbeidarsamtaler, medarbeidarundersøking og tiltak i samband med sjukefråværsoppfølging registrerast.

Hovudverneombodet har besøkt alle einingane. Han har kvart år faste møte med LAGa (lokale arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

I 2013 var kommunen inndelt i 23 verneområde. Rådmannen og hovudverneombodet har fleire møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakarar (t d med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har framarbeidd sine eigne IA-delmål som ein

del av IA-avtalen. Desse blei i 2013 innarbeidde i *Overordna HMS-plan*.



Marit Horntvedt fekk prisen som Årets Eldsjel på IA-dagen i 2013. «Ho får prisen for sitt gode humør overfor tilsette og brukarar, og for god omsorg. Ho har dessutan vist særleg omsorg for asylsøkjjarane i kommunen», sa Arvid Langeland i juryen under utdelinga. Foto: Bjørg Skarstad.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakarar (t d med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har framarbeidd sine eigne IA-delmål som ein del av IA-avtalen. Desse blei i 2013 innarbeidde i *Overordna HMS-plan*.

Bedriftshelseteneste (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. I 2013 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m a vore aktivt med i fornyinga av HMS-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, AKAN-utvalet, HMS-gruppa og sjukefråværsgruppa.

Dei utfører arbeidshelseundersøking med utvalde grupper og 1/3 av resten av arbeidsstokken kvart år. BHT føretek kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, føretek arbeidsplasskartleggingar, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og gjev råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr m m.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

Nærværarbeid

I 2013 har nærværet vore på 95 %. I 2011 var nærværet 93,2 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2011				2012				2013			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,7	0,6	4,9	6,3	0,6	0,5	6,0	7,1	0,7	0,6	3,6	4,9
Helse	0,8	0,9	5,4	7,1	0,7	0,8	6,1	7,6	0,7	0,8	4,0	5,5
Andre	0,7	0,4	3,3	4,4	0,6	0,2	3,3	4,2	0,6	0,5	3,0	4,0

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Gloppen kommune er IA-bedrift og har nært samarbeid med IA-rådgjevar i NAV arbeidslivssenter. IA-rådgjevar og bedriftshelsetenesta blir brukt aktivt i nærvær-arbeid. BHT deltek på dialogmøte i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakarar. Dei underviser i

ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om trening og kosthald m m.

Arbeidsmiljøutvalet gjorde vedtak i desember 2012 om å opprette ei arbeidsgruppe som skal arbeide med tiltak både på system- og individnivå i einingar der sjukefråværet er spesielt høgt. Dei er i løpet av året komne godt i gang med arbeidet. Gruppa er samansett av ein hovudtillitsvald, representantar frå bedriftshelsetenesta, Nav og ein konsulent i rådmannen sin stab.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet eller via fagprogrammet. Alle dokumenta blir fortløpande oppdaterte ved endringar. Dette regelverk ligg også på kommunen si heimeside og ein del skjema ligg på intranettet. Dette er gjort slik til denne tid fordi arbeidstakarane har hatt ulike tilgangar til dei ulike dataprogramma.

Det er eit mål for kommunen å arbeide kontinuerleg med fornying av regelverk innan personalområdet. I 2013 har ikkje dette området hatt tilstrekkeleg fokus.

HMS-GRUPPA

HMS-gruppa er samansett av hovudtillitsvald frå Fagforbundet, hovudverneombodet, leiar i BHT, driftsleiar reinhald, personalrådgjevar og konsulent hos rådmannen. Gruppa har jobba med å oppdatere dokument på HMS-området og tilpassing av desse til *Lokal personalhandbok*.

KURS OG OPPLÆRING

I 2013 vart samarbeidet om kursleveranse frå Firda vidaregåande skule vidareført. Døme på dette er kurs for nybegynnarar og vidarekomne i bruk av Office 2010 (Outlook, Power point, One note, Word og Excel).

I oktober vart det igjen invitert til samling for nytilsette. 14 nye arbeidstakarar fekk ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tenesteytar. Andre døme på lokalt arrangerte kurs med interne og eksterne undervisningskrefter:

- Kontering/fakturahandsaming
- Sakshandsaming i WebSak

Møte mellom leing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

Amu hadde 7 møte i 2013. Det vart handsama 35 saker. Aktuelle tema har vore: økonomiplanen, moderniseringsprosessen, bedriftshelsetenesta, byggeplaner som krev samtykke frå Arbeidstilsynet, arbeidsmiljøprisen, orientering frå hovudverneombod, lokale arbeidsmiljøgrupper (LAG), sjukefråvær, HMS -dokument og temamøte.

KONTAKTUTVALET

Kontaktutvalet, som er eit samarbeidsforum mellom organisasjonane sine hovudtillitsvalde og rådmannen,

- Prosjektleiing, prosjektarbeid
- Førstehjelp
- Betre Styring
- Profil
- seniorkurs Statens pensjonskasse
- publisering på intranett/internett og seniorkurs KLP.

NÆRVÆRSARBEID

Arbeidsgruppa som vart nedsett av arbeidsmiljøutvalet i 2012 har arbeidd med ulike tiltak på einingsnivå for å få ned sjukefråværet der det er mogleg. Døme på tiltak er tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå Nav arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta og Frisklivssentralen. Andre tema er fokus på utvida retningslinjer ved langtidssjukefråvær og tilretteleggings- og medverknadsplikt. Førebygging og oppfølging av sjukefråvær på einingsnivå er sett på agendaen både i leiarforum og i kontaktutvalet. Einingane gjer eit godt arbeid både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

I 2013 har gjennomsnittleg sjukefråvær vore 4,9% mot 6,8% i 2012.

HEILTID/DELTID

Gloppen kommune deltek i KS- prosjektet «Det store heiltidsvalet» frå hausten 2013. Målet er å legge til rette for at flest mogleg tilsette som ønskjer større stillingsprosentar skal få det. Innan helse-/omsorg, der utfordringa er størst, jobbar 204 personar i deltidsstilling og 37 personar i heiltidsstilling. Deltaking i prosjektet skal føre til nye måtar å tenkje på for å kunne gje stillingsauke.

hadde 11 møte i 2013. Av tema kan nemnast økonomiplanen, moderniseringsprogrammet, oppfølging av sjukefråvær, brukarundersøking og tilbagemeldingar/status frå organisasjonane.

ADMINISTRASJONSUTVALET

vart gjennomoppretta etter kommunestyrevalet i 2011. Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutvala i personal- og organiseringssaker. Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leing.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen vart ikkje delt ut i 2013.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Frå aktivitetsgruppa til tur til Tisthamsskaret hausten 2013. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette i STIL-stova, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med, og fjellturar. Også her har mange vore med.

Mål og resultat for Gloppen kommune

I kommuneplanen for perioden 2008-2020 (vedteken av kommunestyret den 10. november 2008) har kommunen desse visjonane i dei ulike rollene:

- som tilretteleggar: - Vi skal gjere andre gode!
- som organisasjon: - Vi kan alltid bli betre!
- som tenesteprodusent: - Eg er offentleg tilsett – eg er her for å hjelpe deg!

Kva er gjort i 2013 for å følgje opp dette?

Område	Tiltak i 2013
Tilrettelegging	
Organisering	– Helse og omsorg har gjennomført flat struktur i heile sektoren med direkte linje mellom sektorsjef og einingsleiar
Tenesteyting	– Sandane heimeteneste, psykisk helse og fysio/ergoterapi flytta inn i nye lokale i andre etasje på Grandane – Prosjekt kvardags rehabilitering er i sitt andre år – Starta arbeidet med innføring av velferdsteknologi – skaffe oversikt over kva som kan innførast med enkle grep – Prosedyrane for enkeltvedtak i helse og omsorg er kvalitetssikra

Arbeidsprosessar

Gloppen kommune arbeider fortløpande for å auke kvaliteten på arbeidsprosessane og – viss det er råd – å gjere desse prosessane enklare. I 2013 har vi hatt fokus på:

Tiltak	Kva og kvifor...
Meldingsløftet, steg 2	Prosjekt med elektronisk kommunikasjon mellom spesialisthelsetenesta og omsorgstenesta i kommunen er iverksett med god effektiviseringsgevinst og sikrere kommunikasjon
Fakturering	Innføring av elektroniske rutinar for fakturering i helse og omsorg har gjeve ei tidssparing på skilnaden mellom 2-3 dagar til 2-3 timar kvar månad
Saksbehandling	Saksbehandlingsmodulen for enkeltvedtak i fagprogrammet for pleie og omsorg «Profil» er teken fullt i bruk

Nøkkeltal for Gloppen

Gloppen	2009	2010	2011	2012	2013	Landsgjennomsnitt
Folketal per 31. desember	5.696	5.705	5.679	5.676	5.694	
Fødde i året	49	54	48	62	43	
Utrekna utgiftsbehov*	121,9	121,3	115,7	118,3	116,3	100
Skatteinntekt i mill. kroner	102,2	100,4	107,7	114,0	121,5	
Skatt i % av landsgjennomsnitt per innbyggjar	84,7	83,0	83	83,7	85,6	100
Eigedomsskatt i mill. kroner	6,5	12,2	12,6	12,7	13,3	
Netto driftsresultat i % av samla inntekter	5,2	6,9	2,6	4,7	1,5	
Kommunale investeringar i mill. kroner	54,8	91,2	36,9	46,9	41,1	
Fond i mill. kroner	22,1	36,9	60,6	65,1	76,7	
Legemeldt sjukefråvær i kommunen i %	5,7	5,1	6,2	5,7	4,0	6,4
Legemeldt sjukefråvær i Gloppen i %	5,5	5,6	4,0	4,2	4,1	
Valdeltaking i %	78,7		70,4		82,2	76,4/64,5/78,2
Del med høgare utdanning i %	25,3	25,7	26,4	27,1	***	29,8**
Registrerte arbeidslause i %	1,0	1,3	1,2	1,2	0,9	3,6

* Kvar kommune har eit utgiftsbehovet i prosent av landsgjennomsnittet. Dersom behovet er over 100 % tyder det at kommunen er dyrare å drive enn gjennomsnittet. Dette kan t.d. skuldast mange eldre.

** Tal for 2012

*** Tal for 2013 ikkje klart.

Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet er samordna med tala i rekneskapsdokumentet. Det betyr at også tala i årsmeldinga blir presentert etter ansvarsområde.



Med to årlege barnehageopptak, er Gloppen føre si tid når det er snakk om å tilby barnehageplass til dei yngste barne. Her er vi i Breim barnhage, som har entreprenørskap som satsingsområde. Foto: Sylvia Helset.

Oppvekst

I 2013 har det vore stor aktivitet i oppvekstsektoren. På barnehagane har vi hatt ein liten overkapasitet, noko som førte til at mest alle som søkte om barnehageplass fekk det. Kommunestyret vedtok å innføre to barnehageopptak kvart år og at born utan rett til plass også skal få plass dersom barnehagane har kapasitet til det. At kommunen har plass og vilje til å tilby barnehageplass også til barn som ikkje har rett til det etter lov, er eit positivt signal å sende ut til potensielle tilflyttarar.

Rådmannen har gjennomført tilsyn med tre av dei åtte barnehagane i kommunen.

I samarbeid med PPT har det vore gjennomført språktesting (Askeladden) av alle treåringane og PPT har hatt systemmøte med rettleiing av barnehagane. Dette underbyggjer dei felles satsingsområda for barnehagane i kommunen: språk og fokus på vaksen-

rolla. Det har også vore arbeid tverrfagleg med eit prosjekt for å betre arbeid og system kring dei fleirkulturelle borna. Her har barnehage, skule, PPT, barnevern, NAV og Gloppen opplæringscenter samarbeidd og delt erfaringar.

Hyen barnehage har hatt normal drift heile året. Her har vi god plass til fleire born. Også i Mona barnehage har vi hatt bra plass i og med at ei avdeling har vore stengd på hausten.

Breim barnehage arbeider aktivt med entreprenørskap og har både hønsehus og veksthus i tillegg til ein kjøkkenhage.

Sjølv om det er svært mykje positivt å melde frå barnehagefeltet, er det likevel rett å peike på nokre utfordringar. Det er no svært tydeleg at det vert stadig vanskelegare å skaffe kompetente barnehagelærarar. Når stillingar vert lyste ut, er det ofte ingen

søkjalar med formell utdanning som oppfyller krava. Denne utfordringa gjeld for så vidt heile landet, og det er difor viktigare enn nokon gong å motivere unge med interesse for å jobbe med born til å utdanne seg til barnehagelærar.

Vi har også utfordringar med høgt sjukefråvær mellom dei tilsette i barnehagane, og det er svært vanskeleg å få fatt i vikarar. Barnehagane er opptekne av å ha god kvalitet, og for å få god kvalitet er det to kritiske suksessfaktorar: kompetanse og tid. I tillegg arbeider vi med å verte betre på tverrfagleg samarbeid. Tidleg innsats/førebygging er krevjande, men lukkast vi med det er vinsten høg både for borna det gjeld og samfunnet.

Alle skulane deltek i Trivselseiarprogrammet, og dette ser ut til å ha positiv effekt på friminuttsaktivitetane. Breim og Nordstranda skular er i gong med PALS (positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling) med støtte frå StatPed Vest. Desse skulane arbeider etter eit program der skulemiljø og læring skal styrkje kvarandre.

Av forbetringar i det fysiske miljøet har det vorte lagt nytt golv på personalavdelinga og biblioteket ved Hyen skule. Det er starta planlegging av formingsavdeling og universell utforming av Gloppen ungdomsskule og totalreovering av Hyen skule. Begge desse prosjekta er tunge økonomiske lyft for kommunen.

Breim skule hadde ei stor oppsetning i Trivsels- hagen saman med kulturskulen. Også andre skular

markerer seg på kulturfronten, Sandane skule med sin kulturkveld som fylte kultursalen to gongar og Nordstranda skule med den årvisse oppsetninga av Putti-Plutti-Plott.

Ungdomsskulane er i gong med «Ny Giv», eit program som er eit styrka tilbod på våren for tiande- klasse-elevar i risikosona for ikkje å lukkast i vidaregåande skule. Dette programmet tilfører også skulane viktig kompetanse på didaktikk- og metodikkfeltet. Vi ser også i skulane at søkjarlistene er korte og at det er vanskeleg å skaffe vikarar. Firda vidaregåande skule, Sandane skule, Gloppen ungdomsskule og Hyen skule har faste samarbeidsmøte for betre å leggje til rette for det trettenårige skuleløpet og lære av kvarandre.

Vaksenopplæringa (Gloppen opplæringscenter - GOS) har arbeidd svært godt og ser ut til å ha økonomien under kontroll. Som økonomitabellen viser leverte dei eit solid mindre-forbruk. Eininga har dette året 61 elevar frå 18 land. I tillegg har Hyen skule i samarbeid med GOS tilbydd norskopplæring for 12 arbeidsinnvandrarar i Hyen. GOS har også selt norsk-kurs for arbeidsinnvandrarar på Skei. Eininga har behov for betre lokalitetar anten gjennom omfattande reovering av noverande lokale eller flytting til andre tenlege lokale. Dei tilsette er svært opptekne av kvar GOS blir lokalisert i framtida, og ynskjer ei rask avklaring.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik i %	Merknad	Rekneskap 2012
Administrativ leing	123 812	0	0,0	1	0
Førskule	31 219 408	32 091 000	-2,7		32 411 266
Grunnskule	59 440 269	60 801 000	-1,9		56 241 128
Styrka tilbod til førskulebarn	2 821 941	2 532 000	11,5	2	2 934 630
Vaksenopplæring	2 488 621	2 732 000	-8,9	3	1 954 497
Skulefritidstilbod	1 371 018	1 124 000	22,0	4	1 077 725
Førskulelokale og skyss	879	0	0,0		5 731
Skulelokale	2 012 007	2 020 000	-25,3	5	2 010 106
Skuleskyss	2 548 308	2 490 000	2,3		2 532 929
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	3 193 575	3 418 000	-6,6	6	2 613 090
Barneverntenesta	2 124 375	2 037 000	4,3		2 054 336
Barneverntiltak i familien	194 290	417 000	-53,4	7	229 004
Barneverntiltak utanfor familien	1 759 611	1 860 000	-5,4		1 716 518
T O T A L T	109 298 145	111 522 000	-2,3		105 780 960

* - er lik mindreforbruk

1. Endra lønsføring utan at budsjettmidlar vart flytta
2. Meirforbruket her skuldast auka behov for styrka tilbod til førskuleborn. Desse har rett til tiltak etter lov og si satsing her vil vere ei god investering for framtida.
3. Mindreforbruket ved GOS skuldast at det var budsjetttert med leige av meir areal som ikkje vart teke i bruk og meirsal av tenester

4. Meirforbruket for SFO framkjem ved at færre born enn budsjettert nyttar tilbodet, og bemanninga må vere på eit visst nivå for at det skal vere forsvarleg
5. Mindreforbruket på botnlina for tenesta skuldast i hovudsak at kommunen har søkt og fått tilført meir prosjektmidlar enn vi hadde tort å budsjettere med i tillegg til at vi har avventa tilsetjing til vi visste sikkert at vi fekk prosjektmidlane
6. Mindreforbruket på botnlina skuldast i all hovudsak mindre kjøp av statlege hjelpetiltak grunna utnytting av eigen kompetanse/kapasitet i kommunen og mindre bruk av støttekontakt/avlastning enn det som er budsjettert. I tillegg er det aktivt søkt ekstern finansiering av tiltak og det har gjeve resultat
7. Innsparinga er i hovudsak mindre kjøp av statlege hjelpetiltak enn rekna med. Vi har i staden brukt eigen kompetanse og kapisitet.

Investeringar i 2013

Sjølv om det aller meste av arbeidet som vert gjort i sektoren kan sjåast som investering, er det i rekneskapsamanhang i hovudsak nybygg, kostbart utstyr, større renoveringsprosjekt og infrastruktur som vert rekna som investering. IKT-investeringane har halde fram, og dei fleste skulane har no fått fleire digitale tavler. Dette er verkty vi gjerne skulle rulla ut i full skala, men budsjettet dette året gav ikkje rom for det. Breim og Nordstranda skular er framleis dei einaste skulane som ikkje har fiber.

Det har ikkje vore store investeringsprosjekt i sektoren dette året. Vi ser mange stader at bygga vi

har ikkje er utforma i samsvar med det som i dag vert kalla universell utforming, noko som gjev oss utfordringar i møte med elevar eller andre som har trong for fysisk tilrettelegging. Døme på utfordringar som må løysast innan rimeleg tid er renovering av Hyen skule, permanent lokalisering for Gloppen opplæringscenter og arbeidsforholda for lærarane ved Nordstranda skule. Planlegginga av tiltaka knytt til universell utforming og formingsaktivitetane ved Gloppen ungdomsskule er starta.

Statistikk og tendensar

I KOSTRA, GSI (GrunnSkolens Informasjonssystem) og Skoleporten ligg det mykje statistikk for sektoren tilgjengeleg for den som vil lese det. Vi presenterer her kort nokre tendensar henta derfrå og frå eigne data.

- Elevane som gjekk ut av Gloppeskulen våren 2013 hadde i snitt like mange grunnskulepoeng som snittet for landet, men 1,1 poeng mindre enn snittet for fylket
- Jentene som fullførte 10. klasse våren 2013 hadde 0,9 fleire grunnskulepoeng enn gutane i snitt
- 7. klassingane i Gloppen trivst svært godt på skulen og med lærarane sine, men meiner skulen gjev for lite fagleg rettleiing
- Gloppen har høgare lærartettleik i undervisninga enn snittet i landet. På ungdomssteget gjeld

dette også i høve fylket, men på barnesteget har Sogn og Fjordane fylke høgare tettleik enn Gloppen

- Elevane i Gloppen scorar under landet og fylket i engelsk på nasjonale prøver 5. årssteg. Mykje tyder på at dette er noko dei tek med seg inn på ungdomssteget. På dei andre nasjonale prøvene kjem gloppen ut på eller over snittet
- Gloppen kommune brukar under halvparten av fylket og landet elles til inventar og utstyr per elev
- Kommunen har innført to barnehageopptak kvart år, og har hatt kapasitet til å tilby barnehageplass til alle born som har fylt eitt år ved dei to opptaka.

Spesielle hendingar i 2013

- Norskopplæring for arbeidsinnvandrarar i Hyen i regi av Hyen skule i samarbeid med GOS
- Kompetanseheving for assistentar i barnehage
- Fleire barnehagestyrarar tek «Leiing i framtidens barnehage»
- Breim og Nordstranda barnehagar er synleggjorde i rekrutteringsmateriale for å skaffe barnehagelærarar
- Samarbeid mellom ungdomsskulane og Firda vidaregåande om kurs-/planleggingsdag for lærarar.



Elevar ved Breim skule dansar i Trivselshagen. Førestillinga heitte JORDA RUNDT – eit verdsomspennande samarbeid mellom Breim skule og Glommen kulturskule. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Utvikling over tid

GJENNOMSNIITTELEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Netto driftsutgift ¹	59.619	56.241	53 644	55 594	51 692	51 480	48 126	44 567	42 952
Elevtal ²	747	743	772	772	752	751	777	783	811
Kostnad per elev ³	103.029	97.879	90 885	89 094	89 918	85 797	79 248	72 405	69 892
Endring i % frå året før	5,3	7,7	2,0	- 0,9	4,8	8,2	9,5	3,6	6,1

¹ Sum utgifter på teneste 202 – grunnskule i 1.000 kroner

² Tal frå GSI

³ Tal frå KOSTRA (korrigererte brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev)

1. august 2009 vart nokre av barneskulane slegne saman slik at strukturen vart endra frå 9 til 5 grunnskular. Dette medførte, trass i gode lønnsoppgjer, at vi fekk bremsa utgiftsveksten monaleg i 2009 og har full effekt av tiltaket i 2010. I netto driftsutgift ligg berre kostnader til undervisning, medan det i kostnad per elev også ligg utgifter til skulelokale, SFO, og skuleskyss. Derfor aukar kostnaden per elev sjølv om nettoutgifta til undervisning går ned.

KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Netto driftsutgift ¹	31.219	32.411	26.268	6.408	2.538	1.305	2.428
Talet på barn i kommunale barnehagar	169	170	180	207	220	195	184
Talet på barn i alle barnehagar	295	293	287	320	314	291	302
Kostnad per barn ²	155.902	158.982	135.103	132.441	115.367	101.691	101.723

¹ Sum utgifter på teneste 201 – førskule i 1.000 kroner. Den dramatiske auken i nettoutgift for tenesta samla skuldast staten si omlegging av finansieringssystemet av barnehageområdet. Frå 2011 er statstilskotet til barnehagar ein del av rammetilskotet, og blir ikkje inntektsført på barnehagane.

² Tal frå KOSTRA (korrigererte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage).

Kommunen har no tre kommunale og fem private barnehagar.

PPT

PPT-kontoret har som tidlegare år arbeidd godt. Innsatsen kontoret gjer kring om i skule og barnehage har mykje av æra for at kommunen har relativt lite spesialundervisning. Lærarar og andre som arbeider tett på barna får oppfølging og rettleiing slik at dei ivaretek barna sine behov for tilrettelagd undervisning gjennom tilpassa opplæring. I samarbeid med barnehagane i kommunen har kontoret mellom anna føreteke språkkartlegging av alle 3-åringane og gjeve den einskilde barnehagen råd om korleis dei skal arbeide for å auke det språklege medvitet hos barn i førskulealder. PPT legg stor vekt på å hjelpe skular og

barnehagar med å etablere gode system som ivaretek borna sine rettar på ein god måte og gjer at kommunikasjonen mellom rådgjevings-/hjelpinstansar flyt godt innanfor lovverket sine rammer. Kontoret har også vore aktive inn mot eiga kompetanseutvikling, mellom anna har leiaren teke vidareutdanning i forvaltning og sakkunnig arbeid, spesielt retta mot PPT, medarbeidarar har sertifisert seg og kontoret har vore aktivt med i fleire nettverk knytte til ulike tema. PPT har også styrkt kompetansen sin på språk gjennom å knytte til seg logoped i ei 20% stilling som stod vakant.

Helsestasjonen

Kommunen fekk på plass kommunepsykolog frå mars 2012. Psykologstillinga er delfinansiert gjennom tilskotsordning og er ikkje ein del av helsestasjonen, sjølv om samarbeidet er tett. Psykologen si timebok dokumenterer at dette er eit sårt tiltrengt tilbod.

Helsestasjonen søkte og fekk tildelt prosjektmidlar frå Helseledningskontoret denne våren. Dette gjorde at helsestasjonen i hausthalvåret fekk inndekning for ei ekstra helsesøsterstilling skuleåret 2013-14. Jordmortenesta kjøpte kommunen frå Helse Førde dette året. Helsestasjonen har hatt jordmor 1,5 dagar per veke i snitt.

Dei tilsette ved helsestasjonen er aktive og arbeider med å halde seg oppdaterte på psykisk helse og ulike problemstillingar knytte til kosthald og ernæring. Dette er viktige område med tanke på barn og unge, og at helsestasjonen også har ansvaret for elevane ved Firda vidaregåande skule. Det blir arbeidd med grupper både for foreldre med småbarn og skuleelevar i ulike aldrar. Mellom anna gjennom helsestasjon for ungdom får helsestasjonen kontakt med ungdom som har ulike problemstillingar dei ynskjer å drøfte, men manglar samtalepartner til.

Barnevernet

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Talet på saker	78	62	57	69	57	51	38	37	36
Hjelpetiltak	62	55	51	63	52	44	31	30	28
Fosterheimar (barn under omsorg)	15	13	9	9	9	7	7	7	8
Institusjon	2	2	1	1	0	0	0	0	0
Barn over 18 år	5	13	17	9	3	4	1	2	5

Tabellen viser ei oversikt av saker i løpet av driftsåret og ikkje på ein aktuell telledato. Ei sak er her definert som barn med tiltak. Oversikta gjev ikkje eit fullstendig bilete av drifta i barnevernstenesta. M.a. viser ikkje tabellen tal undersøkingar utan tiltak, tilsyn i fosterheimar, adopsjonssaker, generell råd og rettleiing og ulik utadretta verksemd. Det reelle aktivitetsnivået er med andre ord monaleg høgare enn det som går fram av tabellen.

Tal fosterheimar inkluderer plasseringar etter barnevernslova § 4-4, 5.ledd (med samtykke), desse blir registrerte som hjelpetiltak då kommunen formelt ikkje har teke over omsorga. Inkludert i tala er og akutt plasseringar i beredskapsheim. Eit barn kan ha både hjelpetiltak og omsorgstiltak i løpet av eit år. Summen av hjelpetiltak og omsorgstiltak er difor ikkje lik talet på saker.

Barn over 18 år gjeld einsleg mindreårige asylsøkjjarar og "ettervern-saker" i høve barn som er flytta ut av omsorgstiltak.

Den store auken i sakstal frå 2004 til 2013 er tilsvarande på landsbasis og derfor ikkje noko spesielt utviklingstrekk for Gloppen. Det er òg grunn til å tru at stabil bemanning og medvite arbeid inn mot sentrale samarbeidsaktørar òg er med og påverkar utviklinga av sakstala. Dette slik at vi får fleire saker der tidleg intervensjon hindrar meir alvorlege inngrep. M.a.o. er det ikkje slik at fleire saker treng å bety auka kostnader dersom vi ser ting i eit litt større perspektiv enn eit budsjettår og eige tenesteområde.

2013 har, til liks med 2012, vore eit hektisk år for barnevernstenesta med mange saker for fylkesnemnda. Dette er ressurskrevjande og konfliktfylte saker å jobbe med. At ein likevel har klart å halde seg innafør budsjettet, heng saman med at det og har vore ein del saker der omsorgsvedtak vert avslutta, m.a. fordi fosterbarn flyttar ut og skal bu for seg sjølv. Tenesta har og vore flinke til å hente ut øyremerka midlar til stillingsressursar både i høve sakshandsaming og tiltak. Dette er med å halde nede netto-kostnaden innanfor tenesteområdet.



Juleballet på Gloppen ungdomsskule er eit høgdepunkt for dei fleste, og eit årsvisst arrangement i førjulstida. Slik også i 2013. Foto: Ragnhild Bruvoll.

Helse og omsorg



Naturen inn i trappeoppgangen på Gloppen omsorgssenter. Sitjande er einingsleiar Cecilie M. Helgheim og ved sida av henne sjukepleiar Anne Elise G. Solberg. Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik i %	Merk- nad	Rekneskap 2012
Administrativ leing	133 336	0	0,0	1	0
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	181 208	180 000	0,7		186 524
Anna førebyggjande helsearbeid	-17 490	21 000	-183,3		-42 682
Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	4 093 991	3 346 000	22,4	2	3 779 716
Diagnose, behandling og re/habilitering	13 969 888	14 202 000	-1,6		15 346 846
Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	4 325 986	4 197 000	3,1		3 597 592
Tilbod til personar med rusproblem	20 557	10 000	105,6		3 300
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	19 398 821	23 380 000	-17,0	3	20 300 905
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	89 032 157	90 022 000	-1,1		88 262 383
Kommunalt disponerte bustader	851 466	350 000	143,3	4	526 859
Kommunale sysselsettingstiltak	1 188 911	1 147 000	3,7		827 025
Introduksjonsordninga	3 250 938	3 594 000	-9,6	5	2 670 848
Kvalifiseringsprogrammet	375 767	714 000	-47,4	6	496 976
Økonomisk sosialhjelp	2 850 860	3 000 000	-5,0		3 116 024
T O T A L T	139 656 400	144 163 000	-3,1		139 072 317

* - er lik mindreforbruk

Merknader:

1. Avviket her skuldast endring i rekneskapsføringa ved at deler av helse- og omsorgssjefen si lønn vert ført på sektor og ikkje på administrativ leining under rådmannen. Etter omorganiseringa i helse og omsorg er helse- og omsorgssjefen direkte involvert i oppgåver i sektoren, m.a. gjennom godkjenning av alle enkeltvedtaka
2. Årsaker til meirforbruk er mindre inntekter på middagssal enn budsjettert og skeiv fordelinga av utgiftene på kjøkkenet mellom institusjon og støttetjenester (middag til heimebuande). Utgiftene til støttetjenester var sett for lågt sidan vi mangla erfaringstal. Overgang til alarmsentralen i Florø påverka også utgiftene og vi fekk prisauke frå Mona Vekst for arbeids- og aktivitetstilbodet
3. Årsaker til mindreforbruket er reduksjonen på 2,7 årsverk frå sommaren 2013 fordi sengetalet kunne reduserast med 5 grunna trong for færre liggedøgn på institusjonen. Omorganiseringa førte også til eitt årsverk mindre. Driftsutgiftene har også vore lågare. Betaling for overligg har vore mykje mindre enn budsjettert. Samtidig er forklaringa på mindreforbruket at delinga mellom budsjettet for 1. etg. og Oreteigen etter omorganiseringa ikkje er nøyaktig
4. Meirforbruket skuldast erstatningskrav frå private huseigarar etter unormal slitasje. I tillegg er det utgifter knytt til periodar med «tomleige»
5. Mindreforbruket skuldast færre i programmet enn budsjettert, samt effekt av tiltak for å redusere driftsutgifter i 2013
6. Mindreforbruket på 47 % skuldast færre i programmet enn budsjettert grunna få søkjarar med behov for tilbodet i 2013.

Investeringar i 2013



Det har vore få investeringsprosjekt i helse og omsorg i 2013 utanom renovering av bada på Gloppen omsorgssenter. Arbeidet med dette starta i 2013 og skal halde fram i 2014. Bano leverer funksjonell innreieing og eigeomsavdelinga, ved vaktmeisterane utfører arbeidet. Pasientane og dei tilsette gler seg over ei etterlengta rehabilitering av bada som var bygde i 1974.

Nye bad på omsorgssenteret, til glede for både pasientane og dei tilsette. Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Frå 24. juni 2013 vart talet på plassar i 1. etg. på Gloppen omsorgssenter 20, av desse 8 langtidsplassar, 4 rehabiliteringsplassar og 8 plassar til korttid/avlasting. Tal plassar vart redusert med 5 fordi liggedøgnstatisikken sidan 2010 viste at vi hadde ein overkapasitet på korttidsplassar. Reduksjonen av 5 plassar medførte ein bemanningsreduksjon på 2,7 årsverk. Dette vart gjennomført utan oppseiingar.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet
67 bustader på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet

50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Bustad utan fast bemanning

39 bustader: 2 i Breim, resten på Sandane. 8 av desse bustadene har to soverom.

Avlasting for born og unge

Gloppen kommune har 4 avlastingsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamnleg i bruk, kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.

Hendingar i 2013

Nye lokale

Også i år har tilsette i helse og omsorg kunne glede seg over å kunne ta i bruk moderne lokale som tilfredsstillende krava til arbeidsmiljø i dag. I januar flytta heimetenesta på Sandane, fysio/ergoterapi og psykisk helse inn i leigde lokale i 2. etasje på Grandane. No er legetenesta, helsestasjon, barnevern, PPT, kommunepsykolog, Sandane heimeteneste, psykisk helse og fysio/ergoterapi samlokalisert. I tillegg ligg tannhelsetenesta i same bygget. Kommunikasjonslinjer kan forenklast på tvers av sektorar og tenester og publikum finn mange tenester i same bygget.



Nyinnflytta einingsleiarane på Grandane. F.v. Kari-Ann Krogh (Sandane heimeteneste), Merete Knoff (psykisk helse) og Margot Andenes, (fysio/ergoterapi). Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Moderniseringsprogrammet, omorganisering, enkeltvedtak

Moderniseringsprogrammet for 2013 medførte ein del tiltak som skulle gjennomførast for helse og omsorgssektoren. Det skulle lagast ny rutine for enkeltvedtak med mål om å samordne vedtak om tenester i helse og omsorg og i oppvekst. Alle enkeltvedtaka skulle evaluerast og det vart fatta nye vedtak etter ny rutine. Gjennomgang av enkeltvedtaka og bruk av ny rutine for enkeltvedtak har vore ei arbeidskrevjande og lærerik oppgåve for leiarane og administrasjonen. Arbeidet vart difor ikkje ferdig innan utgangen av 2013.

Modulen for enkeltvedtak i sakshandsamings-systemet er teken fullt i bruk og det blei raskt avdekka at programmet er tungvint. Dokumentasjonsmessig er det likevel ein fordel å bruke modulen fullt ut. Enkeltvedtaksprosedyren fremjar koordinering mellom tenester og mellom sektorar. Utforminga av enkeltvedtaka er kvalitetssikra i høve til den nye helse- og omsorgstenestelova. Einingsleiarane utfører no sakshandsaminga og nemnder gjer vedtak. Einingsleiarane har gjort eit formidabelt ut-

viklingsarbeid innanfor eksisterande og delvis reduserte rammer. Den juridiske kompetansen i plan- og utviklingsavdelinga har vore til stor og naudsynleg hjelp i utviklingsarbeidet. Alternativet hadde vore kjøp av ekstern kompetanse til høg pris.

Faktureringa for betalingstenestene er effektivisert gjennom meir elektronisk behandling: frå å bruke 2-3 dagar på arbeidet i månaden utfører no in person arbeidet på 2-3 timar. Til samanlikning brukar dei andre Nordfjorkommunane framleis 2-3 dagar på denne arbeidsprosessen.

Gjennomgang av organisasjonen i helse og omsorg medførte ei omorganisering for å flate ut organisasjonen, forenkle kommunikasjonslinjene og spare leiarressursar. Organisasjonsendringa vart gjennomført innan 1. september 2013. Endringsprosessar er alltid krevjande å gjennomføre og det var ein stor styrke at det var utarbeidd gode rutinar og prosedyrar i moderniseringsprogrammet. Røynsla så langt tilseier at endringa har vore ei forbetring i organisasjonen. Kort veg frå fag til leiging er effektivt.

Kommunestyret hadde også bestemt at det skulle gjerast ein gjennomgang av kommunen si kjøkkendrift for å kunne tilpasse seg strammare økonomiske rammer. Alle tiltaka er gjennomførte unnateke gjennomgang av kjøkkendrifta der kommunestyret i desember 2013 vedtok at kjøkkendrifta skulle vere som den var.

Betre Styring

Programmet Betre Styring vert teke meir i bruk i einingane. Sandane heimeteneste og Nordstranda skule har vore pilotar i gjennomføringa. På driftsmåla i helse og omsorg vert Betre Styring brukt som rapporteringsverktøy.

Etisk kompetanseheving

Refleksjonsgruppene har vore i gang på Gotatoppen, i 1. etasje på omsorgssenteret, på Åsateigen og i Sandane heimeteneste. Opplæringa for dei andre einingane i tenesta vart utsett til 2014. Då skal det takast stilling til om etisk kompetanseheving skal implementerast i dei fleste einingane og sjølv prosjektet kan då avsluttast.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen si målgruppe er folk som treng oppfølging under livsstilsendring. I 2013 har 43 personar vore med på gruppetreningar og 6 på kosthaldskurs. Vi har ikkje hatt nok tilviste til å starte røykesluttkurs, men dei som har ønska det har fått individuell oppfølging i høve til dette. 5 personar har delteke på «Aktiv Ung» som vart starta opp i oktober. Nytt av året er og to opne treningar der ein ikkje treng tilvising: Fallførebyggande gruppetrening for eldre og utetrening styrke/

intervall. «Friskliv i Friluft» og gravidtrening i bassenget er andre opne tilbud vi driv.

Frisklivssentralen har drive symjeopplæring for innvandrar kvinner i samarbeid med Gloppen opplæringscenter. I mars arrangerte Frisklivssentralen og Kvardagsrehabilitering eit kurs i «Motiverande samtale» for tilsette i kommunen.

Folkehelsekoordinator

Folkehelsekoordinatorstillinga vart 1. september 2013 flytta frå rehabiliteringstenesta til ressursgruppa for strategisk leing. Dette er i tråd med dei føringane som fylkeskommunen kjem med i partnarship for folkehelse og vil kunne gjere det tverrsektorielle arbeidet med folkehelse lettare.

Stillinga er framleis 30 %. I store delar av 2013 har folkehelsekoordinatoren jobba med å lage ei oversikt over utfordringar og ressursar når det gjeld folkehelse i Gloppen slik folkehelselova krev. Oversikta skal bestå av både statistikk og kvalitativ informasjon og skal vere eit reiskap i all kommunal planlegging. Andre fokusområde har vore oppfølging av resultat i spørjeundersøkinga «Helsevanar blant skuleelevar».

Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi

Prosjektet er snart halvvegs og det er gjort erfaringar med rehabilitering gjennom kvardagsaktivitetar. Tverrfagleg team har vore i full drift sidan 2. april 2013. Ein starta då med pasientarbeid, kompetanseheving og kompetansmobilisering blant dei tilsette og innbygarane og med planlegging av implementering av kvardagsrehabilitering i Gloppen kommune.

Vi er fornøgde med utviklinga og held tidsplanen for arbeidet. Ein ser også at det tek tid og store ressursar for å endre haldning, kultur og arbeidsmetode. Vi vurderer det difor som viktig å la prosjektet gå over 3 år. Det er stor interesse for prosjektet frå mange hold og prosjektet har fått ein del ekstern økonomiske støtte.

Vurdering av velferdsteknologiske løysingar ser vi også er viktig å sjå i samanheng med tenestene ein elles yter til pasientane. Som ein del av eit større prosjekt i kommunen arbeider ein i kvardagsrehabilitering med kva velferdsteknologiske løysingar ein kan prøve ut og ta i bruk i den vanlege heime-tenesta. I tillegg planlegg vi å arrangere eit ope møte for innbygarane i kommunen, spesielt aldersgruppa 60-80 år, for å opplyse om velferdsteknologiske løysingar, kvardagsrehabilitering, bustadtilpassingar og andre viktige tema med tanke på framtidens utfordringar innan helse- og omsorgssektoren.

Målet med prosjektet kvardagsrehabilitering er å få ei haldningsendring hos folk flest, blant brukarar, pårørande, tilsette og leing rundt behovet vårt for å ta ansvar for eige liv og oppretthalding av kvar-

dagsaktivitet. Vi skal utsette behovet for tradisjonelle, langvarige og kostnadskrevjande helse- og omsorgstenester i tråd med «Grunnmodell Gloppen» gjennom auka livskvalitet og eigenmestring for brukar/pasient og frigjorde ressursar til andre sentrale helse- og omsorgoppgåver. Anita Eide Lothe leier prosjektet med stø hand.

Kommunal akutt hjelp med døgnopphald

Samhandlingsreforma pålegg kommunane å ha planlagt og sett i gang kommunal akutt hjelp med døgnopphald innan 2016. I Gloppen vart det oppretta arbeidsgruppe samansett av kommuneoverlege Benny Ø. Hansen, einingsleiar Iren Knutsen Utheim, hovduttillitsvalt for sjukepleiarforbundet (NSF) Anne Helene Vedvik og helse- og omsorgsjefen som leier arbeidsgruppa. Gruppa starta planlegginga av tilbodet for Gloppen og lokaliseringa av plassane skal vere på Gloppen omsorgscenter. Målet var å ha særavtale og søknad klar til 1. mars 2014.

Utskrivingsklare pasientar

Gjennom året har det stort sett gått greit å ta i mot utskrivingsklare pasientar. Men nokre få gonger er det samanfall med fleire utskrivingsklare pasientar på ein gong og då betaler kommunen for overligg. Før meldingsløftet vart teke i bruk kunne misforståingar i kommunikasjonen mellom avdelingar på sjukehusa og omsorgstenesta i kommunen føre til overligg sjølv om her faktisk var ledige senger. I 2013 har kommunen betalt for 8 døgn overligg på sjukehusa, og det er eit svært lågt tal.

Meldingsløftet del 1 og 2 – Innføring av elektronisk samhandling

Oppgåva til prosjektet del 1 var å innføre system for elektronisk samhandling mellom legetenesta og helse- og omsorgstenesta i Gloppen kommune. I mars 2013 tok ein i bruk elektronisk meldingar innan kommunen og dette har fungert godt.

Meldingsløftet del 2 hadde som mandat å innføre elektronisk meldingsutveksling mellom helse og omsorgstenesta i Gloppen kommune og Helse Førde. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt for Nordfjordkommunane leia av Stryn kommune som pilot. Det vart laga interne rutinar i helse og omsorg for elektronisk meldingsutveksling som bygde på tidlegare rutinar og gjeldande samarbeidsavtale med Helse Førde. Vi har gjennomført opplæring av om lag 60 tilsette.

16. desember 2013 starta vi formelt elektronisk meldingsutveksling mellom helse og omsorg i Gloppen kommune og Helse Førde. Dette ser ut til å fungere fint. Meldingsløftet utgjør ei stor forenkling i kommunikasjonen internt i helsetenesta i kommunen og mellom kommune og helseføretak.

Pasientopplysningar kan formidlast trygt og raskt og kjem på plass i dokumentasjonssystema med ein gong. Vigdis Øygard i heimetenesta på Sandane og Anita Eide Lothe har leia arbeidet og utan deira nøyaktige og innsiktsfulle arbeid hadde ikkje meldingsløftet vore på plass i omsorgstenesta.


Helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege

Hausten 2013 starta det på Firda vgs helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Sogn og Fjordane fylkeskommune, NAV og Gloppen kommune. Helse- og omsorg i Gloppen stiller med praksisplassar rundt om i einingane. Fleire av elevane arbeider i tillegg som ekstravakter og skaffar seg verdifull arbeidspraksis samtidig som dei løyser rekrutteringsproblemet. Utdanninga kom i stand ut frå forståinga av at dei framandspråklege må få fagarbeidarutdanning med fagbrev slik at dei har kompetanse som gjer at dei kan kome i fast arbeid.

HMS arbeid

Det vert arbeidd målbevisst med arbeidsmiljø på einingane. På Gotatoppen fekk einingsleiar Marit Horntvedt tildelt HMS-prisen for godt arbeid i eininga. På omsorgssenteret vert det gjort miljøtiltak i form av oppussing for å gjere det trivelegare både

for bebuarane og for dei tilsette. Fornyng og oppfrisking aukar trivselen.



Reinhaldar Abraham Johnny tek seg ein liten kvil på den nyoppussa benken. Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Beredskapsarbeid

Hyen og Breim arbeider etter sin lokale beredskapsmodell og hadde møte med sine lokale samarbeidspartar for å sjekke kontaktpersonlister, utstyr og kommunikasjon.



Biletet viser den nystarta klassen på Firda vgs for framandspråklege helsefagarbeidarar. Klassen fekk hausten 2013 besøk av prosjektleiar for «Bli helsefagarbeidar» Sølvi Olrich Sørebo frå KS saman med representant frå NAV Sogn og Fjordane, NAV Gloppen, Gloppen kommune og Firda vgs. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Utvikling over tid

Teneste	2013	2012	2011	2010	2009
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	359	354	376	377	368
Mottakarar av støttekontakt	63	73	65	59	54
Mottakarar av omsorgslønn	11	11	11	10	10
Bebuarar i bustadar disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	152	152	148	148	110
Bustadar med bemanning heile døgnet	67	65	65	61	28

KOSTRA-tal per 31. desember.

Utvikling i liggedøgn

	2013	2012	2010	2009	2008
Korttid/rehab.	3.754 (85,7%)	4.726 (75,96 %)	5.488 (88,44 %)	5.851 (94,29 %)	5.681 (91,56 %)
Langtidsplassar	2.853 (85,2%)	2.769 (94,57 %)	2.867 (89 %)	2.909 (99,62 %)	2.857 (97,84 %)

Åra tidlegare var det for korttids- og rehabiliteringsplassane ein tydeleg tendens til at det vart brukt færre plassar. Det førte til at i 2013 vart tal plassar redusert med 5. Då ser vi at beleggsprosenten stig, men liggedøgna vert færre.



Dei tilsette i første etasje på omsorgssenteret. Motto: «Vi ser deg» med kjerneord «omsorg, kunnskap, respekt». Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Plan og byggesak, eigedom, kommunalteknikk, brann, landbruk og næring



Ny feiemaskin vart levert i april 2013 og har vore mykje brukt etter ein vinter med mykje sandstrøing. Vår mann bak rattet er Magnar Solheim. Foto: Ivar Skeistand.

Plan- og byggesaksavdelinga

Plan- og byggesaksavdelinga vart oppretta i 2013, og har som overordna mål å yte gode og effektive tenester til brukarane innanfor følgjande tenesteområde:

- handsaming av reguleringsplanar
- byggje- og delesaksbehandling
- kart og oppmåling
- seksjonering
- eigedomsskatt.

Arbeidsoppgåvene vert fordelt på 4,3 årsverk, der dei tilsette i hovudsak har fagutdanning som ingeniør eller jurist.

Avdelinga har frå hausten 2012 og fram til sommaren 2013 reelt sett hatt ei lågare bemanning enn 4,3 årsverk, som følgje av permisjonar. Likevel viser Kommunebarometeret av 2013 at vi held oss innanfor lovfesta saksbehandlingstid i alle byggesaker. Vi skårar 5,7 av 6 moglege poeng når det gjeld saksbehandlingstid for reguleringsplanar og 6 på saksbehandlingstid på oppmålingsforretning.

Behandling av plansaker

På tenesteområdet behandling av plansaker ligg ansvaret for behandling av både kommunale og private reguleringsplanar. Det vart i 2013 arbeid med oppdatering og fornying av fleire av regulerings-

planane våre. Reguleringsplan for Vonheim – Storebru, reguleringsplan for Sandane sentrum og reguleringsplan for Eidsmona industriområde er døme på slike. Av private planar, kan vi nemne reguleringsplan for Skarstein og Furehaugane industriområde.

Byggesak

Etter eitt år utan fast byggesakshandsamar, vart det hausten 2013 ein ny, fast rådgjevar på byggesak. I 2013 vart det også gjennomført ei brukarundersøking på byggesak, der målsetjinga var å kartleggje kor tilfreds den enkelte brukar var med tenesta. Det totale snittet kom på 5,1 poeng av 6 moglege. Høgste score låg på 5,4, og gjaldt respektfull behandling av brukarane. Lågaste score var på 4,5 og gjekk på informasjon.

Byggesak har teke brukarundersøkinga på alvor, og har sett i verk fleire tiltak som skal gjere tenesta endå betre for brukarane. Nye nettsider er under utarbeiding, som mellom anna skal innehalde oppdatert informasjon om søknadsprosessen. Vi har vidare etablert eit prosjektet med Fylkesmannen i Sogn og fjordane, som har fått namnet «Rettstryggleiksloftet». Gjennom prosjektet skal byggesak forbetre og fastsetje rutinar for heile byggesaksprosessen og utarbeide informasjonsskriv til kommunen si nettside.

Oppmåling

Ein føresetnad for kunne gjennomføre ei effektiv og god oppmålingsforretning er eit godt fungerande

utstyr. I 2013 vart det difor kjøpt inn eit nytt og moderne oppmålingsutstyr, som har vore til god nytte for både tilsette og brukarane av tenesta i året som har gått. Målsetjinga om å vere ajour med rekvirerte oppmålingsforretningar i 2013 må seiest å vere nådd. Det same med målet om å halde kommunen sitt leidningskartverk fortløpande oppdater. Ingeniørane på oppmåling har i 2013 elles vore delaktig i «Adresseprosjektet», og ein del arbeidstimar har gått med til dette arbeidet.

Eigedomsskattekontoret

Eigedomsskattekontoret er plassert under plan- og byggesaksavdelinga, og fungerer som ei sekretariat-teneste for takstnemnda og klagenemnda. Kontoret skal leggje til rette for arbeidet til takstnemnda ved å syte for alt administrativt og kontormessig arbeid for takstnemnda.

I februar skreiv eigedomsskattekontoret ut takstbladet for skattepliktige eigedomar. Om lag 3.000 takstblad vart pakka i konvoluttar og sende ut. Resten av året har gått med til oppdatering av matrikkelen og kontinuerleg oversyn over takstverdige eigedomar. I november starta førebuing av arbeid med utskrivning av nye takstblad.

Eigedomsavdelinga



Lagerhallen på Katahamrane som Gloppen kommune har bygt for utleige til Bano AS kom opp på rekordtid i 2013. Her tomte klargjort 1. november 2013. Foto: Odd Arne Kolseth.

Eigedomsavdelinga har vore i drift sidan 2009 og har som overordna målsettinga å sikre ei økonomisk for-svarleg drift av bygg og eigedomar, hindre at verdien av bygningane blir redusert og å leggje til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø basert på funksjonelle lokale og eit godt innemiljø.

God eigedomsforvaltning er å gje brukarane gode og effektive bygg til lågast mogleg kostnad. Dette inneber å skape best mogleg rammevilkår for brukarane si verksemd over tid.

Eigedomsavdelinga er organisert rett under rådmannen og omfattar alle vaktmeistrane og reinholdarane i kommunen. I 2013 har eigedomsavdelinga hatt 6,5 årsverk vaktmeistrar, 15 årsverk reinholdarar og ein einingsleiar. Vi har samla alle vaktmeistrane og alle reinholdarane under kvar sine driftsleiarar. Dette har vist seg å vere effektivt og har betra arbeidsmiljøet for alle.

I 2013 hadde eigedomsavdelinga eit nettobudsjett på om lag 14 mill kroner.

Einingsleiar rapporterer til rådmann ved hjelp av rapporteringsprogrammet «Betre styring».

Gloppen kommune har om lag 45.000 m² bygningsmasse fordelt på vel 70 bygg. I tillegg til å halde vedlike denne bygningsmassen, skal eigedomsavdelinga utføre mindre ombyggingar, tilpassingar og ha prosjektleiinga på nye byggeprosjekt.

Reinholdstenesta

Reinholdsgruppa i Gloppen kommune består av om lag 14 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinholdarar. I tillegg har vi ein driftsleiar reinhold i 100 % stilling. Reinholdsgruppa har ansvar for reinholdet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, herads-huset, GOS og på leigearealet på Grandane. Totalt om lag 28.000 m² vaskeareal.

Reinholdsdrifta til Gloppen kommune er ein omorganiseringsfase. Det vil medføre at reinholdarane ikkje lenger skal vere fast tilknytt eit bestemt bygg, men jobbe meir i team. Vi vil også satse på fagleg utvikling av reinholdarane samt standardisere kvaliteten for reinholdet. Vi har ikkje tilbode fagbrev-utdanning til reinholdarane i 2013.

I 2012 starta vi opp eit prosjekt som skal kartlegge reinholdstenesta slik den er i dag, og korleis vi skal drive den framover som ei effektiv og konkurransedyktig avdeling sett oppimot privatisering.

Vi har registrert vaskearealet og ressursbehovet på alle bygga som vi har reinholdansvaret for i data-programmet Ren-Plan. Dette programmet kan berekne effektiviteten av tenesta utifrå vaskeareal og personalressurs sett oppimot ein gitt standard.

Berekningane som er gjort viser at Gloppen kommune har god kvalitet på reinholdstenesta i dag, men kan verte meir effektive. Ved å redusere kostnader tilsvarande 0,9 årsverk, vil kommunen levere ei konkurransedyktig reinholdsteneste.

Prosjektet er no avslutta og rapporten som vart vedteken i kommunestyret i november 2013 seier at reinholdstenesta ikkje skal konkurransesettast no, men at det vert brukt meir tid med dei tilsette og til-litsvalde på effektiviseringstiltak og heving av kvalitet.

I 2013 tilsette vi to sommarhjelpere i reinholds-gruppa som jobba i skuleferien.

Vaktmeistertenesta

Vi har i dag 6,5 årsverk fordelt på 7 vaktmeistrar. Vaktmeistrane har hovudansvar for sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle bygga. Blant desse vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har det overordna ansvaret for drifta ute.

Drift

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenester som ligg inn under vedlikehald av bygga, utførte vi fleire mindre tiltak i 2013 som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre, og kan nemne:

- Utvendig maling av fleire bygg, blant anna på Byrkjelotunet og Furustubben barnehage og deler av Breim skule
- Pussa opp ei avdeling i Furustubben barnehage
- Montert ny utebod ved Nordstranda skule
- Nytt yttertak på den eldste bygningsdelen på Mona barnehage avd. Sandane
- Skoging av fleire kommunale eigedomar
- Nye innvendige lysarmatur og montering av varmpumpe på Byrkjelotunet
- Totalrenovering av utleigebustader i Søråsen 58 og 60
- Energioppfølging
- Flytta heimetenesta inn i nye lokale på Grandane
- Radonmålingar i fleire skular, barnehagar og utleigebustader
- Pussa oppatt guttedusjen på Breim skule.

I tillegg vart der utført dagleg vedlikehald, samt mindre tiltak som universell utforming, malararbeid innvendig og utvendig og ikkje minst stell av utvendig grøntareal.

I 2013 tilsette vi to sommarhjelpere som utførte vedlikehald av grøntareal og anna førefallande arbeid. I år hadde vi samarbeid med uteseksjonen om sommarhjelpene, og det var svært vellukka.

Vaktmeistertenesta har i 2013 også hatt ansvar for vaktmeistertenestene på Sandane sentrumsbygg. Dette er ei teneste vi gav pristilbod på, og fekk. Denne tenesta gir Gloppen kommune ei ekstraintekt på om lag 60.000 kroner årleg.

Investeringar

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølve, vi leiger berre dei tenestene som vi ikkje har kompetanse på sjølve, og kan nemne:

- **Energisparande tiltak** der vi har brukt ein halv million kroner på skifting av vindauge, tilleggsisolering og montering av varmpumper m.m.
- **Straktiltak Hyen skule** for å betre innemiljøet og arbeidsforholda for lærarane. Vi har erstatta filtteppa i administrasjonsfløya og biblioteket med nye laminatgolv
- **Kontor på Løkjatunet** for einingsleiar

- **Bad og garderobar ved Byrkjelotunet** med ny garderobe og toalett for dei tilsette
- **Renovering av 14 bad på Gloppen omsorgs-senter** i 1. og 2. etg i eit samarbeid med Bano AS
- **Lagt ned fjernvarmerør** mellom Sandane skule og Gloppen ungdomsskule.

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenørar, og kan nemne:

- **Gloppen ungdomsskule:** Der er etablert ei prosjekteringsgruppe som er leia av arkitekt Fortunen AS. Denne gruppa skal prosjektere nybygg og ombygging av skulen for å tilfredstille krav til utversell utforming og lokaler til formingsfaget.
- **Lagerhall på Katahamrane:** Gloppen kommune bygger ny lagerhall på 1500 m² for utleige til Bano AS.
- **Ny bil:** eigedomsavdelinga kjøpte ein ny bil i 2013.

Vi har lagt bak oss eit svært aktivt og interessant år og har vore med på å betre driftsbygga for brukarane våre.

Avdelinga for kommunalteknikk

På avdelinga er det ei 100 % leiarstilling, ei 30 % stilling som tek seg av leidningskartverk og ei 20 % stilling til arbeid med gebyrgrunnlag for abonnentane.

I uteseksjonen er det ei leiarstilling og 6,5 stilling som fagarbeidar/driftsoperatør.

Vassverk

Kommunen overtok Hovden vassverk frå 1. januar 2013. Anlegget består av leidningsnett, kombinert reinseanlegg/pumpestasjon i Reedfjæra, ein pumpestasjon i bustadfelt Hovden og eit høgdebasseng med pumpeanlegg på Kvile. Vassverket har ca 95 abonnentar.



Pumpestasjonen i Reedfjæra som Gloppen kommune tok over då Hovden vassverk vart kommunalt 1. januar 2013. Foto: Ivar Skeistrand.

Resultat frå vassprøvene på både Sandane vass-verk og Hovden vassverk har vore gode heile året. Det har vore få avbrot i vassforsyninga. Abonentane på Kvile har vore utan vatn eit par gonger grunna feil på varsling av lågt nivå i høgdebassenget. Dette er no retta opp. Elles har vi nokre planlagde avbrot på grunn av reparasjon/vedlikehald på leidningsnettet.

Drifta av begge vassverka har vore god og stabil heile året. Det er oppdaga 3 vasslekkasjar på hovudleidingane som er tetta. 2 Brannhydranta er skifta ut.

Avløp

Det har vore få driftsavbrot på leidningsnettet og i pumpestasjonane. Vi har hatt eitt tilfelle med tett avløpsleidning som førte til skade i ein kjellar.

Byrkjelo reinseanlegg

P.g.a. auka produksjon på reinseanlegget på Byrkjelo har vi blitt nøydd til å avvatne slam også på laurdagar, stort sett heile året. Overtidsarbeidet vert fordelt på fire personar. Vi ventar no på at meieriet skal bestemme kva tiltak som vert sett i verk på deira forreinsseanlegg, før vi tek avgjerd i korleis vi skal oppgradere vårt anlegg.

Den nye slamavtalen med Miljøservice AS har fungert godt. Firmaet er no i ferd med å oppgradere mottaksanlegget i Remmedalen ved å bygge tak over området der slammet vert bearbeidd. Det vil forbedre komposteringsprosessen mykje.

Tøming av private slamavskiljarar

I 2013 var det ordinær tømmerunde for private slamavskiljarar. Vi har fått rapport frå Miljøservice AS om arbeidet som er gjort. Det er ein del manglar ved anlegga hos nokre abonnentar der vi må gi pålegg om utbetring.

Kommunale vegar

Det har vore lite flaumskader på vegane takka vere god beredskap med å halde opne stikkrenner og å halde oppsyn ute på vegane ved store nedbørsperiodar. Den kalde vinteren førte til oppising i stikkrenner som måtte tinast. Elles kan nemnast:

- Det er gjennomført brukkontroll av 34 bruer
- Utført kantklipping langs vegane
- Kjørt ut salt for støvbinding, fleire turar
- Skoghogst langs vegar
- Grusa og høvla 37 km
- Vedlikehald av mange gatelys (utført av SFE)

Park og uteområde

Det vert gjennomført faste ruter for tøming av bossstativ i sentrumsområda. Til å stelle blomsterbed i Sandane sentrum og Byrkjelo sentrum vert det leigt inn folk. I sommarsesongen har vi hatt vikarar (studentar) i arbeid med plenslåing og stell av sentrums-

områda. Ei slik ordning er nødvendig for å få arbeid utført p.g.a. ferieavvikling i uteseksjonen.

Investeringar

Vassverk

Hovden Vassverk

- Eternittaket på høgdebassenget er fjerna og nytt tak lagt
- Det er montert driftsovervakingsanlegg på reinseanlegget i Reedfjæra, pumpestasjonar og høgdebassenget på Kvile, slik at vi kan få alarmar straks det er feil som oppstår.

Sandane vassverk

- 250 m ny vassleidning på strekninga Trivsels-hagen-Sandane skule-Gotevegen. Arbeidet var omfattande og krevjande fordi det ligg mange tele- og straumkablur som må takast omsyn til. Samtidig er her stor trafikk.
- 720 m ny hovudvassleidning på Eide.

Avløp

- I 2013 fekk vi endeleg slutt på direkte utslepp av kloakk på Øyrane. Kloakken på strekninga Mølla-Kattahamrane-Leirbrekka-Askefeltet vert no pumpa over til silanlegget på Elvaneset. Gjennom åtte år er det lagt leidningar og montert i alt seks pumpestasjonar, i hovudsak utført av eigne folk og maskinar.
- 250 m ny avløpsleidning på strekninga Trivsels-hagen-Sandane skule-Gotevegen. Dette arbeidet vart gjort samstundes som ny vassleidning vart lagt
- 720 m ny avløpsleidning på Eide
- Ny pumpestasjon på Eide på ny plass. Den gamle stasjonen vart nedlagt.

Kommunale vegar



900 m grusveg på Føleide fekk fast dekke. Før asfalteringa på Føleide vart det utført grøfte-reinsk og lagt ut duk og eit pukklag på ei strekning med dårleg bæreevne. Foto: Ivar Skeistrand.

Elles:

- 1300 m i Årdal vart reasfaltert. Her var vegen svært nedsliten, så det gjekk med mykje asfalt i avrettingslaget, før slitelaget vart lagt
- 30 m rekkverk på Felde vart oppsett
- Ny feiemaskin vart levert i april og har vore mykje brukt etter ein vinter med mykje sandstrøing.

Spesielle hendingar

Driftsbasen i Eidsmona fekk fibernett i desember. Personalavdelinga i to etasje er oppgradert med kontor for feiar, leiande vaktmeister og leiande reinhaldar. Matrommet er måla oppatt og nytt golvbelegg er lagt. Nye møblar er kjøpt inn.

Landbruks- og næringsavdelinga

Landbruket er ei sterkt politisk styrt næring. Mange viktige omsyn gjer til at ein del av bondens arbeid blir betalt over sentralt vedtekne ordningar. Vi har årleg to søknadsomgangar for produksjonstilskot. Søknadsprosedyrane blei i 2012 digitaliserte, dessverre med altfor dårleg programvare og kapasitet frå Statens Landbruksforvaltning (SLF) si side. Sjeldan har landbruks- og næringsavdelinga vore så «nedsylta» i meirarbeid. Søknadsomgangen august 2013 heldt fram i same spor, ikkje minst med meirarbeid knytt til nytt «Regionalt miljøprogram» og «Organisert beitebruk», med søknadsfrist i november.

Søknadsomgangen januar 2014 ser ut til å gli noko betre, fordi SLF har utbetra programvara. No nærmar vi oss 90 % digitalt leverte søknader, med noko mindre manuell oppfølging av kvar søknad. Vi ser i likevel at det framleis er eit stykke veg å gå før digitalsøknad er besparande for kommunane sitt arbeid. Totalt utgjer produksjonstillegga ca 60 mill kroner per år for bøndene i Gloppen.

Ordninga «Avløyning under sjukdom» er også administrert av landbruks- og næringsavdelinga. Gjennom denne ordninga, som har mykje å seie for bøndene, blei det i 2013 utbetalt 700.000 kroner.

Saksmengda innan lovforvaltning (jordlov, konsekvenslov, odelslov, skogbrukslov) låg dette året på eit tilnærma normalt nivå.

Vêrtilhøva 2013 førte til at deler av enga i kommunen fekk vinterskade. Staten har ei todelt ordning med a): reparasjon av vinterskada eng og b): avlingssvikt, som òg gjeld bær og frukt. Ordningane er arbeidskrevjande å forvalte, men viktige for bøndene.

I 2013 slutta vår dyktige utmarksforvaltar Harald Kjær. Ny utmarksforvaltar, Peter Andresen, frå Sønderborg i Danmark, blei tilsett.

Overgangen gjekk greitt, fordi Harald Kjær stilte opp i overgangsfasen, og ikkje minst fordi Peter Andresen tok sakene fort. I dag fungerer han godt på eigne bein som utmarksforvaltar i Gloppen. Næringsutvikling i skog/utmark er naturlegvis eit sentralt

tema for den nye utmarskforvaltaren. Ikkje minst næringsutvikling i landskapsvernområda våre, vil bli viktig framover. Gode nettverk er opparbeidde. Forvaltninga av avkastninga av utviklingsfondet (hovudstol kr 10 mill) for Naustdal og Gjengedal landskapsvernområde er no i godt gjenge. Det er Gloppen kommune v/utmarksforvaltaren som har det administrative ansvaret for fondet. Vidare har han framleis ein god del arbeid knytt til uvêret «Dagmar». Vegplanar, tømmerhogst og ulike avtalar og tilskotssøknader er stikkord her. Nytt av året er det også at utmarksforvaltaren har ansvaret for regelverket knytt til motorferdsel i utmark.



Harald Kjær (t.v.) slutta som utmarksforvaltar til påske i 2013. Den nye utmarksforvaltaren, Peter Andresen (t.h.) kjem frå Sønderborg i Danmark. Foto: Jan Kåre Fure.

Vi vil òg halde fram Agro Business Park SA (ABP) som ein viktig aktør inn mot nye næringar i landbruket, m.a. innan landskapsvernområdet. Frå og med 2013 har ABP i tillegg fått arrangementsansvaret for Matamål.

I samarbeid mellom kommunane Jølster og Gloppen, er «Mjølkeprosjektet» no godt etablert. Prosjektet er støtta av Sogn og Fjordane fylkeskommune, som ser dette tiltaket som eit pilotprosjekt innan si satsing på området landbruksutvikling.

Kommunale miljø- og næringsmidlar (SMIL) frå Fylkesmannen si landbruksavdeling gjev årleg røkt av kulturlandskap og miljøforbetringar som, både på kort og lang sikt, tener utvikling av reise- og kulturlivet. Ramma for 2013 var på kr 710.000,-. I tillegg blei det drege inn ein del ubrukte midlar – kr 209.000,-. Desse blei naturleg nok nytta til andre SMIL-tiltak innan kommunen. Totalt blei det i 2013 gjeve tilskot til 32 SMIL-tiltak. Gjennomsnittleg utgjorde tilskotet 38 % av godkjent kostnadsoverslag. Gloppen kommune er mellom dei kommunane som får størst tildeling av SMIL-midlar frå fylkesmannen.

Kommunane har òg fått ansvaret for ei ny ordning som gjeld oppattgrøfting av eng. For Gloppen sin del er det estimert trong for midlar til om lag 25.000

dekar. Landbruks- og næringsavdelinga, saman med bøndene, er på offensiven her.

Etter statleg forskrift er kommunen 1. lineteneste for Innovasjon Norge når det gjeld finansiering innan landbruks- og bygdeutvikling. Det er landbruks- og næringsavdelinga som har denne funksjonen. I 2013 fekk 10 gardsbruk støtte frå Innovasjon Norge:

- kr 5.826.000,- i rentestøttelån og
- kr 3.335.000,- i investeringstilskot.

Sakene gjeld eitt mjølkebruk (storfe), eitt geitebruk, eitt sauebruk, ei avlsbesetning gris, fire fruktbruk og to tilleggsnæringer.

Administrativt ansvar for kommunalt næringsfond er tillagt landbruks- og næringssjefen. Totalt utgjorde dette vel 1 mill kroner i 2013. 19 søknader om tilskot blei innvilga. Naturleg nok tek dette også ein god del av landbruks- og næringssjefen si arbeidstid. Positivt er det at dette knyter utviklande kontakt med næringslivet utanfor landbruksnæringa, ei rett og god utvikling for framtida.

Brannvern

Brannvernet har to deler. Ein beredskapsdel og ein førebyggjande del.

Beredskap

Gloppen brannvern er organisert som eit deltidbrannvesen, og ved brannstasjonane er det i samsvar med krava følgjande bemanning:

- Byrkjelo brannstasjon: 10 mann
- Hyen brannstasjon: 10 mann
- Sandane brannstasjon 19 mann.

Det er då 3 vakante stillingar etter at Byrkjelo er redusert med 2 og Sandane med 1. Stillingane vert ståande vakante inntil vidare. Det er 4-delt befalsvakt tilknytt hovudstasjonen på Sandane.

Aktivitet

Siste året har Gloppen brannvesen hatt ca 20 utrykkingar. Dei fordeler seg slik:

- Førstehjelp 1
- Trafikkulukker 8
- Brann/branntilløp 4
- Unøydige utrykningar 6
- Andre 2

I tillegg blir mindre omfattande hendingar teke hand om av befalsvakta.

Deltidsutdanning

I 2013 fullførte 13 av våre brannkonstablar den lov-pålagde utdanninga for deltidsmannskap. Kurset er på 200 timar og vart gjennomført her lokalt i helgar og på kveldstid. Kurset hadde også deltakarar frå

Jølster og Eid. Det er ei utfordring å motivere mannskapa til å bruke så mykje av fritida si på å gjennomføre slik utdanning. I etterkant har vi fått positiv tilbakemelding på at dei har lært mykje og er meir trygge på arbeidet sitt under aksjonar. Vi har tidlegare år utdanna 8 mannskap på same kurs. Alle skal ha stor honnør for ein positiv og god innsats/deltaking i kursa. Det var løyvd ekstra midlar (kr 500 000,-) til dette kurset, som vart avslutta med eksamen og praksisveke ved eit heiltidsbrannvesen i 2013.

Talet på utrykkingar ligg ofte mellom 25-35 pr år. Brannsløkking er berre ein liten del av oppgåvene, og spesielt utgjer trafikkulukker ein stor del av brannvesenet sine oppdrag. Vakthavande brannbefal har også politiet si oppgåve på ein skadestad, når denne etaten er fråverande. Dette opplever vi stadig vekk.

Førebyggjande

Førebyggjande arbeid er ei prioritert oppgåve for brannvesenet. I kommunen har vi 60 såkalla særskilde brannobjekt som vi har jamleg tilsyn i. Dette utløyser ein del tiltak, også i bygg der kommunen er eigar. At tiltaka har verdi, syner brannstatistikken som viser at det svært sjeldan er brann i desse tilsynsobjekta.

Tilsyn av bustadhus blir utført av feiaren. I løpet av ein 4-årsperiode skal alle bustader i kommunen vere kontrollert. Det vart i 2008 innført «behovsprøvd feiing» i Gloppen kommune. Tidlegare har alle piper blitt feia kvart år. No er det feiaren som vurderer kor ofte pipa treng feiast. Ordninga vart innført etter krav frå Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap.

Brannvernet har også faste oppdrag med brannøvingar i kommunen. Skular og barnehagar er regelmessig besøkte i tillegg til at vi også har arrangert øvingar i fleire bedrifter.

Av sentrale kampanjar har vi delteke i «brannvern-undervisning for 6. klasse» og aksjon bustadbrann i samarbeid med det lokale el-tilsynet. I tillegg er vi med på ulike arrangement saman med ambulanse og politi som til dømes på marknadsdag i Breim og som tidlegare år, «Redningsdag» saman med Redningsselskapet.

Utfordringar i framtida

Økonomien er som alltid ei utfordring. Faste kostnader knytt til lønn, drift og vedlikehald av køyretøy og utstyr tek det meste av driftsbudsjettet. I 2012 vart det avsett ekstra midlar til kjøp av personleg verneutstyr. Ein del nye hjelmar og skotøy var heilt nødvendig for å tilfredsstille eit minstekrav med omsyn til HMS.

Innføring av det nye nødnettet (TETRA), er no varsla også i vårt fylke. Etter framdriftsplanen skal dette vere operativt før årsskiftet 2014/15. Dette vil

påføre brannbudsjettet ei ekstra utgift på rundt ca kr 250.000,- pr år.

Det er kostnadstyngande for ein kommune på Gloppen sin storleik å ha tre brannstasjonar med for

tida 39 brannkonstablar, men brannsjefen ser ikkje opningar i lovverket for å redusere dette talet ytterlegare.



Etter at rivingsløyve var gjeve, vart dette gamle bustadhuset på Kleivedammen «rive» i ei brannøving i februar 2013. Slike realistiske øvingar gjev svær nyttig kunnskap til brannmannskapet. Foto: Jan Nik. Hansen, Firda Tidend.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik i %	Merk- nad	Rekneskap 2012
Administrativ leing	1 983 883	1 400 000	41,7	1	1 842 482
Eigedomsforvaltning	2 429 175	3 054 000	-20,5	2	2 467 227
Gloppen heradshus	829 015	894 000	-7,3		787 661
Interne serviceeiningar	0	1 000	-100,0		0
Vaksenopplæring	67 110	72 000	-6,8		54 526
Førskulelokale og skyss	1 740 878	2 081 000	-16,3	3	1 734 145
Skulelokale	8 091 706	9 159 000	-11,7	4	8 047 200
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	149 078	179 000	-16,7		451 758
Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma	34 328	38 000	-9,7		9 114
Diagnose, behandling og re/habilitering	317 054	386 000	-17,9		527 416
Barneverntenesta	50 227	72 000	-30,2		0
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	92 883	130 000	-28,6		0
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	-308 838	91 000	-439,4	5	0
Gloppen sjukeheim	2 138 912	2 302 000	-7,1		1 529 503
Kommunalt disponerte bustader	-5 830 163	-4 915 000	18,6	6	-4 786 910
Behandling av plansaker	678 789	221 000	207,1	7	468 682
Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	21 818	-121 000	-118,0	8	-73 767
Kart og oppmåling	332 276	270 000	23,1		462 862
Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	-31 064	0	0,0		-44 700
Kommunal næringsverksemd	270	180 000	-99,9	9	-15 164
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	230 826	0	0,0		232 735
Landbrukskontoret og landbruksnæringar	3 105 418	3 150 000	-1,4		3 113 684
Samferdslebedrifter/transporttiltak	11 073	117 000	-90,5	10	34 362
Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og parkering	6 161 137	4 792 000	28,6	11	0
Kommunale vegar, nyanlegg, drift og vedlikehald	2 105	3 000	-29,8		6 217 922
Kommunale vegar, miljø- og trafikksikring	55 142	385 000	-85,7	12	734 720
Parkar, torg og off. toalett	322 985	382 000	-15,5		466 152
Førebygging av brann og andre ulukker	502 215	831 000	-39,6	13	546 609
Beredskap mot brann og andre ulukker	2 716 753	1 969 000	38,0	14	3 098 727
Produksjon av vatn	1 500 011	1 390 000	7,9		1 206 187
Distribusjon av vatn	-1 477 101	-1 389 000	6,3		-1 206 187
Avløpsrensing	6 063 078	5 303 000	14,3	15	4 218 568
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-6 073 730	-5 302 000	14,6	15	-4 217 021
Tøming av slamavskillarar og septiktankar	0	3 000	-100,0		282
Naturforvaltning og friluftsliv	12 860	0	0,0		15 111
Museum	0	48 000	-100,0		0
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	305 202	333 000	-8,4		263 889
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	0	70 000	-100,0		0
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	16 655	22 000	-24,3		9 165
Kommunale kulturbygg	900	0	0,0		0
Skatt på inntekt og formue	0	0	0,0		756
T O T A L T	26 242 875	27 601 000	-4,9		28 197 694

* - er lik mindreforbruk

1. Teneste 12010 syner lønns- og driftsutgifter av eigedomsskattekontoret og utgifter til administrativ leing for gruppeansvar 4. På grunn av organisatoriske endringar, vart det gjort endringar i lønnskonteringa

- under administrativ leiding. Mellom anna vart lønns- og driftsutgiftene til eigedomsskattekontoret lagt under denne tenesta. Endringane vart gjort for å kunne få eit korrekte bilde av utgiftene ved oppretting av nytt budsjett frå 2014. På driftsutgiftene finn ein eit meirforbruk på vel kr 80.000,-. Dette skuldast ei meir korrekt fordeling av lisensutgifter og driftsutgifter for eigedomsskatt
2. Innsparinga skriv seg frå større inntekter enn rekna, både frå private (gjeld lokala vi leiger på Grandane) og ved internsal til andre kommunale einingar
 3. og
 4. Innsparinga skuldast i hovudsak mindre innleige av vikarar og ekstrahjelp enn budsjettert. I tillegg har vi ikkje kjøpt som mykje tenester på dei tekniske faga: røyrleggar og elektrikar. Vi har også hatt billigare forsikringar og straum enn rekna med.
 5. og
 6. Avviket skuldast mindre kjøp av tenester til drift og vedlikehald, i tillegg til lågare utgifter til straum og renovasjon
 7. Behandling av plansaker: Teneste 30100 syner lønns- og driftsutgifter knytt til behandling av plansaker, både offentleg og private reguleringsplanar. Rekneskapet viser eit nokså stort mindreforbruk på lønn. Årsaka til dette er fleire. Men i samband med omorganiseringa vart det gjort endringar i lønnskoteringsane, og rekneskapet gjev i stor grad eit riktig bilete av lønnsutgiftene for behandling av plansaker i 2014. Når det gjeld driftsutgiftene, så viser rekneskapen eit nokså stort overforbruk på tenesta. Dette var ikkje overraskande. Årsaka til dette er at ein gjennom 2013 har splitta driftsutgiftene og fordelt dei på fleire tenester enn tidlegare. Dette var nødvendig på grunn av omorganiseringa og splitting av tenestene, og gav i tillegg eit betre grunnlag å byggje eit nytt budsjett for 2014
 8. Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering: Teneste 30200 syner utgifter til handsaming av byggje- og delesaker, seksjoneringssaker og handsaming av saker om utsleppsløyve etter ureiningslova. Avviket mellom rekneskap og budsjett skuldast to årsaker. Delar av stillinga på byggesaksområdet var tidlegare kontert på fleire tenester, fordi tidlegare tilsette hadde ulike oppgåver under teknisk sjef. Stillinga vart ved oppretting av plan- og byggesaksavdelinga meir reindyrka og i sin heilskap kontert på byggje- og delesaksbehandling. Ansvarleg for behandling av delingssaker vart også kontert på byggesak, noko som var nytt i høve til tidlegare. Driftsutgiftene er lågare enn prosjekttert. Dette skuldast ei meir korrekt fordeling av lisensutgiftene, som ei av dei store utgiftspostane for oppmåling, plan og byggesak
 9. Differansen her skuldast at festeavgiftene på areal som kommunen festar feilaktig har blitt budsjettert samla som «kommunal næringsverksemd». Festeavgiftene er belasta dei aktuelle kommunale tenestene: idrettsanlegg, museum, barnehagane, omsorgssenteret o.s.v.
 10. Reparasjon av skade på kaia på Hestenesøyra etter «Dagmar» er årsaka til dei auka kostnadene
 11. og
 12. Tenestene 33200, kommunale vegar, og 33400, gatelyst, må sjåast samla og overforbruket er på ca 1,1 mill. Dei siste 3 åra har utgiftene vore om lag 2,0 mill over budsjettet. Det viser at desse tenestene er underbudsjetterte og det bør rettast opp ved budsjettet for 2015. Vedlikehald av vegane, bruene og gatelysta er på eit minimumsnivå
 13. og
 14. Differansane her, med ei samla overskriding på knapt 420.000 kroner skuldast ein svikt i budsjettprosessen som førte til at lønna til brannmannskapet ikkje vart rett budsjettert
 15. Ny avtale om henting, transport og behandling av avvatna slam frå Byrkjelo reinseanlegg førde til auka kostnader. Kostnadene vert dekt inn med gebyr

Kultur



I samband med «Kulturnatt» den 8. november 2013 vart den nye storhallen i Trivselshagen prøveopna av leiaren i styret for Trivselshagen IKS, kultursjef Jan-Kjetil Øygard. Foto: Aadne Gloppestad, Firda Tidend.

Dette kapitlet avspeglar den kommunale aktiviteten i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivsaktivitetar m.m. Skule- og kulturdelen av Trivselshagen har vore gjennom det femte heile driftsåret, og det må kunne seiast at dette har vore eit svært vel-lukka samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og Gloppen kommune.

I 2013 kom Gloppen på sjuandeplass i Telemarksforskning si kåring av Årets kulturkommune i landet, og den beste kommunen i fylket.

2013 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Det var ei storhending å ta i bruk den nye Trivselshallen i oktober 2013 og vi kan trygt slå fast at 2013 vart eit nytt toppår på anleggssida for idretten i Gloppen.



*Damene på biblioteket har alltid noko å tilby...
F.v. Ann Christin Hovstad, Torill Berge og Ann Christin Vik Fløtre. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.*

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik i %	Merk- nad	Rekneskap 2012
Administrativ leing	28 572	0	0,0		0
Aktivitetstilbod barn og unge	574 789	620 000	-7,3	1	765 893
Kommunal næringsverksemd	810 263	1 175 000	-31,0	1	689 193
Naturforvaltning og friluftsliv	107 891	101 000	6,8		87 851
Kulturminnevern	2 505	-47 000	-105,3		0
Bibliotek	3 215 168	3 246 000	-1,0		3 053 389
Kino	376 449	580 000	-35,1	3	234 490
Museum	303 083	316 000	-4,1		231 833
Kunstformidling	462 690	470 000	-1,6		397 588
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	379 468	759 000	-50,0	4	1 722 417
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	966 133	443 000	118,1	5	-1 214 314
Kulturskulen	4 557 796	4 806 000	-5,2		4 731 528
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	698 952	182 000	284,0	6	647 525
Kommunale kulturbygg	2 342 808	2 283 000	2,6		2 387 590
Den norske kirke	3 721 000	3 721 000	0,0		3 821 000
Andre religiøse føremål	78 406	55 000	42,6		-19 670
T O T A L T	18 625 978	18 710 000	-0,5		17 536 313

* - er lik mindreforbruk

Merknader:

1. Vakant stilling som følgje av permisjonar, delvis dekkja inn ved bruk av fritidsleiar
2. Auka produksjon til kiosk i idrettsdelen. Generell auke i aktivitet
3. Gode publikumstal siste halvår
4. og
5. Tenesta Idrett og tilskot må sjåast saman med tenestene kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg kommunal næringsverksemd. Dette gjeld drift av dei kommunale idrettsanlegga, symjeanlegget i Trivselshagen (TH) og kantina i TH. Med så kort driftstid på idrettsdelen av TH har denne vore vanskeleg å budsjettere.
6. Avviket kjem av at 50% av lønna til kultursjefen er ført her, men budsjettert på ei anna teneste

Investeringar i 2013

Andre byggesteg av idrettsdelen i Trivselshagen - Trivselshallen

Spesielle hendingar i 2013

I stikkordsform (utanom investeringar)

- Årets kulturkommune 2013 – Gloppen kom på fjerdeplass i Telemarksforskning si kåringa av årets beste kulturkommune
- Ingemar Sårheim fekk kommunen sin kulturpris.
- 5 års jubileum for skule- og kulturdelen av Trivselshagen
- Kulturnatt var vellukka med "prøveopning av Trivselshallen" der idrettslaga hadde innmarsj etter speling av Gloppen Janitsjar
- 20 års jubileum Rosebandet vart feira med flott festforestilling i kultursalen
- Beste besøkstal på Gloppen kino sidan 1994



Frå ein av konsertane til Gloppen Scene. Foto: Kjersti Rønningen.

Spesielle ungdomstiltak

- Ungdomens Kulturpris 2013 gjekk til Markus Bjørnereim som er initiativtakar, primus motor og arrangør av BLAN i Breimshallen.
- Ungdommens kulturmønstring (UKM) gjekk av stabelen med rundt seksti deltakarar fordelt på 22 innslag
- Rusfri 16. mai-natt vart arrangert i Trivselshagen med taco, quiz, kino og flotte premiar
- Gloppen Scene har arrangert åtte konsertar for ungdom på Gloppen hotell og i Trivselshagen
- Opning og drift av Musikkbingen.

Fritid med bistand

Roseklubben har hatt 37 klubbkveldar, i tillegg til Sommarfest i Jølet og Jubileumsfest i Trivselshagen. Begge med deltakarar og publikum frå heile Nordfjord. Sju av medlemmene fullførte Gloppetrimmen/ Aktivitetskortet, eit eige motivasjonsopplegg i regi av Roseklubben. Vi har også hatt deltakarar og leiarar med på Idrettsleikane på Byrkjelo, og på fotballturnering.



Frå Roseklubben sitt 20-årsjubileum i Trivselshagen. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

	2013	2012	2011	2010	2009
Talet på besøkande	15.800	15.500	15.000	12.000	10.000
Talet på konsertar i kultursalen	72	67	63	50	-

2013 var eit aktivt år i Trivselshagen. Besøktala er stabilt høge, og ny publikumsrekord vart sett då Breimskoret inntok scena. 1.377 personar var innom og såg forestillinga som hadde 4 visningar. Snittbesøket er fortsatt over 200 og totalbesøket på godt over 15 000. Mange lokale aktørar med gode arrangement må få store delar av æra for den gode publikums-oppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som

gjekk. I Trivselshagen Bad og Idrett vart siste del av Trivselshagen tatt i bruk i september då den nye storhallen stod ferdig. Anlegget har hatt stor aktivitet og ikkje minst har den nye klatreveggen vorte populær. I badeanlegget var det rett i overkant av 52 000 besøkjande i 2013. Trass i en vasslekkasje i den nye storhallen har ein stort sett kunne nytta heile anlegget til aktivitet frå tidleg morgon til seine kveldstimar.

Gloppen kino

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Talet på besøkande	12.855	11.741	10.981	8.227	8.574	8.096	6.595	7.837
Omsetning inkl. mva	965965	800.120	774.865	510.800	488.945	442.745	355.295	409.640
Framsyingar	312	294	245	205	199	181	156	168
Snitt per framsyning	41	40	45	40	43	45	42	47

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Framleis auke på kinoen, og beste besøkstal sidan 1994. Øvst på publikumslista finn vi familiefilmen «Solan og Ludvig – Jul i Flåklypa» med 1.213 besøk. Som ein god nummer to kjem dokumentaren frå Naustdal, «Søsken til evig tid» med 813 besøk.

Vi har vist 93 filmar, av dei 17 norske filmar og 9 Go`bitar. Framsyingar 3-4 kveldar i veka.

Arrangement: Den Store Kinodagen, Den Store Skolekinodagen, Rusfri 16. mainatt, Q-Film, Liv og Røre, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken, Sommarkino mm.

Gloppen folkebibliotek

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Totalt utlån	47.033	46.260	45.083	44.979	46.725	41.855	42.022	44.059	41.621
Besøk	34.010	34.740	39.515	39.986	40.937	40.407	24.918	25.424	24.986
Fjernlån (innlån)	950	783	791	763	825	642	605	550	654

Statistikken viser at utlånstala har gått noko opp, og gir eit utlån på 8,3 pr innbyggjar. Fjernlånet (lån frå andre bibliotek) har aldri vore så høgt som i 2013. I 2013 lånte vi ut 153 einingar til andre bibliotek, ikkje eit stort, men også rekord, noko som skuldast både betre databasar regionalt og ei god transportordning mellom biblioteka.

Året 2013 er midt i ei tid med store endringar i mediebildet, der både medieformer, folks medievanar, og dermed bibliotekets arbeidsmåtar. Nytt i 2013 var utlån av lydbooker på digikort og tilpassing av websøket til nettbrett og mobil. På tampen av året starta eit fylkessamarbeid for å kunne starte utlån av ebøker.

3. året med lesekonkurransen SommarLes vart gjennomført, og avslutta med ein hyggeleg SommarLesfest, og det var elles mange ulike samarbeid og arrangement gjennom året.



Arnhild Skre på eitt av litteraturarrangementa på biblioteket i 2013. Foto: Ann Christin Vik Fløtre.

Biblioteket i Trivselshagen er og skulebibliotek for Firda vidaregåande skule, der inngår m.a. lærebok-utlån. Fylkeskommunen dekkjer derfor ein del av totale utgifter.

Les meir om aktivitet og statistikk på trivselshagen.no

Gloppen kulturskulen

	2013	2012	2011	2010	2009
Elevtal	355	370	390	376	387
Venteliste	75	132	110	136	127
Sal av årsverk	3,45	3,32	2,91	2,89	2,28

Sal av tenester til korpsa i kommunen er stabilt, det same er sal av musikkterapi til skulane. Vi har eit godt sal til Firda vgs, salet dit har auka også i år.

Distriktsmusikarane hadde høg aktivitet også i 2013, der dei m.a. har fullført ein tre-årig turné med Den kulturelle skulesekken. Vi har også hatt musik-

arar på to små turnear i Gloppen med Den kulturelle spaserstokken. Musikarane våre har også vore med Opera Nordfjord til Den Norske Opera og Ballett i Oslo der dei sette opp Tryllefløyten, og dei var også med på Opera Nordfjord sin haustproduksjon Flaggermusen. Dei er med kvart år både i Sogn og Fjordane symfoniorkester, og på ulike orkesterprosjekt i fylket, i vår på Messias i Førde og no til jul på Juleoratoriet i Vereide kyrkje. I tillegg til dette, har distriktsmusikarane hatt mange små og store

konserter og speleoppdrag, både aleine og saman med elevar ved kulturskulen.

Gloppen musikkfest har ein fast lunchkonsert med distriktsmusikarar frå heile fylket, og der var sjølvsagt våre musikarar sterkt delaktige også i år. Vi hadde også musikarar med på Vereide kyrkje sitt 850-års jubileum, der ein av musikarane våre hadde komponert tingingsverk til jubileet.

Elevane våre har vore veldig synlege i år, der høgdepunktet var da to av dei fekk vere solistar med Kringkastingsorkesteret under fylket sin 250 års feiring i operahuset på Eid. Vi har også fått vinnarar av Drømmestipendet i 2013, og for første gang har elevar ved Gloppen kulturskule blitt tatt opp ved

Barratt Due musikk institutt sitt landsdekkande talentprogram. Dette betyr god reklame og omtale av Gloppen kulturskule, og vi ser det påverkar mange av elevane våre i positiv retning. Vi har også hatt ei lang rekke store og små konsertar med elevane våre, t.d. konsert i Sandane kyrkje, Adventskonserten, Musikkens Dag, samarbeidskonsert med Breim skulekorps, fleire danseforestillingar og mange huskonsertar. Elevane våre er stadig ute og spelar på årsmøter, jubileum, basarar, middagar o.l., og vi har også hatt felles elevkonsert med kulturskulane i Førde og i Eid her i Trivselshagen. Vi har også elevar med på UKM kvart år, der ein av elevane våre gjekk heilt til landsmønstringa i 2013.



Ingrid (t.v.) og Maria W. Ose, elevar ved Gloppen kulturskule og Barratt Due unge talent, var solistar med Kringkastingsorkesteret under fylket si 250-årsfeiring i operahuset på Eid i 15. november 2013. Foto: Anne Karin W. Ose.

Servicetorget, økonomiavdelinga og IT

Støttefunksjonane er hovudsakleg fordelte på økonomiavdelinga, servicetorget, IT-avdelinga. I tillegg har kommuneleiinga støttefunksjonane på personal, her inkludert HMS (Helse- Miljø og Sikkerheit).

Organiseringa av støttefunksjonane vart endra i 2013. Frå 1. februar vart økonomiavdelinga delt slik at økonomisjefen og økonomikonsulenten vart lagt direkte under rådmannen og resten av avdelinga gjekk saman med servicetorget og vart til «servicetorg og tenestestøtte».

Servicetorget

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. I tillegg ivaretar servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, sekretariat for eldrerådet, saksbehandling og sekretariat for overformyndieriet (fram til 1. juli 2013), kommunen si post- og arkivteneste og innkjøp av rekvisita. I 2013 var servicetorget også turistinformasjon i Gloppen.

Servicetorget har (ved årsskiftet 2012/2013) til saman 6 årsverk fordelt på 7 stillingar. I praksis fordelar stillingane seg slik: Post og arkiv: 2 årsverk og 4 årsverk på publikumstenester, saksbehandling, politisk sekretariat og leining.

Servicetorget vart ombygt og oppussa i 2010 og framstår no som ei moderne publikumsteneste, med m.a. PC for publikum og bankterminal for billettsal.

På norge.no si kåring av offentlege nettstader i 2013 fekk kommunen si heimeside tre av seks oppnåelege stjerner. Dette er ei stjerne mindre enn førre kåringa i 2011. Årsaka til nedgangen går både på den tekniske løysinga og på innhaldet.

I 2013 kom det felles driftssenteret for IKT i Nordfjord-kommunane (Nordfjordnettet) omsider i drift. Offisiell opning var på nyåret i 2014, den 7. januar. Senteret skal har ansvaret for drift av datautstyret og programvarene til Nordfjord-kommunane, og er bemanna av tilsette frå alle kommunane.

Det er eit omfattande og tidskrevjande arbeid å få auka skåring på norge.no si måling. Så langt har vi ikkje hatt ressursar til dette.

Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettbrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og gloppen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemnekontor for Sandanedagane, og frå 2012 har leiaren for servicetorget vore med i styret for Sandane-dagane.

Servicetorget deler kontorplass med kommunen si IT-avdeling og strategisk leining (to tilsette) i Nordfjordsamarbeidet om IT.

Nøkkeltal	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Søknader om bustøtte	**	187	204	197	198	177
Sum bustøtte i 1.000 kroner	**	2.424	2.874	3.040	2.709	-
Innvilga startlån til	14	16	5	6	-	-
Innvilga søknader om tilskot til bustad til	6	3	2	2	-	-
TT-ordninga (drosjekort)*	239	239	230	236	229	228
Parkeringsløyve*	8	4	5	9	9	-
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	3	4	6	5	4	4
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	13/19	10/19	4/25	6/22	8/15	4/16
Billettsal* (tal selde og utleverte billetter)	3.002	***	1.956	2.125	4.316	401
Tildeling av kommunal tomt*	3	2	2	5	2	-
Førehandsrøysting	968 ¹		677 ¹		702	
Tal saker i overformyndieriet	32 ²	52	51	50	41	44
Stjerner for heimesida	3	4	4	5	3	3
Talet på journalførte inngåande brev	8.213	6.439	6.194	5.841	5.471	5.892
Talet på journalførte utgåande brev	5.707	4.336	4.250	4.421	4.124	3.622
For seint utsende saklister til møte (i prosent)****	75	31	-	-	-	-

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

² Frå 1. juli 2013 tok Fylkesmannen over ansvaret for overformyndieriet.

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonnen tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

** Statistikken frå Husbanken for 2013 er ikkje klar.

*** Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

****42 av 56 møtte i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Svært mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Vi har ingen oversikt over kor mykje av denne korrespondansen som ikkje blir journalført, og som dermed ikkje blir registrert og teken vare på. Dette er ikkje eit problem spesielt for Gloppen kommune. Heller ikkje den interne korrespondansen blir journalført i særleg grad. Det har haldne fleire kurs i bruk av kommunen sitt post/sak/arkivsystem i 2012, både grunnkurs og kurs for vidarekomne.

Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unnateke legekantoret. Ny telefonløyising vart teken i bruk i november 2013. Dette er ei fellesløyising for alle kommunane i Nordfjord. Løyisinga er så langt berre teken i bruk i kommuneadministrasjonen.

Som tabellen over nøkkeltala viser, er det liten etterspurnad etter kommunale tomter. 14 tildelte tomter dei siste fem åra, gir grunn til ettertanke.

Frå 2012 har vi ført statistikk over tidspunktet for framlegging av saklister til møte. Statistikken gjeld hovudsaklista, altså ikkje for saker som blir lagde fram i tillegg etter at første sakliste er lagt fram. Vi er langt frå målet om at saklistene skal vere klare minst fem dagar før møta, og vi har blitt vesentleg dårlegare i 2013.

IT-avdelinga

Frå 1. januar 2011 har IT-avdelinga vore organisert som ein eigen støttfunksjon direkte under rådmannen. Fram til det felles driftssenteret i Måløy kom i drift på slutten av 2013 hadde avdelinga driftsan-



1. juli 2013 tok Fylkesmannen over kommunane sitt ansvar for overformynderiet. Her er dei siste kommunale overformyndarar: Kirsten Marit Rygg og Per Jarle Myklebust. Bak står Arne Eikenes som var overformynderiet sin saksbehandlar og sekretær. Foto: Jan Kåre Fure

svaret for alle data- og telefonfunksjonane i kommunen.

Økonomiavdelinga

Etter omorganiseringa i 2013 vart økonomiavdelinga delt slik at tidlegare leiar (økonomisjefen) og økonomikonsulenten vart direkte under rådmannen, medan resten av avdelinga vart slegen saman med servicetorget. Endringane vart gjennomført frå 1. februar.

Økonomioppgåvene/-funksjonane som ligg til servicetorget og tenestestøtte er

- skatteoppkrevjaren i Gloppen
- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering

- rekneskapsføring og innkrevjing.

I tillegg til kommunerekneskapan er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapan til fellesrådet og Trivselshagen IKS, og har dei same oppgåvene på

lønn, fakturering og innkrevjing for desse som for kommunen.

I 2013 har avdelinga hatt 7,5 årsverk fordelt på 8 tilsette.

I samband med at økonomiavdelinga var delt opp vart Oddfrid Rønnekleiv formelt tilsett som skatteoppkrevjar i Gloppen. Denne funksjonen låg tidlegare til økonomisjefen.

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvene åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	2013	2012	2011	2010	2009
Nordfjorderrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	74	74	74	74	108
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-174	-162	-124	-88	-
Alarmsentralen Sogn og Fjordane	Brannvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)	619	512	539	518	498
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune	575	603	541	543	971
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid m/vertskommune	164	100	143	50	-
Trivselshagen IKS	Bygging av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	164	100	0	0	4.600
Trivselshagen IKS	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	2.904	3.149	2.565
Nordfjordnett	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune	774	-	-	-	-

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune sine kostnader til gratis tomt i Eidsmona for NoMil er ikkje med i oversikta. Tal i 1.000-kroner.

Sjølv om vi i 2012 og 2013 har formalisert driftssamarbeidet på IKT i Nordfjord, er framleis mykje av det interkommunale samarbeidet i Nordfjord på IKT ikkje formalisert. Dette gjeld også prosjektsamarbeida

med Jølster kommune om reiseliv, verneområde, mjølkeproduksjon og småkraft.

Heilt bak i årsmeldinga er ei oversikt over kven som representerer Gloppen kommune i ulike selskap m m der kommunen er involvert.



Nordfjordnett – som er det offisielle namnet på Nordfjordkommunane sitt IKT-driftssenter i Måløy – kom i drift i 2013, og vart formelt opna den 7. januar 2014. Her er dei tilsette ved senteret på opningsdagen. Framme t.h. er leiaren for Nordfjordnett, Sigurd Muldsvor. Dei som vart overførte frå vår IT-avdeling i Gloppen er Anders Kleppe (t.v.) og Theo Mekke (t.h.).

Foto: Janne Weltzien Listhaug, Fjordenes Tidende.

Lokalsamfunn




I 2013 stod det første store slaget om dei vidaregåande skulane i fylket. Kva som skjer med Firda vidaregåande skule, har sjølvstøtt svært mykje å seie for Gloppen. Utbygginga av Trivselshagen har vore eit viktig, ja, kanskje avgjerande, tiltak for Firda vgs. Foto Geir Skagen.

Arbeidsmarknaden:

Ved utgangen av 2013 var det 33 heilt arbeidsledige i Gloppen kommune. Dette utgjer 1,1% av arbeidsstokken.

I gjennomsnitt hadde Gloppen ei arbeidsløysa på 0,9 % i 2013. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane i gjennomsnitt på 1,8 %, og i landet på 2,6 %. Arbeidsløysa i Gloppen over tid vore stabilt låg.

Grafen til høgre syner utviklinga på talet heilt ledige personar i kommunen i 2012 og 2013:



Mottak og integrering av flyktingar

I 2013 busette kommunen gjennom avtalen med Integrerings- og mangfaldsdirktoratet (IMDi) 25 nye flyktingar. Av dette var 15 vaksne, 8 barn og 2 einsleg mindreårige. Ved utgangen av året mottok kommunen integreringstilskot for til saman 76 flyktingar. Samla nettotilskot for 2013 var på kr 9.178.300.

Til saman 28 flyktingar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit to-årig kvalifiseringsprogram med rettar og pliktar. Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar

for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

Gledeleg var det å sjå at ein forskingsrapport frå SSB publisert november 2013, syner at Gloppen kommune er den kommunen i landet som brukar kortast tid på å få introduksjonsdeltakarane i arbeid eller utdanning. I gjennomsnitt gjekk det 9,6 månader frå dei starta i programmet til dei var i eit arbeid- eller utdannings-løp. Dette er fleire månader betre enn nest beste kommune. Forskarane har brukt perioden 2004-2012 som grunnlag for rapporten.

Sjukefråvær

Tabellen under syner det samla legemeldte fråværet i kommunen i 2013 og er eit gjennomsnitt for heile året. Vi har òg teke med tala for kommunen som arbeidsgjevar og samanlikna dette med tal for kommunal forvaltning.

	2013
Totalt for landet	5,5 %
Totalt for Sogn og Fjordane	5,1 %
Totalt for Gloppen	4,1 %
Gloppen kommune som arbeidsgjevar	4,0 %
Kommunal forvaltning	6,4 %

Det samla sjukefråværet i kommunen har i perioden vore lågare enn for landet og for Sogn og Fjordane. Dette er ein trend som vi har sett i mange år.

Gloppen kommune som arbeidsgjevar har høgare fråvær enn elles i kommunen, noko som også er vanleg i andre kommunar.

Vi ser med glede at sjukefråværet vårt det siste året er blitt redusert. Det kan vere fleire årsaker til dette, men vi meiner at det systematiske nærvær-arbeidet ein har starta på i kommunen gjev resultat og bør vidareførast.

Næringsliv og sysselsetting

Kommunen sitt næringsarbeid

Økonomi

Resultat og avvik

GENERELT

Gloppen kommune har ein relativt stram økonomi, men etter kvart ein god budsjett disiplin som gjer at vi har klart å bygge opp noko fond, som kan kome godt med når vi møter utfordringane i åra som kjem. Dette er eit godt grunnlag for vidareføring og utvikling av viktige tenester og investeringar i lokalsamfunnet. Avkastning, overskot, fondsbeholdning og resultatgrad er omgrep som blir nytta i analysen av kommunane som organisasjonar. Desse kan vere aktuelle i visse høve, men vi bør hugse at målet i dei fleste høve tek form i gode og relevante tenester, investeringar i fellesgode og forvaltning som gjev innbyggjarar velferd, trivsel og utfalding. Gloppen kommune jobbar med å innarbeide kvalitetsmål i samband med styringa (Betre styring). Kva får vi att for pengane? Dette spørsmålet vil vere viktig som eit tillegg til den tradisjonelle og gode informasjonen som ligg i dei kvantitative finansielle resultatmåla.


DRIFTSRESULTAT FOR GLOPPEN KOMMUNE

Gloppen kommune hadde eit netto driftsresultat i 2013 på 6,9 mill. kr. *Netto driftsresultat* er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Resultatet syner om kommunen byggjer eller tærer på eigenkapitalen. Netto driftsresultat er derfor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og ein primær indikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. *Brutto driftsresultat* syner inntekter vi sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivningar (verdijustering for elde/slitasje), er dekkja.

Brutto og netto resultatgrad syner forholdet mellom samla inntekter og utgifter. Forskjellen er at den eine (brutto) tek omsyn til avskrivningar, medan den andre (netto) tek omsyn til finansutgiftene. I kommunerekneskapen er det mest fokus på netto driftsresultat, og dette talet seier noko om kva kommunen har av eigne midlar til investering og avsetning. KS meiner at kommunane bør ha 2-5 % netto driftsresultat for å ha ein sunn og berekraftig økonomi.

Resultatmål (tal i tusen kr)	2009	2010	2011	2012	2013**	
Brutto driftsresultat	14.500	23.250	8.223	19.345	3.556	* Resultatgrad måler resultat i prosent av samla driftsinntekter.
Netto driftsresultat	19.540	28.060	10.592	21.363	6.904	
Samla driftsinntekter	377.100	393.050	405.008	455.830	457.456	**2013 tala er henta frå 1. KOSTRA-rapportering 15. februar 2014
Samla driftsutgifter	362.600	369.800	369.800	436.485	453.900	
Brutto resultatgrad* (%)	3,80	5,70	2,03	4,24	0,78	
Netto resultatgrad* (%)	5,20	6,90	2,62	4,69	1,51	
Meir-/mindreforbruk	5.520	12.300	5.720	5.676	768	

Brutto og netto driftsresultat og over-/underskot 2009-2013



Avvik frå budsjettamma

Gloppen kommune vedtek budsjettet netto, det vil seie samla utgifter for sektoren med frådrag for sektoren sine eigne inntekter. Årleg budsjettamme er

avhengig av kva som blir forventa av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot).

Regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda. Tal i mill. kr:

Budsjettområde 2013	Rekn.skp.	Budsjett	Avvik i %
Sentral styring	24 856	24 656	1
Barnehagar og undervisning	109 298	111 522	- 2
Helseteneste og sosiale formål	139 656	144 163	- 3
Teknisk, landbruk og eigedom	26 243	27 601	- 5
Kulturformål	18 626	18 710	0
Finansiering*	- 318 680	- 326 652	- 2

* Finansieringsansvaret er etter avsetting av overskotet på kr 479 000,-. Mindreforbruket på kr 360 617,- står også på finansieringsansvaret.

Utvikling av inntekter og utgifter

Utvikling i brutto utgifter

Sjølv om budsjett og rekneskap har eit fokus på netto ramme og netto forbruk, er det viktig at vi også følgjer utviklinga på dei samla bruttoutgiftene og inntektene. Medan nettoramma seier noko om budsjettområdet sin del av kommunen sine frie inntekter, seier bruttoutgifter noko om det totale pengefor-

bruket og storleiken på aktiviteten. I 2010 vart det gjort omfattande endringar i kontoplanen og mange organisasjonsendringar, med flytting av avdelingar mellom sektorar o.s.v. Dette er det ikkje teke omsyn til i tabellen. Tala etter 2010 er samanliknbare.

Utvikling i bruttoutgifter på dei ulike budsjettområda. Tal i tusen kr:

Rekneskap	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Administrasjon/felles	20 660	22 845	26 340	31 463	32 780	32 887
Oppvekst	117 985	125 345	108 946	115 549	130 964	131 776
Helse og omsorg	157 668	161 054	157 821	160 520	171 104	168 167
Teknisk Landbruk (kultur)	45 263	51 120	64 320	67 840	77 378	80 800
Kultur	0	0	23 632	26 242	35 793	39 883

* Kultur vart oppretta som eigen sektor i denne samanheng i 2010.

Utvikling i bruttoutgifter på utvalde KOSTRA-funksjonar (nettoutgift i parentes). Tal i tusen kr:

Teneste (KOSTRA-funksjon)	2010		2011		2012		2013	
100 Politisk styring	1 720	(1 705)	2 245	(2 138)	2 214	(2 074)	2 383	(2 217)
120 Administrasjon	20 608	(17 863)	22 335	(19 652)	26 542	(19 427)	28 601	(24 928)
202 Grunnskule	59 998	(56 108)	58 705	(53 644)	60 902	(56 128)	62 766	(59 286)
253 Pleie og omsorg i inst	40 008	(21 909)	29 761	(14 912)	35 097	(20 394)	22 638	(19 379)
329 Landbruksforvaltning	4 011	(3 071)	3 518	(2 643)	3 846	(3 111)	3 934	(3 105)

Utvikling i frie inntekter

Ordinære skatteinntekter (personskatt) og rammetilskot utgjer dei frie inntektene. Dei seinare åra har

det vore ei vriding i kommunane sine inntektssystem som medfører at ein relativt større del kjem som

rammetilskot. Beløpet kjem som overføring frå staten og er utrekna på bakgrunn av skatteinntektene i kommunen og særskilde utgiftskriterium. Mellom anna er Gloppen kommune plassert i kommunegruppe10 som er mellomstore kommunar med middels bundne

kostnader per innbyggjar og *lave* frie disponible inntekter. Ei stabil og god utvikling av dei frie inntektene gir kommunen handlefridom og gjer heilskapen i planlegginga betre.

Utvikling i frie Inntekter:


Frie inntekter - Gloppen	2009	2010	2011	2012	2013
Skatteinntekt i kr per innbyggjar	19 154	19 763	18 971	22 322	21 417
Frie inntekter i kr per innbyggjar	39 771	41 641	48 799	53 368	54 536

Fordeling av driftsinntekter og driftsutgifter i 2013


Kommunen sine driftsinntekter og driftsutgifter kan illustrerast i to kakediagram. Utgiftene er eit uttrykk for den samla aktiviteten. Det vil vere nyttig å sjå på fordelinga av utgiftsartar og inntektsartar. Endringar her kan vere eit viktig signal til leiinga i forvaltninga

av kommunen sine ressursar. T.d. utgjør lønn, inkludert sosiale utgifter, 59 % av dei totale driftsutgiftene. Ser vi isolert på driftsrammene til kvart budsjettområde, utgjør lønn ofte godt over 70 %.

Driftsinntekter – etter type inntekt i 2013



Driftsutgifter etter type utgift i 2013



Fond og gjeld

Langsiktig gjeld per 31. desember

	2012	2013
Sum til startlån	17 364 415	14 338 413
Sum til investeringar	319 371 709	307 468 428

Sum til startlån er lån som er teke opp i Husbanken for vidare utlån, startlån/etableringslån.

Sum til investeringar er samla lån som Gloppen kommune har teke opp for eigne investeringar. Tilleggs løyvingane kommunestyret har gjeve for inve-

steringar i 2013 vil verte lånt i 2014. Auken i låna frå 2012 til 2013 skriv seg frå lånebevillinga i årsbudsjettet for 2013 med fråtrekk for avdrag som er betalt i 2013.

Låneportefølgjen – lån til investeringar

Totaloversikt for alle låna til Gloppen kommune

	31.12.2013		31.12.2012		Merknad
Lån med NIBOR/Pt rente*	168.000.000	53 %	201.000.000	65 %	* NIBOR (Norwegian Inter Bank Offered Rate) er eit uttrykk for pengemarknadsrenta i Noreg.
Lån med fast rente	151.000.000	47 %	106.000.000	35 %	
Samla langsiktig gjeld	319.000.000	100 %	307.000.000	100 %	
Talet på løpande lån	14		14		
Største enkeltlån	108.000.000		114.000.000		

Finansreglementet til Gloppen kommune seier at vi skal ha ei 50/50 fordeling mellom fastrente og flytande rente(NIBOR/Pt) Vi har eit marginalt avvik på denne fordelinga pr. 31.12.2013. Dette avviket kan reduserast ved at vi vel fastrente for låneoptaket for investeringar i 2014.

Fond

Fondsbeholdninga seier noko om kommunen sin handlefridom og evne til å møte dårlegare økonomiske tider. Samtidig bør det ikkje vere eit mål å byggje opp for mykje på fond, men få pengane plassert i ulike gode som er til nytte for lokalsamfunnet. Også dei øyremerka fondsmidlane må nyttast i tråd med formålet. Vi skil mellom fire typar fond:

Disposisjonsfond: Saldoen blir bygt opp ved avsetning frå eit positivt netto driftsresultat. Kan nyttast fritt i drift og investering gjennom kommunestyrevedtak.

Bunde driftsfond: Fond som er avsette til særskilde formål i drifta. Midlane er bundne frå eksterne aktørar (ofte staten) gjennom tilskot, gåver eller andre øyremerka midlar. Kommunen kan ikkje nytte midlane fritt, og som regel er det knytt rapportering til bruken.

Ubunde investeringsfond: Kommunestyret kan nytte fondet fritt til dekning av utgifter i investeringsrekneskapan. Midlar blir tilført gjennom vedtak frå drift eller investering.

Bunde investeringsfond: Fond som er avsette til bestemte formål i investeringsrekneskapan. Midlane er bundne og øyremerka av eksterne aktørar (ofte staten).

Saldo på fond i kr:

	2009	2010	2011	2012	2013
Disposisjonsfond*	931 125	3 781 281	12 764 436	13 097 492	32 278 781
Bundne driftsfond**	14 385 173	25 627 813	26 292 972	37 784 515	28 506 049
Ubundne investeringsfond	6 676 150	7 519 179	19 331 529	9 822 806	9 973 155
Bundne investeringsfond	0	2 230 824	2 230 824	4 407 248	5 986 444
Sum	21 994 457	39 161 107	60 619 855	65 112 061	76 744 429

* 2012-overskotet på 6,9 mill er ikkje disponert/ført). I 2013 er overskotet frå 2012 på 6,9mill er ført.

Rentefond Gloppen Energi AS (kr 11 956 052) er flytta til disposisjonsfond.

** 10,8 mill av bundne driftsfond tilhøyrer Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde.

Saldo på fond og disponibelt frå fond

I tabellen under er saldo og disponibel sum på dei største fonda. Det er viktig å understreke at saldo på fond ikkje alltid er lik den summen som fritt kan dispo-nerast. Årsaka til dette er at mykje av midlane

er bundne opp til vedtak som ikkje er gjennomførde og betalte. I samband med einskilde fond er det også vedteken ein urørleg grunnkapital.

Dei største fonda i perioden 2010 - 2013, tal i heile kroner:

	2010	2011	2012	2013
Disposisjonsfond drift (uspesifisert)	3 781 281	12 764 436	13 097 492	32 278 781
- 25231002 Brannutdanning	0	0	408 589	0
- 25241002 Til prosjekt folkehelsekoordinator	247 434	371 559	467 346	437 345
Bundne driftsfond				
- 25103734 August Chr. Mohrs legat	426 296	409 835	384 007	382 744
- 25103736 Gåvefond tilhøyrande omsorgssenteret	1 704 536	1 746 979	1 444 141	1 509 393
- 25103891 Transportstøtte for eldre	84 923	0	0	73 984
- 25104502 Jordbruksfond (frå kraftutbygginga i Hyen)	765 152	744 260	753 513	668 541
- 25106302 Til slamordninga	794 591	86 278	846 428	9 565
- 25106303 Vassfond	380 103	408 841	402 002	158 277
- 25106304 Avløpsfond	1 521 932	1 845 019	3 488 119	2 963 015
- 25106305 Rentefond - Gloppen Energi AS	6 162 484	5 909 160	8 892 774	11 956 052
- 25133001 Til viltfond	580 475	481 009	495 142	505 308
- 25138502 Naustdal Gjengedal landskapsvernområde	10 251 000	10 506 250	10 793 071	10 756 240
Ubundne investeringsfond				
- 25301991 Kapitalfond	7 414 221	19 226 571	9 422 806	9 973 155
Bundne investeringsfond				
- 25533366 Nordstrandsvegen	2 030 824	1 963 046	1 632 222	1 632 222

KOSTRA-tal 2013

Gloppen kommune samanlikna med ulike gjennomsnitt	Gloppen 2013	Gr 10 2013	Fylket 2013	Stryn 2013	Flora 2013	Landet 2013
Finansielle nøkkeltal						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,8	1,5	1,9	1,3	3,2	1,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,5	2,3	2,0	1,3	0,8	2,3
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	54 536	47 631	52 923	50 862	50 152	48 196
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	..	203,3	208,9	198,9	223	206
Frie inntekter i kroner per innbygger	..	21,1	13,6	15,6	8,5	14,1
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	..	47 128	63 782	38 974	81 643	50 530
Prioritering						
Netto driftsutg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar	113 875	112 648	118 628	111 399	111 033	119 972
Netto driftsutg. til grunnskulesektor (202, 214, 215, 222, 223), per innb. 6-15 år	102 827	101 578	113 983	106 095	106 744	100 621
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, kommunehelsetenesta	3 123	2 049	2 747	2 263	1 990	2 132
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, pleie- og omsorgstenesta	20 428	16 914	19 325	16 658	15 161	15 230
Netto driftsutg. til sosialtenesta per. innbygger 20-66 år	2 381	2 254	2 412	1 586	6 576	3 309
Netto driftsutg. per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta	2 584	7 332	5 929	3 569	6 428	7 493
Netto driftsutg. til administrasjon og styring i kr per innb.	5 427	3 979	5 705	3 862	4 688	3 881
Dekningsgrad						
Del av barn 1-5 år med barnehageplass	93,1	89,1	91,9	93	90,3	90
Del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	4,4	8,3	9,6	4,2	8,6	8,3
Legeårsverk per 10.000 innbyggerar, kommunehelsetenesta	12,4	10,5	12,4	11	10,5	10,1
Fysioterapiårsverk per 10.000 innbyggerar, kommunehelsetenesta	14	8,8	10,6	9,9	7,2	8,9
Del av mottakarar av heimetenester over 67 år						
Del av plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	60	94	91,9	86,4	88,2	93,8
Del av innbyggerar 80 år og over som bur på institusjon	2,6	12,7	13,7	19,3	11,2	13,8
Delen av sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggerane 20-66 år	3	3,5	3,2	2,6	2,6	3,9
Del av barn med barnevernstiltak i høve til innbyggerar 0-17 år	4	:	4,8	3	4,7	4,7
Syssel-, gangveggar/turstiar mm m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	4	34	77	25	22	30
Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggerar	35	21	22	20	21	20
Del av barn 1-5 år med barnehageplass	93,1	89,1	91,9	93	90,3	90
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutg. i kroner per barn i kommunal barnehage	155 902	157 387	155 227	146 390	147 731	167 599
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskule, -lokale og -skyss (202, 222, 223), pr elev	103 029	106 554	114 718	109 052	108 080	102 067
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8.-10. årstrin	12,3	13,7	12,7	13,2	14,3	14,4
Korrigerte brutto driftsutg. per mottakar av heimetenester (i kr)	282 867	230 157	241 343	180 338	312 128	219 403
Korrigerte brutto driftsutg., institusjon, per kommunal plass	1 117 875	926 710	945 416	823 272	920 634	992 552
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret +1)	2 970	2 857	3 072	2 773	1 700	3 016
Årsgebyr for avløp (gjeld rapporteringsåret +1)	3 620	3 513	2 861	1 470	2 215	3 380
Årsgebyr for avfall (gjeld rapporteringsåret +1)	2 560	2 318	2 388	2 560	2 787	2 474
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdagar)	0	0	0	..
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, vedtekne reguleringsplanar (kalenderdagar)	58	74	90	..
Korrigerte brutto driftsutg. i kroner per barn i kommunal barnehage	155 902	157 387	155 227	146 390	147 731	167 599
Lovbruk						
Del av søknader om motorferdsel i utmark innvilga	100	91	97	94	100	96
Del av dispensasjonssøknader for nybygg i 100-m beltet langs saltvatn innvilga	0	69	90	..	71	83

* Gruppe 10 er kommunegruppa som Gloppen høyrer til i KOSTRA-samanheng. Kommunegruppa er sett saman av mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbygger og lave frie disponible inntekter.

Nøkkeltal for Gloppen kommune dei siste 5 åra

Utvalde nøkkeltal	2009	2010	2011	2012	2013
Finansielle nøkkeltal					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,8	5,9	2,2	4,2	0,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,2	7,1	2,8	4,7	1,5
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	173,1	181,0	190,6	182,6	..
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	7,1	14,1	18	14,3	..
Frie inntekter i kroner per innbygger	39 771	41 641	48 799	53 368	54 536
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	21 789	33 903	37 223	53 957	..
Prioritering					
Netto driftsutg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar	14 938	23 737	96 813	105 369	113 875
Netto driftsutg. til grunnskulen (202, 214, 215, 222, 223), per innb. 6-15 år	89 765	87 133	90 459	100 530	102 827
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, kommunehelsetenesta	2 616	2 575	2 787	3 453	3 123
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, pleie- og omsorgstenesta	17 599	17 524	18 921	20 506	20 428
Netto driftsutg. til sosialtenesta per innbygger 20-66 år	1 817	1 660	2 101	2 240	2 381
Netto driftsutg. per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta	2 800	2 967	3 215	3 360	2 584
Netto driftsutg. til administrasjon og styring i kr. per innb.	3 574	3 835	4 351	5 139	5 427
Dekningsgrad					
Delen av barn 1-5 år med barnehageplass	92,9	94,6	92,7	94,4	93,1
Delen av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	4,3	4,1	2,8	3,2	4,4
Legeårsverk per 10 000 innbyggerar, kommunehelsetenesta	12,1	1,0	13	12,3	12,4
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggerar, kommunehelsetenesta	13,0	12,5	13,4	14,1	14
Delen av mottakarar av heimetenester over 67 år
Delen av plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	77,4	44,0	52	52	60
Delen av innbyggerar 80 år og over som bur på institusjon	10,0	4,4	5,1	3,6	2,6
Delen av sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggerar 20-66 år	3,0	3,1	3,3	3	3
Delen av barn med barnevernstiltak av innbyggerar 0-17 år	4,3	5,2	4,4	4,8	4
Lengde kommunale vegar og gater i km per 1 000 innbyggerar	20,0	20,0	4
Syssel-, gangvegar/turstiar m.m. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	144,0	4,0	4,0
Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggerar	31,0	37,0	37,0	36	35
Talet på årsverk i brann- og ulukkesvern per 1000 innbyggerar	0,3	0,4	0,4	0,4	0,4
Produktivitet/einingskostnader					
Kroner (brutto) per barn i kommunal barnehage	115 367	132 441	135 103	158 982	155 902
Kroner (brutto) til grunnskule, lokale og skuleskyss (202, 222, 223), per elev	89 918	89 271	90 885	97 879	103 029
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8.-10. årstrinn	15,2	15,0	16,1	15,0	12,3
Korrigerte brutto driftsutg. per mottakar av heimetenester (i kroner)	165 145	221 265	238 209	262 219	282 867
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, per kommunal plass	1 046 094	1 454 000	1 248 280	1 264 000	1 117 875
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret +1)	2 670	2 760	2 855	2 970	2 970
Årsgebyr for avløpstenesta (gjelder rapporteringsåret +1)	3 250	3 363	3 480	3 620	3 620
Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret +1)	2 378	2 462	2 462	2 560	2 560
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdagar)	17	18
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, vedtekne reg.planar (kalenderdagar)	124	..	217	92	58
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdagar)	60	70	70	..	0
Brutto driftsutgifter i kr per km kommunal veg og gate	64 675	72 491	90 570	93 974	78 202
Lovbruk					
Del av søknader om motorferdsel i utmark som er innvilga	100	..	100	100	100
Del av dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvatn som er innvilga	0

Driftsrekneskap 2013

Driftsinntekter	Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Brukarbetaling	10 007 046	9 875 000	9 875 000	9 724 473
Andre sals- og leigeinntekter	46 061 498	47 908 000	47 897 000	43 747 021
Overføringar med krav til motyting	60 597 378	45 023 000	44 894 000	69 717 158
Rammetilskot	189 117 502	192 500 000	192 500 000	188 886 656
Andre statlege overføringar	15 384 504	16 180 000	16 180 000	15 454 143
Andre overføringar	287 420	0	0	321 509
Skatt på inntekt og formue	121 562 387	118 713 000	118 713 000	114 026 853
Eigedomsskatt	13 271 367	12 600 000	12 600 000	12 731 150
Andre direkte og indirekte skattar	1 606 224	490 000	490 000	1 221 269
Sum driftsinntekter	457 895 326	443 289 000	443 149 000	455 830 232
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	241 063 346	232 955 000	228 310 000	235 939 551
Sosiale utgifter	56 354 072	57 543 000	56 221 000	52 662 064
Kjøp av varer/tenester som inngår i tenesteproduksjonen	83 158 850	81 088 000	80 270 000	78 718 362
Kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon	34 684 024	31 940 000	38 111 000	31 920 501
Overføringar	36 982 306	35 186 000	35 033 000	34 388 277
Avskrivningar	18 105 574	14 575 000	14 575 000	16 999 703
Fordelte utgifter	-16 135 693	-16 305 000	-16 292 000	-14 143 241
Sum driftsutgifter	454 212 480	436 982 000	436 228 000	436 485 218
Brutto driftsresultat	3 682 847	6 307 000	6 921 000	19 345 015
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	5 481 920	4 830 000	4 830 000	5 520 215
Gevinst på fin. instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	24 428	100 000	100 000	44 427
Sum eksterne finansinntekter	5 506 348	4 930 000	4 930 000	5 564 642
Finansutgifter				
Renteutgifter, prov. og andre finansutg.	9 642 113	9 676 000	9 676 000	8 922 266
Tap på fin. instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	10 596 719	10 217 000	10 217 000	9 393 041
Utlån	24 304	100 000	100 000	2 231 038
Sum eksterne finansutgifter	20 263 136	19 993 000	19 993 000	20 546 345
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-14 756 788	-15 063 000	-15 063 000	-14 981 703
Motpost avskrivningar	18 105 574	14 484 000	14 484 000	16 999 703
Netto driftsresultat	7 031 633	5 728 000	6 342 000	21 363 014
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	6 956 808	6 950 000	0	5 720 946
Bruk av disposisjonsfond	595 223	963 000	343 000	5 358 290
Bruk av bundne fond	3 060 855	779 000	223 000	1 721 232
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	10 612 887	8 692 000	566 000	12 800 468
Overført til investeringsrekneskapen	3 300 000	4 800 000	4 800 000	4 633 231
Dekn. tidl. års rekn.skapsm. meirforbruk	0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	8 240 235	7 749 000	479 000	7 135 846
Avsetningar til bundne fond	5 743 667	1 718 000	1 476 000	15 437 596
Avsetningar til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetningar	17 283 902	14 267 000	6 755 000	27 206 673
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	360 617	153 000	153 000	6 956 808

Investeringsrekneskap 2013

Inntekter	Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Sal av driftsmidler og fast eigedom	550 349,00	3 900 000,00	3 900 000,00	1 467 417
Andre salsinntekter	0,00	0,00	0,00	127 479
Overføringer med krav til motyting	841 452,75	0,00	0,00	653 520
Statlege overføringer	0,00	0,00	0,00	0
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0,00	0,00	0,00	12 991
Sum inntekter	1 391 801,75	3 900 000,00	3 900 000,00	2 261 407
Utgifter				
Lønnsutgifter	9 097,14	380 000,00	0,00	50 122
Sosiale utgifter	706,35	100 000,00	0,00	5 881
Kjøp av varer og ten. som inngår i ten.prod.	27 976 338,08	33 770 000,00	27 200 000,00	38 064 742
Kjøp av tenester som erstattar ten.prod.	351 107,84	6 250 000,00	6 000 000,00	699 079
Overføringer	4 116 094,30	0,00	0,00	7 722 052
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	0,00	0,00	0,00	1 410
Fordeelte utgifter	389 500,00	0,00	0,00	369 120
Sum utgifter	32 842 843,71	40 500 000,00	33 200 000,00	46 912 406
Finansstransaksjoner				
Avdragsutgifter	973 998,00	0,00	0,00	604 267
Utlån	4 626 345,00	4 000 000,00	4 000 000,00	4 653 500
Kjøp av aksjar og andelar	945 447,00	0,00	0,00	840 261
Dekning av tidlegare års udekka	0,00	0,00	0,00	0
Avsetningar til ubundne investeringsfond	550 349,00	0,00	0,00	1 204 079
Avsetningar til bundne fond	1 179 196,51	0,00	0,00	1 019 707
Avsetningar til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0
Sum finansieringstransaksjonar	8 275 335,51	4 000 000,00	4 000 000,00	8 321 814
Finansieringsbehov	39 726 377,47	40 600 000,00	33 300 000,00	52 972 813
Dekka slik:				
Bruk av lån	27 464 416,88	29 375 000,00	22 500 000,00	33 890 108
Mottekne avdrag på utlån	2 016 774,51	0,00	0,00	0
Sal av aksjar og andelar	0,00	0,00	0,00	1 223 974
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0,00	0,00	4 633 231
Overføringer frå driftsrekneskapen	3 300 000,00	4 800 000,00	4 800 000,00	0
Bruk av disposisjonsfond	425 000,00	425 000,00	0,00	1 444 500
Bruk av ubundne investeringsfond	5 687 356,66	6 000 000,00	6 000 000,00	4 670 000
Bruk av bundne fond	832 829,42	0,00	0,00	7 111 000
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0
Sum finansiering	39 726 377,47	40 600 000,00	33 300 000,00	52 972 813
Udekka/udisponert	0,00	0,00	0,00	0

Balansen 2013

Eigendelar	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013
Anleggsmidler	1 015 836 768	1 074 474 898
Av dette:		
Faste eiendomar og anlegg	315 874 183	355 813 439
Utstyr, maskiner og transportmidlar	19 292 320	20 562 378
Utlån	70 977 117	81 219 599
Aksjar og andelar	90 158 115	91 804 197
Pensjonsmidlar	439 858 210	525 075 285
Omløpsmidlar	156 301 730	150 457 148
Av dette:		
Kortsiktige fordringar	35 950 110	36 357 447
Premieavvik	24 783 985	24 404 727
Aksjar og andelar	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	95 567 635	89 694 974
Eigenkapital og gjeld	1 172 138 498	1 224 932 046
Eigenkapital	268 987 743	281 590 478
Av dette:		
Disposisjonsfond	13 097 492	32 278 782
Bundne driftsfond	37 784 515	28 506 050
Ubundne investeringsfond	9 822 806	4 285 799
Bundne investeringsfond	4 407 248	5 153 615
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK drift	4 747 345	4 747 345
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK investering	-6 960 972	-6 960 972
Rekneskapsmessig mindreforbruk	6 956 808	360 617
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
Udekka i investeringsrekneskapen	0	0
Kapitalkonto	199 132 500	213 219 243
Langsiktig gjeld	832 244 998	898 670 039
Av dette:		
Pensjonsplikter	510 438 157	561 933 915
Ihendehavarobligasjonslån	0	0
Andre lån	321 806 841	336 736 124
Kortsiktig gjeld	70 905 758	67 509 601
Av dette:		
Kassakredittlån	0	0
Anna kortsiktig gjeld	66 236 174	62 543 993
Premieavvik	4 669 584	4 965 607
Sum eigenkapital og gjeld	1 172 138 498	1 224 932 046
Memoriakonti		
Memoriakonto	15 545 077	42 045 077
Av dette:		
Ubrukte lånemidler	15 545 077	42 045 077
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto til memoriakontiane	-15 545 077	-42 045 077

Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representere Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut egne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2013/2014 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Ola Tarjei Kroken (Ap), med Leela Anita Kjørvik som vara. Dess-utan er Anders Ryssdal styreleiar (valt av representantskapet).

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Kristin Sandal (Sp), med Kjellrunn Hjeltnes (SD) som vara.

Stiftinga Frivillegsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Kari-Ann Flølo (H), med Jan Arve Søvde (SD) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljøverndepartementet): Gunnvor Sunde (SD), med Ola Tarjei Kroken (Ap) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljøverndepartementet): Ola Tarjei Kroken (Ap), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

Ålfotbreen landskapsvernområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljøverndepartementet): Ola Tarjei Kroken (Ap), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp), med Kristin Sandal (Sp) som vara.

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet (Bjarne Bø, Sp), med nestleiar (Hans Os, H) som vara.

SEKOM-sekretariatet

Kommunen sitt medlem i styret: Per Jarle Myklebust (Sp), med Ola Tarjei Kroken (Ap) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Kari Jordanger (Sp), med Roar Henden (H) som vara.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Olin Johanne Henden (H) sit i styret med Hege Lothe (SV) som vara .

Nordfjord Havnevesen IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren, med varaordføraren som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Anniken Rygg (H), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet: Hans Os (H), med Roar Henden (H) som vara - Sølvi Espeland Hope (Sp), med Vigdis Henden (V) som vara - Anders Ryssdal (Sp), med Anniken Rygg (H) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapet): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara. Hans Os er leiar i representantskapet.

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem til representantskapet i stiftinga: Dagfinn Nyhammer (H), med Hege Lothe (SV) som vara.

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Peder Lotnes Hauge (V), med Olaf Sigurd Gundersen (Sp) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sølvi Anne Espeland Hope (Sp), med Sjur Atle Austrheim (uavhengig) som vara. Det er Direktoratet for naturforvaltning som peikar ut nemnda.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Per Jarle Myklebust (Sp), med Kari Jordanger (Sp) som vara
- Kari-Ann Flølo (H), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

Nordfjordnett (IKT-driftssenter for Nordfjord)

Rådmannen sit etter vedtektene i styret for driftssenteret.

Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane

Ordførar Anders Ryssdal møter i arbeidsutvalet og i utvalet.

Det har ikkje vore endringar i 2013.

Årets prisvinnarar i 2013

Kulturprisen til Ingemar Sårheim



Frå utdelinga av kulturprisen for 2013 i kommunestyresalen til Ingemar Sårheim. Leiaren i kultur- og miljøutvalet, Kristin Sandal, tok seg av utdelinga. Foto: Jan Kåre Fure

Ingemar Sårheim fekk kommune sin kulturpris for 2013. Prisen vart utdelt på kommunestyremøtet den 16. desember.

- Årets kulturprisvinnar er eit typisk ja-menneske. Ingen ting er for stort eller for lite til at han stiller opp, sa leiar av kultur- og miljøutvalet Kristin Sandal om Ingemar Sårheim.

Særleg har Ingemar engasjert seg i idrettslaga i Breim, både når det gjeld Breimsstafetten, noregsmeisterskapa som breimningane har arrangert og Byrkjelo Games. For dette arbeidet har han fått både Breimsstafettmedaljen, æresmedlemskap i Breimbygda IL og friidrettsforbundet sin diplom for administrativt arbeid. I tillegg er Ingemar Sårheim ein av dei mest solide startarane i landet.

I dei seinare åra har han særleg arbeid for Stiftinga Norsk Countrytreff, og han var avgjerande for at denne festivalen kom i gang. Likeins er det mykje takka vere Ingemar Sårheim at countrytreffet har utvikla seg til å bli eitt av dei største kulturarrangementa i fylket, og at Norsk Countrytreff har blitt knutepunktfestival for countrymusikken.

Og dette er berre noko av Ingemar Sårheim sitt bidrag til trivsel, folkehelse og utvikling i kulturkommunen Gloppen.

Ungdomens kulturpris til Markus Bjørnereim

Ungdomens kulturpris for 2012 vart som vanleg utdelt under Ungdommens kulturmønstring (UKM) i

januar. I 2013 gjekk prisen til Markus Bjørnereim frå Byrkjelo. Her er ungdomsrådet si grunngeving:

Markus har dei siste åra vist eit stort engasjement som leiar for BLAN, eit rusfritt arrangement for dataglad ungdom både i og utanfor fylket. Eit sosialt arrangement for ungdomar som elles ofte får sine interesser tilsidesett til fordel for musikk og idrett. Til tross for mange skråblikk og negative meiningar frå deler av lokalbefolkninga har Markus vist ståpå-vilje og jobba for å få med eit best mogleg støtteapparat og kunne tilby eit best mogleg tilbod for desse ungdomane, noko som absolutt er beundringsverdig!

Til tross for at breimningen går andre året på vidaregåande i Sogndal har han i 2012 også teke på seg leiarrolla i Breim bygdeungdomslag. Eit lag som dei siste åra har hatt litt laber aktivitet. Men med Markus i spissen har det kome til eit nytt styre med friske ungdomar som er klar for å auke trivselen til ungdommen i bygda, gjennom mellom anna sosiale samankomstar som ulike festar, bingo, julegrantening mm.

Gjennom både BLAN og BBU (Breim bygdeungdomslag) har han med seg to flotte gjengar som også legg ned ein fantastisk innsats for bygda og ungdommen, men vi vil likevel trekke fram Markus som ein verdig vinnar av den komande ungdomens kulturpris. Denne prisen er ein fin måte å vise han kor viktig hans engasjement er og at dette kan inspirere han til å fortsette med det flotte arbeidet han gjer.



Markus Bjørnereim får Ungdomen sin kulturpris for 2012 av leiaren i ungdomsrådet Magnus André Moritsgård. Foto: Firda Tidend.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

vart ikkje delt ut i 2013.

Byggeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2013.

13/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen	05.06.2014	13/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 2-2014 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 2-2014 vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 GLOPPEN

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 28. mai 2014.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Oppfølgingsliste 2-2014 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker på førre møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppen kommune. 13.12.10 Vedtak kommunestyre sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektuert. 24.08.12 Brev Sjå sak 032/12
025/12 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune. Sjå sak 32/12	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann om orientering.
032/12 Orientering investeringsprosjekt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. <ul style="list-style-type: none"> • Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
013/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – forslag til endring av prosjekt.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vedtek å endre rekkefølje på forvaltningsrevisjonsprosjekt i forhold til «Plan for forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.» - Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune» blir utsett, og prosjekt «Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse» blir prioritert først. - Sekretariatet får i oppgåve å utforme tinging til neste møte i kontrollutvalet.

018/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunal eidegdomsmasse – Tinging.	22.08.13		Vedtak: Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunal eidegdomsmasse" vert godkjent med dei endringar som ligg i prosjektplan. Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord.
01/14 Godkjenning og sakliste	05.02.14		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent
02/14 Skriv og meldingar	05.02.14		Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til vitande.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Gloppen.	05.02.14		Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 23. april, 5. juni, 20. august og 26. november.
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen	05.02.14		Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent. Sak 003/14 i kommunestyret 24.3.2014..
05/14 Orientering om arbeidet med økonomireglement i Gloppen kommune.	05.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande.
06/14 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	05.02.14		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 06.01.14 til vitande.
07/14 Oppfølgingsliste 1-2014	05.02.14		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 vert teke til vitande.
08/14 Eventuelt	05.02.14		Vedtak: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

28.5.2014 arva

14/14 EVENTUELT

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gloppen	05.06.2014	14/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte, eller i eit seinare møte kan gjerast her.